

Årsmøte i Vestland Sosialistisk Venstreparti

Bergen 7. og 8. februar 2026

Vestlandshuset

Saksliste

- Sak 1: Konstituering
- Generaldebatt - Strategidiskusjon
- Sak 2: Fråsegner
- Sak 3: Årsmelding
- Sak 4: Rekneskap
- Sak 5: Arbeidsplan
- Sak 6: Budsjett
- Sak 7: Vedtekter
- Sak 8: Nemnd, mandat og prosess for valprogram 2027
- Sak 9: Nemnd, mandat og prosess for nominasjon 2027
- Sak 10: Val

Framlegg til forretningsorden

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV

a) Talerett, møterett m.m.

- Utsendingar frå lokallaga, fylkesstyret og Vestland SU har fulle rettar på årsmøtet (tale-, framleggs- og røysterett). Fylkesstyret har ikkje røysterett i saker som gjeld rekneskap.
- Laga får 1 utsending for kvar påbyrja 30 medlemmer. Det sentrale medlemsregisteret til SV den 31.12 året før fylkesårsmøtet vert lagt til grunn for utrekninga. Ingen lag kan likevel ha meir enn 40 % av det samla talet på moglege utsendingar frå lokallaga.
- Vestland Sosialistisk Ungdom kan møte med inntil 10 utsendingar med fulle rettar.
- Fylkesårsmøtet er elles ope for alle medlemmer i fylkespartiet. Fylkesårsmøtet kan i kvart enkelt høve tildele talerett.
- Utsendingar som forlét møtet må søkje om permisjon, ein søker permisjon gjennom møtesystemet eller via sekretariatet. Søknaden skal godkjennast av fylkesårsmøtet. Har ein vara må ein gje namnet på denne.

b) Framlegg og framleggsfristar

- Frist for framlegg til endring av vedtektene var 24. januar.
- Frist for innlevering av framlegg til fråsegner var 31. januar. Før fråsegnordskiftet blir det røysta over kva fråsegner fylkesårsmøtet ynskjer å handsame.
- Frist for å endringsframlegg til arbeidsplan, budsjett og fråsegner er når sakene er avslutta i salen.
- Frist for framlegg til val er når strek er satt i valdebatten.
- Alle framlegg på årsmøtet skal leverast i møtesystemet MyMeet.
- Framlegg i andre saker som til dømes forretningsorden og konstituering må fremjast i det saka er oppe til handsaming.
- For at ei ny sak skal kunne handsamast på fylkesårsmøtet må 2/3 av utsendingane vere samd i at den skal handsamast.

Sak 1: Konstituering

35 **c) Innlegg og taletid**

- 36 - Møtedeltakarane med talerett ber om innlegg via møtestystemet MyMeet.
- 37 - Taletida til innlegg er inntil 3 min. (1. innlegg) og 2 min. (2. innlegg). Det vert
- 38 også opna for ein replikk, og ein svarreplikk per innlegg, på maksimalt 1 minutt
- 39 kvar. Alle som ikkje har norsk som morsmål, har funksjonsvariasjonar eller
- 40 andre særskilde behov, kan be om 1 minutt ekstra.

41

42 **d) Røysting**

- 43 - Framlegg må ha simpelt fleirtal (fleire røyster for enn imot) for å vedta saka.
- 44 Når eit framlegg når meir enn simpelt fleirtal kan røystinga avslutte. Ordstyrar
- 45 vurderer om røysting kan skje fysisk eller via MyMeet. Andre røystereglar står i
- 46 vedtektene.
- 47 - Om det i personval blir likt røystetal skal det røystast ein gong til. Deretter vert
- 48 det loddrekking om det framleis er likt røystetal.
- 49 - Ved personval skal det vere hemmeleg røysting dersom ein av utsendingane /
- 50 dei røysteføre krev det.

Sak 1: Framlegg til dagsorden

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV

Laurdag 7. februar

10:00 **Registrering**

11:00 **Opning**

Velkomen til fylkesårsmøte, ved fylkesleiar Jarle Brattespe.

11:15 **Sak 1: Konstituering**

- Godkjenning av innkalling, dagsorden og forretningsorden.
 - Val av ordstyrarar, referentar, nemnder, teljekorps og protokollunderskrivarar.
-

11:30 **Formøte**

Herreformøte, kvinneformøte og alternativt formøte.

12:00 **Innleiing – Kva skal vere SV sin strategi framover?**

Ved Kirsti Bergstø, partileiar i SV.

12:30 **Lunsj**

13:00 **Generaldebatt – Kva skal vere SV sin strategi framover?**

14:30 *Pause*

14:45 **Sak 2: Fråsegner – Val av fråsegner til handsaming**

Presentasjon av fylkesstyret sin innstilling til kva fråsegner årsmøtet skal handsame, ved Vibeke Johnsen. Deretter debatt og vedtak.

Sak 1: Konstituering

15:00 **Sak 2: Fråsegner – Ordskifte om fråsegner**

16:15 *Pause*

Frist for endringsframlegg til Sak 2 kl. 16:30.

16:30 **Sak 3: Årsmelding**

Framlegging av årsmeldingar ved fylkesleiar Jarle Brattespe, og ved gruppeleiar Marianne Sæhle.

Sak 4: Rekneskap

Framlegging av rekneskap ved økonomiansvarleg Asle Olsen, og ved gruppeleiar Marianne Sæhle.

17:15 **Sak 5: Arbeidsplan**

Framlegg ved nestleiar Eva Mikkelsen.

Sak 6: Budsjett

Framlegg ved økonomiansvarleg Asle Olsen.

18:30 **Ferdig for dagen**

Frist for endringsframlegg til Sak 5 og Sak 6 kl. 18.30

19:30 **Middag på Villa Paradiso**

Øvre Ole Bulls plass 1

Programleiarar: Kai Øystein Søvde og Vibeke Johnsen

Edrupersonar:

Eva Mikkelsen, tlf. 41 76 37 08

Erle Liliane Wesenlund, tlf. 90 52 40 34

Sundag 8. februar

09:30 **Oppmøte**

10:00 **Redaksjonskomiteeane legg fram innstillingar**

Frist for å opprettehalde framlegg til votering i sak 2 fråsegner, sak 5 arbeidsplan og sak 6 budsjett kl 10.30

10:45 **Sak 7: Vedtekter**

Framlegg ved nestleiar Vibeke Johnsen. Deretter debatt.

11:15 **Sak 8: Nemnd, mandat og prosess for valprogram 2027**

Framlegg ved fylkesleiar Jarle Brattespe.

Sak 9: Nemnd, mandat og prosess for nominasjon 2027

Framlegg ved fylkesleiar Jarle Brattespe.

12:00 **Votering i Sak 5: Arbeidsplan**

Votering i Sak 6: Budsjett

12:30 **Lunsj**

Frist for endringsframlegg til Sak 8 og Sak 9 kl. 13:00.

13:00 **Sak 10: Val**

Framlegg til nytt fylkesstyre, revisorar og landsstyrerepresentantar med varaliste ved Steinar Øydvin i valnemnda.

Framlegg til ny valnemnd ved nestleiar Eva Mikkelsen.

13:30 *Pause*

Frist for endringsframlegg til Sak 10 kl. 13:45.

Sak 1: Konstituering

13:45 **Votering** i Sak 2: Fråsegner
Votering i Sak 7: Vedtekter
Votering i Sak 8: Nemnd, mandat og prosess for valprogram 2027
Votering i Sak 9: Nemnd, mandat og prosess for nominasjon 2027
Votering i Sak 10: Val
Med ei og anna pause innimellom.

15:45 **Avslutting og heving av møtet**
Tale ved nyvald leiar.

16:00 **Vel heim**
Det nye arbeidsutvalet og protokollskrivarane sit igjen

Heile sakslista:

- Sak 1: Konstituering
- Generaldebatt - Strategidiskusjon
- Sak 2: Fråsegner
- Sak 3: Årsmelding
- Sak 4: Rekneskap
- Sak 5: Arbeidsplan
- Sak 6: Budsjett
- Sak 7: Vedtekter
- Sak 8: Nemnd, mandat og prosess for valprogram 2027
- Sak 9: Nemnd, mandat og prosess for nominasjon 2027
- Sak 10: Val

Namn til roller og nemnder

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV

Ordstyrarar:

Hilde Hildal Hauglid

Hege Lothe

Steinar Øydvin

Tom Christian Axelsen (berre laurdag)

Protokollførarar:

Bente Nilsen

Audun Syltevik

Johanne Marie Strømseng

Redaksjonsnemnd for fråsegner:

Silje Nordtveit Olsen (leiar)

Alexander Papas

Håvard Skattum

Silje Dyrstad

Arie Vindi Steinset (SU)

Redaksjonsnemnd for organisatoriske saker:

Erle Liliane Wesenlund (leiar)

Arild Høyland

Jarle Brattespe

Ingrid Bjørkum

Karsten Remme (SU)

Sak 2: Fråsegner

Sak 2: Innstillingar til behandling av fråsegner

Framleggsstillar: Fylkesstyret

Fylkesstyret innstiller at årsmøtet behandlar fem fråsegner; F1, F3, F4, F7 og F8.

OBS! Ved en inkurie er fire fråsegner frå Bergen SV ikkje blitt handsama av styret og fått innstilling. Alle var fremja innan frist.

Fråsegn	Forslagsstillar	Innstilling	Sendast til	Merknad til innstillinga
F01 - Nei til rasistiske uttrykk på offentlige steder og skilting	Eva Mikkelsen, Ragnhild Freng Dale, Eira Garrido	Handsamast	Samepolitisk råd	
F02 - No må nynorskelevane få læremiddel og læringsressursar på eige språk	Hege Lothe, Alexander Papas	Handsamast ikkje	Fylkesstyret	
F03 - Stavanger2Trondheim – Gul stripe med farbare fylkesvegar	Alexander Papas, Hege Lothe, Kjartan Haugsnes, Marianne Sæhle	Handsamast	Stortingsgruppa	
F04 - Stopp sentraliseringa av helsetenester i Sogn og Nordfjord	Lærdal SV	Handsamast	Stortingsgruppa	
F05 - Bevar lærarnorma!	Sogndal SV	Handsamast ikkje		Kan delvis innarbeidast i F7. Forslagsstillarane oppmodast om å fremje forslag til F7
F06 - Vestland SV støttar vern av Sognefjorden	Sogndal SV	Handsamast ikkje	Fylkesstyret for handsaming	
F07 - Fråsegn om kommuneøkonomi	Sunnfjord SV	Handsamast	Stortingsgruppa	

Sak 2: Fråsegner

F08 - Fordøm USA sin krig mot Venezuela! Forsvar folkeretten!	Vaksdal, Stord, Kvinnherad og Bergen SV	Handsamast	Stortingsgruppa	
F09 - En økonomi for folk og planeten – innfør smultringmodellen nå!	Miljøpolitisk utval Vestland SV	Handsamast ikkje		Forslagsstillarane oppmodast til å arrangere eit ope møte om temaet.
F10 - SV vil ha grønne kommuner for å stanse naturkrisa	Miljøpolitisk utval Vestland SV	Handsamast ikkje		
F11 - Budsjettforhandlingene, klima og enhet på venstresida	Miljøpolitisk utval Vestland SV	Handsamast ikkje		
F12 - Energiproduksjon og strømbesparing i landet viktigste industrifylke	Miljøpolitisk utval Vestland SV	Handsamast ikkje		
F13 - Norge bør blokkere X (Twitter) og co	Bergen SV	Handsamast ikkje	Stortingsgruppa	
F14 - SV krever statlig digital suverenitet	Bergen SV	Handsamast ikkje		Delvis ivareteke i fråsegn vedteken av LS 17.01.26
F15 - Formuftig utbygging av E39 Stavanger - Bergen	Stord, Sveio og Tysnes SV	Handsamast ikkje		Kan delvis innarbeidast i F3. Forslagsstillarane oppmodast om å fremje forslag til F3
F16 – Organdonasjonar	Bergen SV	Utan innstilling		Send inn før frist, men ikkje kome med i styret si behandling
F17 – Norge må si opp baseavtalen med USA	Bergen SV	Utan innstilling		Send inn før frist, men ikkje kome med i styret si behandling

Sak 2: Fråsegner

F18 – Bevar studentenes rettssikkerhet	Bergen SV	Utan innstilling		Send inn før frist, men ikkje kome med i styret si behandling
F19 Et løft for boligpolitikken i Bergen	Bergen SV	Utan innstilling		Send inn før frist, men ikkje kome med i styret si behandling
F20 – Norsk statsborgarskap for ID-lause flyktingar etter 8 år	Nils Magne Blålid, Stord SV	Utan innstilling		Send inn før frist, men ikkje kome med i styret si behandling

F1 Nei til rasistiske uttrykk på offentlige steder og skilting

Framleggsstillarar: Eva Mikkelsen, Ragnhild Freng Dale, Eira Vilde Martinsen Garrido

Fornorskingspolitikken som politisk program rettet mot samer, kvener og skogfinner ble utviklet fra 1852 og fram mot 1900, hvor blant annet rasetenkning ble lagt til grunn. Stortinget etablerte i 1851 Finnefondet som egen post på statsbudsjettet for å finansiere ulike typer tiltak i skole og kirke; de samfunnssektorene fornorskingspolitikken særlig var rettet mot. Det politiske målet var et språkskifte til norsk og full assimilasjon av samer og kvener.

Begrepet "same" kommer fra betegnelsen samene bruker om seg selv på samiske språk. "Samer" er fellesbetegnelsen som benyttes i dag av gruppen selv, internasjonalt og av myndighetene i Norge. Allerede i 1921 vedtok det samiske landsmøtet i Trondheim/ Tråante å ta benevnelsen i bruk og ønsket en lovfesting. Bakgrunnen var blant annet at rasetenkning og negative holdninger til samer ble gjenspeilet i måten begrepet "lapp" ble brukt om samer: Samene ble ansett for å være av en laverestående rase.

Samer har lang erfaring med at egen historie har blitt definert og fortalt av andre. Dette gjenspeiler også opplevelsen av det skjeve maktforholdet mellom samer og majoritetssamfunnet gjennom historien, noe som er grundig dokumentert i sannhets- og forsoningskommisjonens rapport. I rapporten peker kommisjonen på at et kunnskapsløft om samer og om fornorskingshistorien er nødvendig, og at offentlig sektor har et særlig ansvar her

Lappeleiren er et stedsnavn i Bergen, oppgitt i Kartverket, hvor samer i 1897 ble stilt ut i regi av Bergen turistforening, og stedsnavnet har blitt igjen etter denne utstillingen. På posthustomten i Bergen, hvor kjøpesenteret Xhibition står i dag, ble en gruppe Røros-samer plassert i anledning landsutstillingen 1928.

Kunstner Katarina Dorothea Isaksen har nylig presentert Lydverket «Meacchehallan // Skogen forteller» ved Galleri 3.14, som forteller historien om Lappeleiren og samer som ble utstilt i Bergen. I arbeidet med utstillingen har kunstneren erfart det vanskelig å få informasjon fra Bergen kommune, blant annet om bruken av begrepet "lapp" som stedsnavn i "Lappeleiren". De har også oppgitt feilinformasjon, som at det var snakk om én familie som ble utstilt. Noe det ikke var, det var flere familier det var snakk om.

Sak 2: Fråsegner

40 Bystyrerepresentant i Bergen, Eira Vilde Martinsen Garrido (SV) fremmet et
41 representantforslag om saken i Bergen bystyret sitt møte 29.04.2025. I svaret til
42 representantforslaget sies dette:

43 “Når det gjelder forslaget punkt 4 om å se nærmere på bruken av rasistiske uttrykk
44 på offentlige skilt, særlig knyttet til «Lappeleiren», mener byrådet at man skal ha
45 svært høy terskel for å endre stedsnavn med historisk opprinnelse og som er
46 innarbeidet i lokalmiljøet. Sett med dagens øyne fremstår åpenbart navnet
47 «Lappeleiren» som upassende, men navnet har likevel en viktig historiefremidende
48 funksjon, og byrådet er derfor skeptisk til å endre navnet. Byrådet er imidlertid positiv
49 til å, som representanten foreslår, bidra med historisk kontekst, for eksempel gjennom
50 skilting.”

51

52 Vestland SV tar avstand fra bruken av rasistiske uttrykk på offentlige skilt.

53 Begrepet «lapp» er i dag for mange samer et skjellsord. I befolkningen generelt er det
54 dessverre lav grad av bevissthet rundt at "lapp" er en negativ betegnelse. At
55 «Lappeleiren» fortsatt er en offentlig betegnelse og plass kan derfor bidra til å
56 forsterke, eller i verste fall reproducere uvitenhet og negative holdninger.

57

58 Vestland SV mener Bergen har et ansvar for å rydde opp i offentlige stedsnavn og ta
59 nødvendige skritt for å anerkjenne samisk tilstedeværelse – historisk, kulturelt og
60 språklig. Dette innebærer å vurdere hvordan man best kan gi historisk kontekst og
61 bidra til opplyst formidling av samisk historie i Bergen.

62

63 Vestland SV ønsker å jobbe for at historien formidles, ikke usynliggjøres, gjennom å
64 engasjere det samiske miljøet i Bergen for å finne et passende navn å erstatte
65 “Lappeleiren” med.

F2: No må nynorskelevane få læremiddel og læringsressursar på eige språk!

Framleggsstillarar: Hege Lothe og Alexander Papas

Innstilling frå fylkestyret:

Vestland SV meiner det er på høg tid at Kunnskapsdepartementet kjem til Stortinget med eit skikkeleg lovframlegg om å tette smutthola i opplæringslova, slik at ein sikrar nynorskelevane læremiddel og læringsressursar på eige språk.

Våren 2023 vart ny opplæringslova handsama i Stortinget. Både Forleggerforeningen, Utdanningsforbundet, Elevorganisasjonen og Språkrådet, Noregs Mållag og Norsk Målungdom og 121 ordførarar frå heile Noreg, kravde at læringsressursar som er laga til bruk i opplæringa, burde få krav på seg til å kome i bokmåls- og nynorskversjon.

SV fremja forslag i Stortinget om å stille krav til at også læringsressursar utvikla til bruk i opplæringa skulle inn i lova, men stortingsfleirtalet sa nei til dette, og vedtok derimot: *«Stortinget ber regjeringen gjennomføre en kunnskapsinnhenting rundt omfanget av bruken av læringsstøttende ressurser i opplæringen som ikke foreligger på begge målformer, og komme tilbake til Stortinget med en vurdering av i hvilken grad dette påvirker særlig nynorsk-elevenes rett til opplæring på eget språk.»*

I juni 2025, to år etterpå, la Utdanningsdirektoratet ut [kunnskapsinnhentinga utført av NIFU](#) på sine nettsider, der også Vestland fylke er ein del av kunnskapsinnhentinga. Hovudfunna syner at berre 49 av 95 undersøkte læringsressursar hadde noko innhald på nynorsk. Det er stor variasjon i graden av nynorsk innhald i læringsressursane med nynorsk og det er i mange tilfelle vanskeleg å finne fram til det nynorske innhaldet. Det vert også slått fast at lærarane vektlegg fagleg innhald i læringsressursane, og dermed må nynorskelevar bruke læringsressursane som berre er på bokmål.

Lærarane i undersøkinga fortel til dømes at dei saknar noko så grunnleggjande som læringsressursar med reine grammatikkoppgåver i norskfaget i vidaregåande skule. Det blir også understreka at det er særleg viktig med fleire nynorske læringsressursar for nynorskelevar med norsk som andrespråk eller elevar med dysleksi.

Vestland SV meiner at nynorskelevane fortener ein skulekvardag der dei som nynorskbrukarar vert tekne vare på og sikrar dei dei same rettane som bokmålselevar, også i ein digital skule. Læringsressursar utvikla for bruk i opplæringa må difor få krav om å kome på bokmål og nynorsk til same tid og pris.

No bør nynorskelevane og lærarane deira sleppe å vente lenger! Dei fortener betre! Over eit halvt år etter kunnskapsinnhentinga var ferdig, er det på tide at Kunnskapsdepartementet konkluderer med og sender eit lovframlegg til Stortinget straks.

F3: Stavanger2Trondheim – Gul stripe med farbare fylkesvegar

Framleggstillarar: Alexander Papas, Hege Lothe, Kjartan Haugsnes og Marianne Sæhle

For eitt år sidan endra lobbyselskapet Hordfast AS namn til Stavanger2Bergen AS. Føremålet med selskapet er å arbeida for å realisera ferjefri E39 mellom Stavanger og Bergen. I juni 2025 vedtok fylkestinget, mot SV sine røyster, at Vestland fylkeskommune skulle bli medeigar i dette lobbyselskapet.

Hordfast er eit svært omstridd vegprosjekt og er ute av Nasjonal transportplan. Prosjektet vil føra til dei største naturinngrepa i Hordaland i moderne tid og er rekna å kosta over 50 milliardar kroner. Samstundes er det i direkte strid med klima- og naturmåla, og vil bidra til auka biltrafikken inn mot Bergen.

Derfor er det gledeleg at Naturvernforbundet Hordaland, Norges Miljøvernforbund, Lastebileierforbundet avdeling 5 og Fellesforbundet avdeling 11 Vestnorsk Transportarbeiderforening har danna nettverket *Stavanger2Trondheim – Gul stripe med farbare fylkesvegar*. Nettverket jobbar for betre framkome mellom fjordane på E39, meir midlar til rassikring og gul midtstripe på fylkesvegnettet, og for å sikra at trafikksystemet rundt Bergen ikkje bryt saman.

På E39 er det framleis 6–7 strekningar utan gul stripe og akseptabel standard, og etterslepet på fylkesvegnettet i Vestland er enormt. Skal me nå klima- og naturmåla og samstundes sikra eit berekraftig trafikksystem rundt fylkeshovudstaden, må samferdslemidlane prioriterast til trygge og gode vegar med gul midtstripe og betre kollektivtilbod, ikkje til spinndyre motorvegprosjekt og fjordkryssingar.

Vestland SV støttar derfor nettverket *Stavanger2Trondheim – Gul midtstripe med farbare fylkesvegar*.

SV vil:

- prioritera trygge bruksvegar med gul midtstripe i heile fylket.
- rusta opp E39 mellom fjordane framfor dyre fjordkryssingsprosjekt og naturøydeleggjande motorvegar.
- stansa alle planlagde motorvegprosjekt i Vestland
- ha kollektivfelt på alle firefeltsvegar i Vestland.
- ha ny tofeltstunnel bak Grimesvingane.

F4: Stopp sentraliseringa av helsetenester i Sogn og Nordfjord

Framleggsstillar: Lærdal SV

Vestland SV ber Stortinget sikra at nedbygginga av sjukehusa i Lærdal og på Nordfjordeid blir stoppa. Helse- og omsorgsministeren må nytta § 30 i helseføretakslova for å stoppa denne sentraliseringa, som er i strid med grunnleggjande politiske mål for helsetenesta i Noreg. Helseministeren lova at Lærdal sjukehus ikkje skulle byggjast ned, men utviklast, på eit folkemøte i Lærdal der 1500 møtte opp.

Sogneregionen er eitt av landets fremste turistmål, har levande landbruk og industri, og her er også verdas lengste biltunnel med svært stor gjennomgangstrafikk. Fjord og fjell gjer regionen ekstra utsett for konsekvensane av forverra klima, med rasfare, storm, flaum osv. Ei nedbygging av lokalsjukehuset her skaper stor utryggheit for alle innbyggjarar. I totalberedskapsåret må beredskapen utviklast, ikkje avviklast.

Sjukehus er ikkje berre helseinstitusjonar. Lokalsjukehus er også samfunnsinstitusjonar. Dei skal fungera som ankerarbeidsplassar for høgt utdanna arbeidskraft, rekrutteringsgrunnlag for fastlegar, stabiliserande faktor for lokalsamfunna, sentrale aktørar i beredskap og krisehandtering.

Når lokalsjukehus vert svekte eller mister funksjonar, får det konsekvensar langt utover helsefeltet. Det påverkar busetting, kommuneøkonomi, rekruttering til andre velferdstenester og regional utvikling. Sentralisering i helsesektoren fungerer dermed som ein indirekte motor for urban konsentrasjon, uavhengig av formell distriktspolitikk.

Vestland SV ber Stortinget sikra at nedbygginga blir stoppa og sjå til at det blir stilt midlar til rådvelde for å sikra dette.

F5: Bevar lærarnorma!

Framleggsstillar: Sogndal SV

Vestland SV stør kravet om at lærarnorma skal oppretthaldast som eit nasjonalt, lovfesta minstekrav til tal elevar for kvar lærar på skulenivå og ikkje på kommunenivå. Kravet skal framleis vera minimum 1 lærar pr 15 elevar på 1.-4. trinn, 1 lærar pr. 20 elevar på 5. - 7. trinn og 1 lærar pr. 20 elevar på 8. - 10. trinn.

Grunngjeving

Å oppheva minstenorma for lærartettleik vil skapa store forskjellar mellom rike og fattige kommunar, og dermed for moglegheitene for barn og unge i heile landet til å få lik rett til utdanning. Lærarnorma fungerer i dag som eit sikringsnett som gir eit minimumsnivå av kvalitet og ressursar over heile landet. SV er redd for at dersom minstenorma vert fjerna eller skal gjelda på kommunenivå, vil det bety at mange kommunar vil trenga færre lærarar enn i dag og med det svekka lærartettleiken slik den er i dag. Ved innføring av lærarnorma vart det tilsett 2500 fleire lærarar. Erfaringar frå skulekvardagen viser at når det ikkje finst bindande krav på skulenivå, blir lærartettleik raskt eit spørsmål om økonomi og prioriteringar – ikkje om elevane sine behov.

Ei lærarnorm på skulenivå er ikkje eit uttrykk for mistillit til kommunane, men eit nødvendig minimumsvern for kvalitet og likeverd. Den sikrar at ressursane kjem elevane til gode der dei går på skule, og hindrar store skilnader mellom skular – også innanfor same kommune. Utan ei slik norm vil dei mest sårbare elevane vera dei første som tapar.

Lokalt handlingsrom er viktig, men kan aldri brukast som argument for å svekkje barn og unge sine rettar. SV skal vere garantisten for at fellesskulen ikkje blir bygd ned gjennom stille kutt og utydelege styringsgrep.

F6: Vestland SV støttar vern av Sognefjorden

Framleggsstillar: Sogndal SV

Sognefjorden er verdas djupaste og lengste isfrie fjord. No er arbeidet i gang med å verne dette unike marine området.

Sognefjorden representerer eit av dei mest særeigne og mangfaldige undersjøiske naturområda vi har i landet. Sognefjorden er eit eineståande geologisk fenomen som verdas djupaste fjord. Frå fjordbotn og opp er det stadvis over to kilometer med fjellsider som reiser seg og som skapar eit særprega fjordmiljø. Det blir skapt særeigne fysiske vilkår og biologisk mangfald som følgje av den store djupna.

Sognefjorden er eitt av 36 område i landet som vart føreslege som kandidatar til marint vern i ein rapport heilt tilbake frå 2004. Kandidatområdet Sognefjorden er så stort at det utløyser behov for konsekvensutgreiing (KU). Regelverket om KU skal sikre ein open prosess, slik at alle partar og interessentar blir høyrte. Konsekvensutgreiinga vart levert i mai 2025.

Den geografiske avgrensinga av området strekk seg frå dei inste delane av Lustrafjorden og Årdalsfjorden i indre Sogn og ut mot Sognesjøen, og utgreiingsarealet er så langt 999 km². Verneforslaget skal i utgangspunktet bli avgrensa mot land ved to meters djupne ved middels låg vasstand eller til marebakken, der den kan påvisast.

Statsforvaltaren reknar med å kunne leggje fram eit verneframlegg til offentleg høyring i i nær framtid. Då vil det bli god tid for alle til å kunne seie si meining, og Vestland SV vil oppmode alle kommunar, akademia og lokale interessentar til å kome med synspunkt.

Vestland SV er positive til eit vern av Sognefjorden. Vernet må sikre at det biologiske mangfaldet i fjorden blir oppretthalde, til beste både for næringsliv/fiskeri og fritidsbruk. Vi vil følgje nøye med på det som kjem fram i høyringsrunden, og kva dei ulike interessentar meiner skal til for å få eit effektivt vern kombinert med nødvendig lokal utvikling og tilpassing.

Kjelde til faktaopplysningar: <https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/nye-verneomrade/marint-vern/sognefjorden-kandidatomrade-for-marint-vern/>

F7: Dårleg kommuneøkonomi

Framleggsstillar: Sunnfjord SV

Norge har eit godt utbygd tenestetilbod på barnehage, skule, pleie og omsorg og helse. Kommunane har hovudansvaret for å yte desse tenestene som er svært viktige for alle sine levekår.

På grunn av svært dårleg økonomi vert fleire og fleire kommunar sett under administrasjon av staten, gjennom det som vert kalla ROBEK-list (register for betinga godkjenning og kontroll ved Statsforvaltaren)

Mange kommunar har gjort vedtak om store kutt i heilt grunnleggande tenester som særleg går utover dei som har størst hjelpebehov.

Når mange kommunar slit kraftig er at gjelda er høg og renteauken som har vore over nokre har slått kraftig ut og utgiftene til renter og avdrag har gått opp. Korkje renteauken eller pris- og lønsauken er ikkje kompensert gjennom større overføringar frå staten.

Kommunane vart i nokre år redda av ekstra skatteinngang ,og fleire kommunar har ekstra kraftinntekter og inntekter frå Havbruksfondet. Difor er det også store skilnader i evna kommunane har til å løyse oppgåvene. Gjeldsnivået i kommunane er også ulikt.

Stortinget har gjennom fleire år gjort vedtak om reformer, normer for tal tilsette, kompetansekrav og øyremerking av midlar til særskilte oppgåver. Dette har kome, til for å få kommunane til å prioritere nokre tiltak og område. Det gjeld særleg innan barnehage, skule, helse og pleie og omsorg. Dette er ikkje feil i seg sjølv, men vedtaka og tiltaka er ikkje følgd opp med store nok rammer eller overføringar til kommunane.

Rammene for kommunane i statsbudsjettet for 2026 er langt frå store nok til at kommunane maktar å yte tenester med god kvalitet og som folk har grunn til å forvente ,og som Stortinget har gjort vedtak om.

Vestland SV krev at rammene til kommunane vert auka i samband med revidert statsbudsjett år for å hindre kutt og særleg dei mest usosiale.

Sak 2: Fråsegner

36

37 Kommunekommisjonen

38 Regjeringa har sett ned ein kommisjon som skal vurdere situasjonen for kommunane.
39 Kommisjonen har lagt fram sin fyrste rapport der konklusjonen ikkje er at staten må
40 auke rammene til kommunane, men at «Staten må gi kommunene større frihet til å
41 drive effektivt innanfor strammere økonomiske rammer og til å benytte knappe
42 personellressurser slik at de gir mer velferd per krone og per ansatt. Kommunene må
43 bruke handlefriheten til å drive godt omstillingsarbeid.»

44 Konkret foreslår kommisjonen å ta vekk lærarnorma, legge om øyremerkinga, og
45 redusere kompetansekrav i pleie og omsorg.

46 Med å gje kommunane større fridom, meiner kommisjonen at kommunane vil yte
47 betre tenester med mindre overføringar.

48 Dette er Vestland SV ueinig i. Vestland SV meiner at kommunane med mindre
49 rammer ikkje vil verte i stand til å halde oppe ein god kvalitet på tenestene. Med å ta
50 vekk lærarnorma vert det færre lærarar, og med senka kompetansekrav som også
51 kommisjonen foreslår, vil kvaliteten der verte redusert.

52 Vestland SV meiner at kommunane må sjå på korleis dei yter tenestene og drive eit
53 aktivt utviklingsarbeid for å sikre kvalitet og tilpasse til at det vert færre barn og unge i
54 forhold til tal eldre i samfunnet. Men det vil ikkje kommunane greie utan auke i
55 rammene dei fyrste åra.

56 Vestland SV er uroa for at redusert kvalitet vil gjere at dei som har råd til det, ordnar
57 seg med private tilbod, altså ei privatisering av det offentleg tenestetilbod.

F8: Fordøm USA sin krig mot Venezuela! Forsvar folkeretten!

Framleggsstillarar: Vaksdal SV, Stord SV, Kvinnherad SV og Bergen SV

Trump og USA sitt militære angrep på Venezuela og pågripinga av president Maduro er eit alvorleg og klårt brot på folkeretten. Det er ikkje ei folkerettsleg gråsone, ikkje eit politisk tolkingsspørsmål, og ikkje noko som kan møtast med vage formuleringar og diplomatisk tagnad.

USA har gjennomført eit militært åtak, fjernar leiinga og varsla overtaking av styringa i eit anna land. Dette er imperialisme og må fordømmast på det sterkaste. SV er svært kritiske til den påfallande og passive reaksjonen frå Noreg og fleire europeiske land. Å slå fast at intervensjonen ikkje er i tråd med folkeretten, er langt ifrå nok. Noreg har både ansvar og plikt til offentleg å fordømma handlinga.

Trump har gjort det klart kva som er motivasjonen; USA skal ha ein sterkare posisjon i regionen og kontroll over Venezuela sine naturressursar. Når nasjonaliseringa av den venezuelanske olja blir framstilt som tjuveri, er det eit direkte angrep på prinsippet om nasjonal suverenitet over naturressursane – eit prinsipp som også Noreg har bygd sin vasskraft- og oljepolitikk på. Trumpadministrasjonen må få klår melding om kva Noreg meiner om dette, også fordi overgrepet mot Venezuela er eit angrep på vår eigen suverene rett til å forvalta naturressursane våre.

SV fordømmer autoritære styre, politisk undertrykking og brot på menneskerettar, i Venezuela og andre stader der folkeretten blir sett til side. Men slike brot gjev ikkje stormakter rett til militær intervensjon, regimeskifte eller okkupasjon. Dersom dette blir normalisert, står folkeretten for fall.

Konsekvensane strekkjer seg utover Venezuela sine grenser. Noreg må saman med andre land direkte og gjennom FN, vera i fremste rekkje for å hindra ei utvikling der stormakter tek seg til rette overfor mindre statar. Ei slik framferd som Trumpadministrasjonen står for, vil skapa store konflikhtar, krigshandlingar og stor utryggleik, og vera eit stort trugsmål mot sivilisasjon og stabilitet.

Det verda treng mest av alt no er respekt for og etterleving av felles internasjonale rettsreglar som kan fremja fredeleg sameksistens og tryggleik.

SV krev derfor at:

- Noreg fordømmer USA sin militære intervensjon i Venezuela utan atterhald.
- Venezuela si framtid skal avgjerast av venezuelanarane sjølve gjennom ein fredeleg og demokratisk prosess.

Sak 2: Fråsegner

- 37 - Noreg og det internasjonale samfunnet krev at folkeretten og FN-charteret skal
38 vera dei absolutte grensene for maktbruk.

Dagens økonomiske system skaper økende ulikhet, økonomisk utrygghet og et stadig større press på natur og klima. SV vil ha et grunnleggende skifte: fra blind vekst til en økonomi som sikrer menneskers behov innenfor planetens tålegrenser.

SV krever:


- **Nye styringsmål:** Erstatt BNP som hovedmål med indikatorer basert på smultringmodellen – livskvalitet, naturgrunnlag, klima og biologisk mangfold.
- **Rettferdig omfordeling:** Reduser ulikhet gjennom økte skatter for de rikeste og en grønn folkebonus for lavinntektsgrupper.
- **Grønn omstilling innenfor naturens grenser:** Statsbudsjettene må følge strenge klima- og naturbudsjetter og prioritere sirkulære løsninger og bærekraftig industri.
- **Støtte til kommuner som vil bli «smultringbyer»:** Gi lokale myndigheter verktøy for å planlegge etter modellen.

Tiden for kortsiktig profittstyring er over. Vi må bygge en økonomi som tjener mennesker og natur – ikke motsatt.

Livskvalitet for alle innen planetens tålegrense

Her vi er

Dit vi skal



F10 SV vil ha grønne kommuner for å stanse naturkrisa

Framleggsstillar: Miljøpolitisk utval i Vestland SV

SV vil gjøre kommunene grønnere for å stanse naturkrisa, som allerede rammer Norge betydelig. Kommunene har en nøkkelrolle gjennom arealplanlegging, og fylkeskommunen skal bidra med samordning, kunnskap og verktøy. Nedbygging av natur og matjord må stoppes, i tråd med Naturavtalen.

SV vil kreve arealregnskap nasjonalt, fylkesvis og i alle kommuner, og rask kartlegging av 'grå arealer'. De vil styrke samarbeid, restaurere ødelagt natur og arbeide mot arealnøytralitet.

Naturavtalen krever vern av 30 % av naturen, og SV vil støtte eksisterende og nye verneplaner samt beskytte by- og tettstedsnære naturområder.

Vestland SV vil:

- Innføre felles opplegg for arealregnskap, og pålegge kommunene å levere arealregnskap.
- Prioritere 'grå arealer' og styrke kontroll av skogsnæringen.
- Ivareta villrein, villaks og andre truede arter.
- Lage kystsone- og marine arealplaner for å bevare naturverdier og sikre tilgang til strandsonen.
- Foreslå markagrenser, bynasjonalparker og grønne buffersoner rundt de store byene for å bevare naturverdier og opprettholde naturens verdi for folkehelsen.
- Foreslå nye verneområder for å nå en målsetning om minimum 30 % vern.
- Stoppe kommunale dispensasjoner i strandsonen (overføre ansvar til Statsforvalteren).

F11: Budsjettforhandlingene, klima og enhet på venstresida

Framleggsstillar: Miljøpolitisk utval i Vestland SV

Budsjettforhandlingene om årets statsbudsjett var krevende. Det er likevel en betydelig sier at alle partiene i den rødgrønne alliansen til slutt samlet seg om et felles budsjett. Våre forhandlere fortjener stor anerkjennelse for å ha sikret viktige gjennomslag.

Samtidig må vi være ærlige: Det endelige budsjettet gir mindre utslippskutt enn Arbeiderpartiets opprinnelige forslag. Vestland SV mener at resultatet kunne blitt bedre dersom SV, Rødt og MDG hadde stått tettere sammen om noen få, tydelige hovedkrav.

Hovedårsaken til svekkede klimakutt er Senterpartiets motstand mot økte drivstoffavgifter. Dette er alvorlig. Effektiv karbonprising er avgjørende — både i Norge og internasjonalt — for å fase ut fossil energi i tråd med klimamålene. Norge har mulighet til å bli et foregangsland gjennom rettferdige og treffsikre klimaavgifter. Både Rødt, MDG og SV støtter ulike modeller for Grønn folkebonus, og både Arbeiderpartiet og flere i Senterpartiet er åpne for ordningen. For at karbonprisingen skal virke etter hensikten, må folkebonusen være stor nok til at folk faktisk merker den. Da vil omstillingen bli både effektiv og sosialt rettferdig.

Det er utfordrende å vinne tydelig sakseierskap når spesielt SV og Rødt er enige på de fleste områder. Derfor mener vi at venstresida bør legge bedre til rette for politikkutvikling i fellesskap — særlig mellom SV og Rødt. På sikt kan et sterkere og mer samlet parti på venstresida utfordre både Arbeiderpartiet og Fremskrittspartiet i større spørsmål om retning og rettferdighet.

F12 Energiproduksjon og strømbesparing i landet viktigste industrifylke!

Framleggsstillar: Miljøpolitisk utval i Vestland SV

Vestland er Norges største industri- og kraftfylke og har dermed et særlig ansvar for en bærekraftig energipolitikk. Olje- og gassalderen er på vei ned, men letevirkksomheten fram mot 2030 vil likevel bruke 33 mrd. kroner og føre til fossilprosjekter langt etter 2050. Dette mener SV er en dårlig prioritering.

Vårt alternativ: utslippsfri teknologi og effektiv energibruk

Vi må følge våre naboland og satse på teknologi som reduserer forbruk og øker utslippsfri produksjon.

1. Redusert unødvendig kraftbruk

Kraften fra fjellene må brukes mer fornuftig – ikke på overdreven oppvarming av hytter, oppkjørsler eller ineffektiv datasenterdrift. Det er et tankekors at vannkraft brukes på oljeplattformer som selv produserer energi.

2. Store innsparinger i bygningsmassen

64 TWh strøm brukes årlig til oppvarming av bygg, men målet om 10 TWh innsparing er langt unna. Bedre isolasjon, ventilasjon, vannbåren varme, varmepumper og solceller er sentrale løsninger. Større bygg bør ta i bruk geotermos, og overskuddsvarme fra industri og datasentre må utnyttes. Også næringsbygg bør bli energiprodusenter med sol og små vindløsninger.

3. Kraftbehovet framover

Av Norges totale energibruk på 300 TWh er halvparten fossil. Å elektrifisere 150 TWh til transport, industri og næringsliv er en enorm jobb og vil kreve økt produksjon selv med store besparelser. Dagens kraftbalanse er god, men sårbar fordi ny produksjon går sakte.

4. Ny kraftproduksjon som må prioriteres

Vi trenger mer havvind – gjerne koblet til eksisterende olje- og gassfelt – mer solkraft, flere varmepumper og bedre bruk av tilgjengelige nærings- og industriområder. SMR-teknologi må følges, men er foreløpig ikke moden nok, spesielt knyttet til avfall.

5. Rettferdig strømstøtte og sterkere ENOVA-ordninger

Prisene vil trolig holde seg høye. Lik strømstøtte per innbygger vil gi bedre insentiver for store forbrukere til å investere i egen produksjon og besparing. Samtidig må ENOVA støtte langt mer – fra dagens 25 % til rundt 50 %.

F13: Norge bør blokkere X (Twitter) og co

Framleggsstillar: Bergen SV

Kort tid etter at Elon Musk overtar den sosiale plattformen Twitter blir selskapets «Trust and Safety Council» oppløst. Denne komiteen hadde som mål om å trygge mennesker mot vold og hat. [1]

Innen en måned etter at Trump overtar Det hvite hus for andre gang blir Metas (Facebook og Instagram) nye retningslinjer for innholdsmoderering publisert. Det som tidligere var ansett som hatretorikk som ville føre til utestegninger var nå lov. [2]

I dag brukes generativ kunstig intelligens (heretter KI) til å lage desinformasjon i en hyppighet som har aldri før har vært mulig. OpenAI lanserte programmet Sora. Etter dette begynte realistiske videoer av ekte personer som begår kriminalitet å spre seg. [3] Mot slutten av 2025 lanserte X (tidl. Twitter) en funksjon som gjorde det lettere for brukere å bruke KI til å redigere andres bilder. Dette ble umiddelbart brukt til å seksualisere kvinner og minderårige på plattformen. [4] Etter motreaksjonen ble bruken av funksjonen begrenset til betalende brukere. [5] Altså, kun betalende kunder kan fortsette å trakassere kvinner og mindreårige.

Det er viktig å huske at dette dukket ikke bare opp en dag. «Deepfakes» og bilderedigeringsverktøy eksisterte lenge før ChatGPT. Det som er nytt er hvor motiverte tekselskapene er i å tilby funksjonaliteten til brukere, og hvor lite de trenger å bry seg om konsekvensene. Så langt har de fleste KI-selskapene forsøkt å selvregulere ved å stanse instruksjoner som bryter med regler og etikk. Hva skjer hvis de slutter å regulere seg selv helt, slik X har tydeligvis gjort?

Vi må vise at sånn går det ikke an. Storbritannias statsminister har truet om å blokkere X. [6] [7] Vi bør ikke true og heller handle. SV vil at regjeringen samarbeider med andre europeiske land om å blokkere plattformer som ikke aktivt forhindrer trakassering og diskriminering mot medmennesker.

Vi må sikre at teknologiplattformer ikke opererer utenfor lovverket. Det bør revurderes om sosiale medieplattformer som X kan defineres som medier med et redaktøransvar. På samme måte bør KI-samtaleroboter som ChatGPT følge helselovgivningen (tidligere kvakksalverloven) når de gir brukere helseopplysninger eller terapi.

[1]: <https://www.reuters.com/technology/twitter-dissolves-trust-safety-council-2022-12-13/>

[2]: <https://www.amnesty.org/en/latest/news/2025/02/meta-new-policy-changes/>

Sak 2: Fråsegner

- 36 [3]: [https://www.tomshardware.com/tech-industry/artificial-intelligence/ai-generated-](https://www.tomshardware.com/tech-industry/artificial-intelligence/ai-generated-security-camera-feed-shows-sam-altman-getting-busted-stealing-gpus-from-target-ironic-video-shows-openai-ceo-saying-he-needs-it-for-sora-inferencing)
37 [security-camera-feed-shows-sam-altman-getting-busted-stealing-gpus-from-target-](https://www.tomshardware.com/tech-industry/artificial-intelligence/ai-generated-security-camera-feed-shows-sam-altman-getting-busted-stealing-gpus-from-target-ironic-video-shows-openai-ceo-saying-he-needs-it-for-sora-inferencing)
38 [ironic-video-shows-openai-ceo-saying-he-needs-it-for-sora-inferencing](https://www.tomshardware.com/tech-industry/artificial-intelligence/ai-generated-security-camera-feed-shows-sam-altman-getting-busted-stealing-gpus-from-target-ironic-video-shows-openai-ceo-saying-he-needs-it-for-sora-inferencing)
- 39 [4]: [https://www.reuters.com/legal/litigation/grok-says-safeguard-lapses-led-images-](https://www.reuters.com/legal/litigation/grok-says-safeguard-lapses-led-images-minors-minimal-clothing-x-2026-01-02/)
40 [minors-minimal-clothing-x-2026-01-02/](https://www.reuters.com/legal/litigation/grok-says-safeguard-lapses-led-images-minors-minimal-clothing-x-2026-01-02/)
- 41 [5]: [https://www.reuters.com/sustainability/boards-policy-regulation/musks-ai-bot-grok-](https://www.reuters.com/sustainability/boards-policy-regulation/musks-ai-bot-grok-limits-image-generation-x-paid-users-after-backlash-2026-01-09/)
42 [limits-image-generation-x-paid-users-after-backlash-2026-01-09/](https://www.reuters.com/sustainability/boards-policy-regulation/musks-ai-bot-grok-limits-image-generation-x-paid-users-after-backlash-2026-01-09/)
- 43 [6]: [https://www.independent.co.uk/news/uk/politics/x-ai-grok-keir-starmer-paying-](https://www.independent.co.uk/news/uk/politics/x-ai-grok-keir-starmer-paying-subscribers-b2897518.html)
44 [subscribers-b2897518.html](https://www.independent.co.uk/news/uk/politics/x-ai-grok-keir-starmer-paying-subscribers-b2897518.html)
- 45 [7]: [https://www.nrk.no/nyheter/britene-ber-musk-ta-grep-for-a-hindre-at-grok-lager-](https://www.nrk.no/nyheter/britene-ber-musk-ta-grep-for-a-hindre-at-grok-lager-seksualiserte-ki-bilder-1.17716084)
46 [seksualiserte-ki-bilder-1.17716084](https://www.nrk.no/nyheter/britene-ber-musk-ta-grep-for-a-hindre-at-grok-lager-seksualiserte-ki-bilder-1.17716084)

F14: SV krever statlig digital suverenitet

Framleggsstillar: Bergen SV

Norges økende avhengighet av multinasjonale tek-giganter er et sikkerhetsproblem for hele samfunnet. Problemene vokser år for år etter hvert som flere tjenester og samfunnskritisk infrastruktur digitaliseres. Om Norge skal bryte denne avhengigheten kreves digital suverenitet.

Idag behandler og lagrer det offentlige sensitive data på lokasjoner Norge ikke har kontroll over eller kan sikre full oversikt over. Å sikre digital suverenitet er viktig av flere grunner. For det første er det kun når informasjon om norske borgere er lagret på maskiner i Norge som staten selv har kontroll over, at vi kan være rimelig sikre på at den ikke kommer på avveie. For det andre stiller slik avhengighet Norge i en sårbar posisjon i møte med spesielt amerikanske tek-giganter og gjennom skiftende administrasjoner i USA. Det er med på å redusere mulighetene for selvstendige valg da det utgjør nok en avhengighet og sårbarhet. For det tredje vil det å bygge og drifte slike tjenester selv kunne virke kompetansefremmende. Det vil innebære mer IT-kompetanse i staten og i det norske samfunnet generelt.

De viktigste grepene vi foreslår for å øke statlig digital suverenitet er å opprette minst tre sikre datasentre for offentlige tjenester på norsk jord og en statlig organisasjon som har ansvar for utvikling og drift. Årsaken til at det foreslås å opprette tre datasentre er at dette utgjør et minimum av sikkerhetshensyn — om ett datasenter blir slått ut eller koblet fra de andre kan man med tre datasentre fortsette drift uten større problem. En statlig driftsorganisasjon må på plass for å kunne drifte, utvikle og administrere disse datasentrene.

Hva må gjøres:

- Maskiner og nettverksinfrastruktur som danner den statlige skyen må eies og driftes av staten.
- Det må opprettes en statlig driftsorganisasjon. En statlig sky må være under kontinuerlig utvikling og vedlikehold, og kan ikke baseres på en anbudsbasert modell. Dette utelukker ikke bruk av private leverandører for deler av infrastruktur eller utvikling.
- Opprette en IaaS (grunnmur) med minst tre fysisk sikre lokasjoner med feiltolerant nettverksinfrastruktur mellom alle fysiske lokasjoner.
- Basert på IaaS, opprette en plattformtjeneste (PaaS) for mellomvare.

Sak 2: Fråsegner

- Basert på PaaS og IaaS, opprette en lagringstjeneste som lagrer data på minst tre fysiske lokasjoner, tilgjengelig via allerede definerte og standardiserte grensesnitt.
- En autentiserings- og autoriseringsmekanisme som ikke er avhengig av globale skyaktører basert på allerede definerte og åpne standarder.
- Den statlige skyen baseres utelukkende på programvarekomponenter som er tilgjengelig som åpen kildekode.
- Mer eller mindre all programvare som kreves for å få til dette er allerede tilgjengelig som åpen kildekode. Derfor skal all utvikling og forbedring av programvarekomponenter som gjøres i driftsorganisasjonen (eller deres underleverandører) gjøres tilgjengelig for hele verden gjennom åpen kildekode.

Vedlegg:

A. Begrepsforklaring:

Definisjoner fra NSM:

IaaS: IaaS er en forkortelse for «Infrastructure as a Service» og er en modell hvor kunden får tilgang til infrastruktur bestående av virtuelle servere og virtuelle nettverk, hvor de kan utvikle og drifte egne IKT-løsninger. Kunden har kontroll over operativsystem, programvare og applikasjoner, men har ikke kontroll over underliggende fysisk maskinvare og underliggende programvare.

PaaS: PaaS er en forkortelse for "Platform as a Service" og er en modell hvor kunden får tilgang til en plattform, hvor kunden kan utvikle og drifte egne applikasjoner. Kunden har kontroll over applikasjonene, men har i utgangspunktet ikke kontroll over maskinvare, servere, nettverk, operativsystem eller annen programvare som inngår i plattformen. PaaS-tjenester vil for eksempel tilby en database-plattform eller en container-plattform.

SaaS: SaaS er en forkortelse for «Software as a Service» og er en modell hvor kunden benytter leverandørens applikasjoner via internett. Kunden har i utgangspunktet ikke kontroll over verken maskinvare, servere, nettverk, operativsystem, programvare eller applikasjoner. Eksempler er verktøy som Microsoft Office 365, flere Nextcloud-tjenester, norske arkivsystemtjenester, videokonferansesystemer som Zoom og fillagringstjenester som Dropbox og norske Jottacloud.

B. Bakgrunn og avgrensning

Sak 2: Fråsegner

I Hurdals-plattformen forpliktet regjeringen seg til å «Utrede opprettelsen av en statlig skyløsning for lagring av offentlige data som helsedata, finansdata og informasjon om innbyggere og infrastruktur.» Dette er blitt fulgt opp med to konseptvalgutredninger — blant disse en fra Nasjonal Sikkerhetsmyndighet. Men som er velkjent for de fleste utenfor regjering er ikke poenget å utrede, men å gjøre. Forslaget beskrevet over er i praksis en minimumsvariant av NSMs forslag om statlig sky. NSMs forslag ble anslått til å ha en kostnad på 6,5 milliarder. Det er derfor rimelig å anta at forslaget over vil ha en vesentlig lavere kostnad. Med minimumsvariant mener vi at forslaget over er et nødvendig minimum for å kunne gi datasuverenitet. NSM beskrev også mer maksimalistiske varianter som omhandlet også SaaS og leveranseavhengigheter for fysiske komponenter siden dette inngikk i departementets bestilling.

Denne uttalelsen beskriver en politikk for offentlig digital infrastruktur for Norge. Per i dag mangler den norske stat kontroll over egne data og mangler ressursene for å drive mange av egne tjenester på maskiner under norsk kontroll. Dette gjør Norge svært sårbart for andre aktørers interesser og skaper risiko for at informasjon om norske borgere kommer på avveie. Kort sagt: vi mangler digital suverenitet.

Denne uttalelsen handler kun om grunnleggende digital infrastruktur for staten. Det er bevisst at den ikke omtaler kommunal sektor – det må komme som neste steg. Infrastrukturen som er beskrevet her er den som er nødvendig for å sikre et minimum av nasjonal kontroll. Uttalelsen handler derfor ikke om de mange applikasjoner og kontorstøtteverktøy som brukes i offentlig forvaltning (f.eks. Office-pakken). Denne uttalelsen handler heller ikke om kunstig intelligens eller nye verktøy i forvaltningen. Det er altså ikke en uttalelse om hva man skal gjøre, men en uttalelse om hva man skal gjøre det på. Disse avgrensningene er viktige fordi den offentlige debatten ofte blir forvirret og forvansket ved at aktører med sterke egeninteresser (f.eks. IKT Norge og leverandører som ATEA) tilsynelatende bevisst kompliserer bildet. Det bør også være liten tvil om at vi kan gjøre dette — andre europeiske land har påbegynt liknende prosjekter, f.eks. Tyskland, og kompetansen for å bygge og drifte finnes allerede i Norge. For å unngå at det skal kunne sås tvil om evnen til å gjennomføre dette er forslaget bevisst et minimumsforslag.

Forslaget vårt opererer for det meste på IaaS-nivå, men med det tillegg at vi vil benytte denne kapasiteten til lagring, tilgang og behandling av data (som kanskje er den mest grunnleggende tjenesten på PaaS-nivå). Det er viktig å ha med seg dette da flere aktører har det med å snakke som om sky kun er noe som krysser alle disse ulike nivåene. Det er misvisende. IaaS, PaaS, og SaaS utgjør distinkte nivå av skytjenester. Om man på samme tid skulle erstatte alle skytjenester i den norske stat ville det naturlig nok vært en uoverkommelig oppgave — men det behøver man heller ikke gjøre.

F15: Fornuftig utbygging av E39 Stavanger-Bergen

Framleggsstillar: Sveio SV, Stord SV og Tysnes SV

SV-laga i Sunnhordland ser med stor uro på planane som er lagt fram for utbygging av E39 mellom Stavanger og Bergen. I februar 2026 presenterer Statens vegvesen kommunedelplanen Bokn-Bømlafjorden med påfølgjande høyring. Planen blir lagt ut som motorveg med fire felt og 110 km/t fartsgrense. Mange av delstrekningane er planlagde med to alternativ, nokre med eitt. Frå naturen, landbruket og lokalbefolkninga sitt synspunkt er det på alle delstrekningar nærast umoglege traseval som uansett vil ha svært store negative konsekvensar.

Me i SV vil vere ei konstruktiv stemme for meir fornuftige forslag. Statens vegvesen sitt «planleggingstog» går for fullt langs firefeltssporet, men SV ynskjer heller fullverdig utgreiing av 2/3-felts veg med 90 km/t fartsgrense og mest mogeleg gjenbruk av eksisterande trase. Me ynskjer utbetring der ein legg til eit tredje felt der omsyn til stigning og fornuftig tilrettelegging for forbikøyring er ynskjeleg for sikker trafikkavvikling og reduksjon av ferjekørar.

Me vil få ein vinn-vinn situasjon med ei rekkje fordelar:

- vegar med lågare fart kan tilpassast terrenget i større grad, og kan dermed ofte leggjast utanom dei mest verdifulle landbruks- og naturområda, samt at folk sine heimar kan bli sparte
- fleire av- og påkjøringar aukar den lokale nytteverdien
- mindre behov for massetransport vil føre til lågare CO2-utslepp under utbygginga
- 2/3 feltsveg kan verta så mykje som 50 % billigare, med resultat at ein kan ta seg råd til å gå i tunell på dei mest sårbare og trafikkerte områda, samt sikre naudsynt rassikring i utkantane og løysing på trafikkvanskar i byane

Prosjektet baserer seg på prognosar om sterk auke i trafikkmengda. Vegvesenet sine prognosar er rein framskriving av trafikkutviklinga til no og fram mot 2060. Dette er stikk i strid med samfunnsmålet om nullvekst i personbiltrafikken. Auke av fart til 110 km/t betyr og auka forbruk for både elektriske og fossile bilar. Ein kan ikkje halda fram som om natur- og klimakrisa ikkje eksisterer, og skal vegplanar vere konstruktive må dei reflektere dette.

SV inviterer til tverrpolitisk innsats for fornuftig bruk av samferdselsmidlane framfor mantraet om «å stå saman om å få dei breiaste og dyraste vegane til Vestlandet».

F16 Organdonasjoner

Forslagsstiller: Bergen SV

583 er tallet på antall mennesker i Norge som stod i kø for å få en organdonasjon. Dette er et tall hentet fra Stiftelsen Organdonasjon den 31. desember 2024. Samme år døde 16 mennesker i landet vårt mens de stod i kø for organdonasjoner. De siste ti årene har over 200 dødd mens de har stått på slike ventelister. Selv om ikke alle kunne blitt reddet, er bildet klart. Dødsfall som kunne blitt forhindret har skjedd fordi vi i Norge har hatt altfor få organdonorer. I dag er alle i utgangspunktet ikke registrert som organdonorer, og man må aktivt melde seg på for å kunne bli det. Løsningen på problemet er klart og SV burde stå i bresjen for dette. Norge burde innføre aktiv avmelding for organdonasjoner, slik at alle i landet vårt i utgangspunktet er organdonorer med mindre en aktivt velger å melde seg av.

Vestland SV vil:

- Innføre aktiv avmelding for organdonasjoner.

F17: Norge må si opp baseavtalen med USA

Forslagsstiller: Bergen SV

USAs vedvarende våpenleveranser til Israels krigføring mot palestinerne, krigen mot Venezuela og gjentatte trusler mot Grønland demonstrerer tydelig landets forakt for folkeretten. Den siste utviklingen må bidra til fornyet diskusjon om norsk sikkerhets- og alliansepolitikk. At USA bruker militær makt for å sikre egne økonomiske interesser rundt om i verden, er dessverre ikke noe nytt. Men når USA nå også truer suvereniteten til sine egne allierte, må det få konsekvenser for norsk sikkerhetspolitikk.

I 2021 inngikk Norge en tilleggsavtale om forsvarssamarbeid med USA, mot stemmene fra SV og Rødt. Avtalen åpner for stasjonering av amerikanske styrker og støttepersonell på militærbaser i Norge, i strid med den til da omforente basepolitikken om ikke å tillate stasjonering av utenlandske styrker på norsk jord i fredstid. Avtalen ble utvidet i 2024, og omfatter nå 12 baser i Norge, inkludert Haakonsvern orlogsstasjon i Bergen. I stortingsmeldingen om avtalen fra 2021, står det at amerikansk personell på basene kun skal forholde seg til norsk rett når det er «forenlig med USAs operative militære behov». I praksis gjelder da ikke lenger norsk lov på disse basene, og dette vil blant annet gjøre det vanskelig å håndheve Norge og Bergen som atomvåpenfri sone.

I en tid der stormaktsrivaliseringen og konfliktnivået øker, er det farlig for Norge å binde seg på denne måten til en stormakt som åpenbart ikke lenger kan betraktes som en sikkerhetsgaranti, men derimot stadig tydeligere fremstår som en fare for verdensfreden og sine allierte. Vestland SV ber derfor regjeringen om å ta nødvendige steg for å si opp tilleggsavtalen mellom Norge og USA om forsvarssamarbeid, sikre full nasjonal råderett på norsk jord og sikre Norge som atomvåpenfri sone.

F18 Bevar studentenes rettssikkerhet

Forslagsstiller: Bergen SV

I dag har vi en ordning der studenter får gratis advokatbistand dersom de ønsker å bestride utvisningsvedtak fra utdanningsinstitusjonene. Sakskostnadene dekkes av det offentlige, og gir derfor studentene en reell mulighet til å forsvare sine rettigheter.

I slutten av 2025 kom regjeringen med et forslag om å kutte i denne ordningen for å unngå urimelig ressursbruk. Den ønsker heller å innføre en maksprisordning der det offentlige bare dekker advokatutgifter opp til en viss grense. Det blir derfor størrelsen på studentens eller foreldrenes lommebok, som vil avgjøre om man kan få tilstrekkelig advokathjelp dersom det ikke kompenseres med andre ordninger.

For å unngå at den foreslåtte ordningen får uønskede konsekvenser, bør det derfor settes inn tiltak som kan fange opp dem som ikke har råd til å dekke advokatutgifter av egen lomme. Studentombudsordningen må styrkes for å kunne gi god juridisk bistand til studenter som trenger det. Ordningen må styrkes både med kapasitet og kompetanse. Videre må studenter som trenger advokatbistand, og ikke har mulighet til å bekoste dette selv, omfattes tydelig av ordningen for fri rettshjelp.

Vestland SV vil:

- Styrke studentombudsordningens kompetanse og kapasitet til å bistå studenter i utvisningssaker
- At ordningen for fri rettshjelp utvides for å inkludere studenter som trenger advokatbistand i utvisningssaker

F19: Et løft for boligpolitikken i Bergen

Forslagsstiller: Bergen SV

Boligpolitikk er fordelingspolitikk. Det handler om mer enn å eie egen bolig. Det handler først og fremst om muligheten til å ha et godt hjem, som FN definerer som en menneskerett. Det norske boligmarkedet blir stadig vanskeligere for dem som vil leie og dem som vil eie, og bidrar sterkt til å øke forskjellene i samfunnet. Med andre ord er det et behov for å ta politiske grep.

I Bergen ser vi nå konsekvensene av dagens boligpolitikk: økende leiepriser, større konkurranse om færre boliger og en eksplosjon i korttidsutleie. En stor utfordring er også at investorer kjøper opp boliger for å dele dem opp i hybler (hyblifisering), og her kommer vi selvsagt ikke utenom å nevne aktører som Airbnb etc. som kjøper opp boliger for å leie dem ut (først og fremst) til turister. Denne formen for næringsvirksomhet i boliger som burde være hjem for bergensere, mener vi er et godt eksempel på en boligpolitikk som må endres på. Dette driver prisene opp og gjør at unge og lavinntektsgrupper ikke får kjøpt bolig eller får et trygt sted å leie.

Problemene med boligmarked i Bergen skyldes ikke bare mangel på boliger, men et boligmarked som i økende grad styres av privat kapital, spekulasjon og kommersielle interesser. Når bolig behandles som et investeringsobjekt og ikke et grunnleggende velferdsgode, presses prisene opp raskere enn folks inntekter. Markedet alene evner ikke å sikre rimelige boliger av god kvalitet for alle. Derfor må det offentlige ta en langt mer aktiv rolle i boligpolitikken, styrke reguleringen av markedet og bygge opp en sterk offentlig- og tredje boligsektor, slik at boligpolitikken er til gode for folk, ikke til profitt for investorer.

For å være konkret: Eiendom Norges sykepleierindeks viser at en sykepleier i Bergen, som vil kjøpe bolig alene, kun har finansiering til å kjøpe 1 av 5 boliger, selv basert på en gjennomsnittsinntekt på 712 560 kroner. Enda grellere er det at LOs fagarbeiderindeks viser at en enslig fagarbeider bare har råd til én av 100 boliger. Parallelt har Bergen hatt blant landets høyeste boligprisvekst i både i 2024 og i 2025. Ved første kvartal i 2024 var økningen på 6%, mens i 2025 økte den til å bli 7,9%. Det er all grunn til å tro at denne utviklingen vil forverres dersom vi fortsetter som nå, med en boligsektor som i overveiende grad er basert på kommersielle aktører og med svak regulering av markedet. Bergen kommune bør gjøre formingsveiledere, arkitekturveiledere eller andre dokumentasjonskrav juridisk bindende å følge i reguleringsplaner eller byggesaker.

Kommunen må kunne lage egne reguleringsplaner for boligmarkedet i større grad enn i dag. Kommunen kan lage egne reguleringsplaner der det settes krav om prissetting av eieboliger og sikre at det frigjøres utleieboliger til en utleiepris som alle kan håndtere. Kommunen må også kunne sette krav til private utbyggere i reguleringsarbeidet om at en bestemt prosent av et nybygg skal selges til en bestemt makspris og inneholde utleieboliger som er regulert på pris. Videre mener vi at

Sak 2: Fråsegner

kommunen bør innføre den tredje boligsektoren. Med slike virkemidler kan vi skape en annen boligpolitikk. Fordi vi trenger en boligpolitikk med mål om å skape gode hjem, og for å dempe en utvikling der bolig først og fremst blir sett på som et investeringsobjekt.

Situasjonen i leiemarkedet er ikke bedre. Tall fra 2024 viser at det er 29 % som leier bolig i Bergen. Dette er alt fra familier, studenter, enslige, folk som har bodd her hele livet, og mennesker som er i ferd med å etablere seg i voksenlivet. Situasjonen for leietakere er blitt ytterligere forverret de siste årene ved at flere store leiegårder i Bergen har blitt solgt på måter som forhindrer muligheten til å benytte den kommunale forkjøpsretten og leietakers mulighet til å bli boende i sine hjem. Samtidig stod 4500 studenter i juli 2025 i studentboligkø, og ca. 400 personer venter på en kommunal bolig. Når folk med "vanlige" inntekter presses ut av byen er det på høy tid å ta politiske grep for å sikre et tilgjengelig og rettferdig boligtilbud i Bergen.

I en studie fra 2023 (Favilukis, Mabile og Van Nieuwerburgh) framkommer det at et økt innslag av regulerte utleieboliger gir betydelig velferdsgevinst, særlig for husholdninger med lav inntekt. I mange land er leiemarkedet sterkere regulert enn i Norge. Leiestabilisering (rent stabilization) kan brukes for å sikre at en andel boliger forblir rimelige over tid, og dermed også bidra til forutsigbarhet for leietakere.

Vestland SV mener at Bergen kommune må ta grep nå for å sikre en bærekraftig boligpolitikk for byen. Vi trenger en boligpolitikk som gir trygghet, mindre press i leiemarkedet, tilgjengelighet i den kommunale boligmassen og en politikk som gjør at flere kan komme inn på eiermarkedet.

Vestland SV vil at

- det skal utarbeides en boligpolitisk plan for Bergen kommune som tar for seg boligpolitikken på leiemarkedet og med sikte på å sikre regulering av rimelige boliger (boliger med høy kvalitet og som skal være tilgjengelige for alle).
- reguleringen av korttidsutleiemarkedet i Bergen styrkes og at det slås ned på bruk av korttidsutleie som reelt er hotellvirksomhet og næringsvirksomhet.
- Bergen kommune skal ha en plan for å bygge 1000 rimelige leiligheter i samarbeid med ideelle aktører og boligstiftelser.
- Bergen kommune skal ha flere «leie til eie»-prosjekter for boligsøkere.
- det skal innføres modeller for delt eierskap der kommunen kan stille som garantist og medeier for personer som kan betjene boliglån, men mangler egenkapital.
- det tas grep om hyblifisering i Bergen og boligkontoret styrkes slik at en kan slå ned på ulovligheter.
- Bergen kommune styrkes via Plan- og bygningsetaten med mål om å i større grad føre tilsyn med og slå ned på ulovlig utleievirksomhet, og andre ulovlighetssaker som berører boligmarkedet både innen leie og eie.
- det innføres boplikt i Bergen.
- det stilles krav til private utbyggere om også å bygge og selge et bestemt antall boliger til en fastsatt makspris.
- det stilles krav til store kommersielle utleieaktører om å leie ut et bestemt antall leiligheter til en fastsatt makspris.

Sak 2: Fråsegner

- 87 • styrke den kommunale forkjøpsretten slik at den omfatter flere boligtyper,
88 inkludert enkeltboliger, og redusere kravene til at leietakerne er i stand til å
89 overta eierskapet til boligene.
90 • styrke leietakeres rett til å bli boende når boligen de bor i blir solgt til en ny eier.
91 • Bergen kommune skal ta initiativ for å innføre forbud mot utenlandsk eierskap
92 av boliger.

93

Kildeoversikt

Leiemarkedsundersøkelsen

[https://www.ssb.no/priser-og-prisindekser/boligpriser-ogboligprisindekser/
statistikk/leiemarkedsundersokelsen](https://www.ssb.no/priser-og-prisindekser/boligpriser-ogboligprisindekser/statistikk/leiemarkedsundersokelsen)

Favilukis, J., Mabilie, P. & Van Nieuwerburgh, S. (2023).

“Affordable Housing and City Dynamics.” Review of Economic Studies, 90(1), 293–330.

[https://academic.oup.com/restud/article-
abstract/90/1/293/6581722?redirectedFrom=fulltext](https://academic.oup.com/restud/article-abstract/90/1/293/6581722?redirectedFrom=fulltext)

Eiendom Norge (2025).

Sykepleierindeksen 1. halvår 2025.

[https://eiendommnorge.no/getfile.php/1320095-
1754653147/Bilder/Nyheter/2025/sykepleierindeks-1halv25.pdf](https://eiendommnorge.no/getfile.php/1320095-1754653147/Bilder/Nyheter/2025/sykepleierindeks-1halv25.pdf)

Bergens Tidende (2024/2025).

“Utleiemarkedet er presset. Sean konkurrerte mot over hundre andre.”

[https://www.bt.no/nyheter/okonomi/i/AvmmOA/utleiemarkedet-er-under-press-
faerreboliger-](https://www.bt.no/nyheter/okonomi/i/AvmmOA/utleiemarkedet-er-under-press-faerreboliger-)

flere-leietakere

NRK: Leieprissjokk: Nesten 20.000 kroner i måneden for Oslo-leilighet (2025)

[https://www.nrk.no/norge/leieprissjokk_-nesten-20.000-kroner-i-maneden-for-oslo-
leilighet-](https://www.nrk.no/norge/leieprissjokk_-nesten-20.000-kroner-i-maneden-for-oslo-leilighet-)

1.17717532

F20 Norsk statsborgarskap for ID-lause flyktningar etter 8 år

Forslagsstillar: Nils Magne Blålid

I dag vert livet for menneske som har budd i Norge utan ID satt på vent. For nokon vert det sett på vent i 20 år og lengre. Det kan vere 20 år på mottak, på mottak til dei dør, som for Yemane Teferi, som døde på mottaket på Bømlo etter 25 år i Norge. Livskraftige menneske visnar bort. Det kostar ressursar for samfunnet at dei ikkje får utdanning og arbeid, og det bety sterkt redusert livskvalitet for dei det gjeld.

Dette må endrast.

Flyktningar utan ID som ikkje er returnerbare, skal få ID og norsk statsborgarskap etter maksimalt 8 år.

Dette er eit politisk spørsmål. Eit fleirtals-vedtak på Stortinget er det som skal til for at UDI og UNE gjere dei nødvendige vedtak, slik at ID-lause flyktningar får norsk statsborgarskap etter maksimalt 8 år, og kan byrje på livet.

Årsmelding Vestland SV 2025-26

Året oppsummert

2025 var eit år prega av valkamp og difor eit høgt aktivitetsnivå. Mange lokallag leverte eit imponerende omfang av valkampaktivitetar og for fyrste gong vart dørbank rulla ut i stor skala. Målt i tal aktivitetar var 25-valkampen ein av dei aller beste me har levert, likevel vart dessverre valresultatet langt dårlegare enn kva me håpa og trudde på byrjinga av året.

Ved starten av fjoråret var partiet i ein god strategisk posisjon, hadde rundt 10% på snittet av målingane og fleire målingar med to inne frå Hordaland. Som einaste budsjettpartner utanfor regjering, fekk me vist fram gjennomslaga våre og var interessante for media. Me fekk gjennom viktige lokale saker som Arna-Stanghelle og Griegakademiet slik at alt skulle liggje til rette for eit godt valresultat. Situasjonen vår endra seg dramatisk då Senterpartiet gjekk ut av regjering og sett i bakspeglene er det tydeleg at partiet ikkje klarte å tilpasse seg den nye røynda. Dette, saman med at partiet ikkje klarte å levere tydelege spisse valkampsaker, er truleg mellom hovudårsakene til valresultatet vart langt unna kva me såg føre oss ved starten av året.

Takka vere stor innsats frå tillitsvalde og tilsette, har laget levert på mange av måla som vart sett på sist fylkesårsmøte. Me hadde ein synleg og godt samsnakka delegasjon på landsmøtet, det har vore gjennomført to valkampar med svært høgt aktivitetsnivå, laget har sett opp ei lang rekkje skuleringar både i samband med valkampen og for tillitsvalde, dei politiske utvala har stått for mykje aktivitet og mange interessante møte og mykje meir som du kan lese om på dei neste sidene. Alt dette skal me vere godt nøgde med.

Samarbeidet i fylkesstyret og arbeidsutvalet er godt og me har opne diskusjonar i ein god tone. Oppmøtet er jamt over godt og medlemmane i styret har lagt ned ein stor innsats gjennom året.

2025 vart eit meir arbeidssamt og tidvis krevjande år enn kva det trong ha vore. For å spare lønnsutgifter og frigje meir midlar til valkamp, vedtok fylkesårsmøtet 2025 å ikkje hente inn vikar medan fylkessekretæren var i foreldrepermisjon. Dette var ei svært uheldig avgjerd som sette laget i ein krevjande posisjon og som dei av oss som var involverte må ta sjølvkritikk for og lærdom av. For få tilsette i ein svært travel periode med førebuing av landsmøtet og planlegging av valkampen, gav ei for uforsvarleg høg belastning for den tilsette og sentrale tillitsvalde. Det førte til at oppfølginga av fylkesårsmøtet tok lenger tid enn den burde, at det tok lenger tid enn ynskjeleg å stable på beina satsingar i arbeidsplanen og at førebuingane til

valkampen i Hordaland kom på etterskot. For å rette feilen, henta me inn ein vikar frå midten av mars og ut foreldrepermisjonen. Lønnsutgiftene til vikaren er ei av hovudårsakene til at me legg fram ein rekneskap med større underskot enn budsjettet.

Årsmeldinga du no les er på eit litt anna format enn kva du er van med. I staden for ei oppstilling av kva som er gjort det siste året, har me gått gjennom arbeidsplanen punkt for punkt og svara ut kva som er levert på kvart av måla. Slik håpar me at det vert lettare for årsmøtet å sjå korleis fylkeslaget har jobba med måla i planen og me håpar det er nyttig når de no skal revidere arbeidsplanen.

Måloppnåing og gjennomføring av arbeidsplanen

Sist fylkesårsmøte sette følgjande mål for Vestland SV:

1. Fleire og meir aktive medlemmar
2. Godt skulerte tillitsvalde, folkevalde og kandidatar
3. Eit solid og veldrive fylkeslag
4. Aktive utval som bidreg til politikktutvikling og medlemsaktivitet
5. Godt samarbeid med Sosialistisk Ungdom

Delmål: Meir aktive medlemmar

Målet var meir aktive medlemmar som veit kor viktige dei er for valkampen vår og at dei må oppmodast og støttast til å halde SV-fana høgt.

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
1	Alle medlemmar i fylkeslaget skal ringjast før valkampen og få informasjon om korleis dei kan bidra enten aktivt eller ved å flagge standpunkt.	Før sommaren 2025 og 2027	Lokallaga (gjennomføre ringing) og fylkesstyret.
2	Alle nye medlemmar skal verte kontakta for å ynskjast velkomen og inviterast på ein aktivitet.	Kontinuerleg	Lokallaga (gjennomføre ringing) og fylkesstyret

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
3	Alle nye medlemmar skal i løpet av det fyrste halve året bli inviterte med på medlemsaktivitet, som til dømes «Velkomen til SV»-møte. Dersom medlemmen kjem frå ein kommune utan SV-lag kan dei kopløst på eit nærliggande lokallag.	Kontinuerleg	Lokallaga og fylkesstyret (for medlem utan lokallag)
4	Lokallaga skal invitere medlemmar frå kringliggjande lag på medlemsaktivitetar	Kontinuerleg	Lokallaga

Status for desse tiltaka:

Fylkesstyret har kontakta alle lokallag med oppmoding om å organisere ringing av alle medlemmar før valkampen. For dei lokallaga som har hatt behov for bistand til dette, har dette vore følgd opp av Fylkesstyret.

Lokallaga vart samstundes oppmoda om å ha planlagd ein konkret aktivitet å invitere inn til, før dei gjennomførde ringerunde, og til “Velkomen til SV møte”.

Medlemmane i Fylkesstyret har hatt faste lokallag å følge opp innanfor felles geografiske område. Det har gitt høve til å fange opp og oppmode til kontakt mellom lokallag, der det har vore behov for og ynskje om det. Og kor det har vore invitert til arrangement på tvers av kommunane.

Delmål: Passere 2250 medlemmar innan utgangen av 2025

Målet var å passere 2250 medlemmar innan utgangen av 2025. Per 31.12.24 var det 2139 medlemmar i Vestland SV.

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
1	Vestland SV skal følgje opp nasjonale vervekampanjar	Når det kjem frå sentralt	Fylkesstyret, fylkessekretæren
2	Vestland SV skal lage eigne lokale tiltak for å verve medlem i heile Vestland.	Etter valet og i 2026	Fylkesstyret
3	Vestland SV skal vere til stades på viktige arrangement til organisasjonar og rørsler me har samanfallande interesser med. Utvala skal lage oversikt over prioriterte alliansar på sitt felt, og forslag til korleis fylkeslaget kan arbeide saman med desse.	Etter valet og i 2026	Utvala

Status for desse tiltaka:

Vestland SV hadde god medlemsvekst i valåret 2021, og ende året med 2206 medlemmar. I åra sidan har medlemstalet tendert nedover. Ved utgangen av 2024 hadde me 2139 medlemmar, og sjølv etter valåret 2025 har me hatt ein netto nedgang i medlemmar, til 2059 medlemmar. Alle fylkeslag i SV reduserte medlemstalet samanlikna med 2024, og nasjonalt gjekk me frå 16 240 medlemmar i 2024 til 15 688 i 2025.

Vestland SV har hatt som mål i arbeidsplanen å passere 2250 medlemmar innan utgangen av 2025. Det talet er ikkje nådd, og ei viktig oppgåve framover er å stabilisere og så auke medlemstalet.

Delmål: Fleire lokallag skal få høve til å senda to delegatar til årsmøtet

Målet for perioden var at minst 5 lokallag med færre enn 30 medlem skulle få meir enn 30 medlemmar.

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
1	Vestland SV skal hjelpe små lokallag med organisasjonsbygging. T.d. kursing av tillitsvalde og økonomisk bidrag til lokallag med få medlemmar.	I mellomvalår	Fylkesstyret
2	Vestland SV skal legge til rette for bruk av alle digital verktøy tilbyd av SV-sentralt for å styrkje aktiviteten i lokallaga.	Våren 2025	Fylkessekretæren

Status for desse tiltaka:

Fylkesstyret har følgd opp lokallaga på kontingent- og medlemsringing generelt, og spesielt for dei med høve til å jobbe for to delegatar til fylkesårsmøtet.

Fylkesstyret gjennomførte eit seminar i Florø den 28. september. Alle laga i ytre Sunn- og Nordfjord var inviterte, men berre Kinn deltok. Tema var å leie eit lokallag, aktivitetar i lokallaget, medlemsoppfølging, lokallaget og politikken. I tillegg vart det diskutert strategiar for vidareutviklinga av lokallaget.

Sentralleddet i partiet tilbydde kursing i zetkk.in som lokallaga vart oppmoda til å delta på.

Delmål: Meir mangfaldig representasjon i fylkeslaget

Målet var å nå ut til fleire minoritetar, og få dei til å bli medlemar og aktive i partiet. Me lyt nå ut til fleire unge vaksne, og fagorganiserte, spesielt i distriktslaga våre.

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
1	Fylkesstyret skal saman med utvala og lokallaga arbeide for å finne kandidatar med bakgrunn frå underrepresenterte grupper.	Årleg før års- og nominasjons-møta	Fylkesstyret, utvalsleiarane, lokallaga
2	Vestland SV skal vere til stades på viktige arrangement til organisasjonar og rørsler me har samanfallande interesser med. Fylkeslaget skal særleg prioritere arrangement som rettar seg mot minoritetar og andre grupper me ynskjer å tiltrekkje oss.	Kontinuerleg	Fylkesstyret, utvala

Status for desse tiltaka:

Vestland SV har ved inkluderingspolitisk utval delteke på møter arrangert med Islamsk Råd i Bergen, me har vore på minnemarkering for Tamima i Bergen, eit arrangement i regi av Oromo-forbundet i Bergen og markering av Eritreas uavhengigheitsdag i Bjørnafjorden.

Under valkampen var aktivistar i Bergen synlege med vårt budskap om Gaza og oljefondet hjå og utanfor muslimske forsamlingar. Der var me veldig velkomne, både med innlegg inne i lokalet og løpeseddelstand utanfor.

Inkluderingspolitisk utval hadde også valstand på Bergen Inkluderingscenter på Landås og gjorde eit godt arbeid med å snakke om vår politikk og valdeltaking generelt.

Mål: Godt skulerte tillitsvalde, folkevalde og kandidatar

Ei av prioriteringane til Vestland SV var å skulere tillitsvalde, folkevalde og kandidatar. Alle lokallagsleiarar og fylkesleiarar skal gjennomføra grunnskulering for tillitsvalde og få tilbod om vidare skulering med fokus på rolla som leiar og utvikling av SV som organisasjon. Skuleringstilbodet i Vestland SV skal vere systematisk og pågåande.

Status for desse tiltaka:

Fylkesstyret utarbeidde skuleringsplan for 2025 fram til årsmøtet 2026. Skuleringane for våren 2025 vart planlagd ut frå valkamp, og alle lokallaga i Fylkeslaget vart invitert til å delta digitalt.

Valkampskulering:

- 28.04 SV på 1-2-3 for nye medlemmar med Lars Haltbrekken
- 20.05 Sosialpolitikk (barnetrygd/barnehage/SFO/bustad/profittfri velferd) med Freddy Øvstegård
- 28.05 Sosialpolitikk (tannhelse) med Marian Hussein
- 04.06 Våre gjennomslag med Audun Herning og Steinar Nørstebø
- 11.06 Natur, klima og samferdsle med Jarle Brattespe
- 17.06 Sikkerheitspolitikk med Ingrid Fiskaa

Etter valet vart det lagt inn to regionale skuleringar med fysiske samlingar. Tema for desse skuleringane var å leie et lokallag, aktivitetar i lokallaget, medlemsoppfølging, lokallaget og politikken.

28.-29.09 i Florø og Førde

25.-26.10 på Norfjordeid, vart avlyst grunna få påmelde.

Det var og i skuleringsplanen lagt inn skulering med tema budsjettarbeid i kommunar med og utan finansutval.

Skulering for kasserarar i praktisk rekneskap og budsjett var gjennomført 26. november av Asle Olsen. I samband med dette vart det delt ut skuleringsopplegg og malar til arbeid med budsjett og rekneskap for lokallag.

Delmål: Godt skulerte tillitsvalde som er trygge i rolla si

Målet var at alle tillitsvalde i løpet av valperioden skal gjennomføra SV sin grunnskulering for tillitsvalde.

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
1	Fylkesstyret skal delta på årlege skuleringar, gjerne i samarbeid med sentralt	Årleg	AU
2	Vestland SV skal invitere alle lokallagsleiarar/bydelslagsleiarar/styremedlem til skulering ein gong i halvåret. Skuleringa kan vere digitalt eller med fysisk møte.	Frå 2026	Fylkesstyret

Status for desse tiltaka:

Fylkesstyret gjennomførte felles skulering på styresamlinga 1. og 2. mars. Folkevaldsansvarleg Jørgen Hammer Skogan bidrog til skuleringa. I tillegg har dei fleste i styret gjennomført partiet si e-læring om styret sitt ansvar.

Organisatorisk nestleiar Eva Mikkelsen har gjennomført digitalt kurs i styret sitt juridiske ansvar. Kvinnepolitisk leiar Erle Liliane Wesenlund har gjennomført formøteskulering med KPU sentralt og eit møte om styrearbeid i mars. Politisk nestleiar Vibeke Johnsen har gjennomført fleire kandidatsamlingar, strategisamling og styreskulering saman med fylkesstyret. Leiar Jarle Brattespe har delteke på samlingar og skulering i arbeidsleiing og arbeidsgjevansvar med partikontoret og dagleg leiar i SV, Eli Ulvestad. Den 6. mars var det eit digitalt arbeidsleiarkurs for fylkesleiarar og den 22. og 23. november var det ei fylkessamling i Oslo med mellom anna leiarkursing, erfaringsutveksling mellom fylkesleiarane og kursing om arbeidsleiarrolla og den nye arbeidsmiljølova.

Delmål: Godt skulerte folkevalde som deler erfaringar seg imellom

Målet var at folkevalde skal ha tilbod om oppfølging og erfaringsdeling gjennom fireårsperioden.

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
2	Vestland SV skal arrangere to folkevaldsamlingar (digitale og/eller fysiske) årleg.	Årleg	Fylkesstyret, folkevaldsansvarleg
3	Vestland SV skal arrangere digitale erfaringsmøte for eineståande folkevalde 2-4 gonger i halvåret.	Årleg	Fylkesstyret, folkevaldsansvarleg
4	Folkevalde som høyrer til ei minoritetsgruppe skal kontaktast av ein 'fadder' med erfaring som folkevald, som kan bistå og støtte ved høve.		

Status for desse tiltaka:

I 2025 vart det gjennomført eit digitalt møte for folkevalde i Vestland. Tema for møtet var budsjett. Det var ikkje gjennomført egne møter for eineståande folkevalde i løpet av 2025.

Det vart sett ned ei gruppe som arbeida med rutinar for oppfølging av folkevalde som høyrer til ei minoritetsgruppe. I løpet av dette arbeidet har det kome fram at me med omsyn til personvern ikkje har høve til å samla ein oversikt over personar som høyrer til ei minoritetsgruppe. Det vert difor arbeida med andre rutinar for å nå dette målet.

Mål: Eit solid og veldrive fylkeslag

Måla var å styrkje økonomien i laget, styrkje samarbeid og informasjonsutveksling mellom ulike organisasjonsledd og å arbeide meir effektivt og målretta.

Delmål: Styrkje økonomien i fylkeslaget

Målet var å styrkje økonomien, og økonomiarbeidet i fylkeslaget, styrkje lokallaga sitt økonomiarbeid og at lokallaga ikkje står aleine om økonomiarbeidet.

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
1	Informasjon om korleis ein vert givar via frivillig- kontingent ordninga skal være enkelt tilgjengeleg på Vestland SV og lokallagas nettsider.	Når ordninga for frivilligkontingent er klar	Fylkes-sekretær
2	Fylkeslaget skal følgje opp lokallaga sin praksis med partiskatt, og sørge for at partiet sine vedtektene følgast.	Kontinuerleg	Kasserar og fylkes-sekretæren
3	Kandidatane skal gjerast kjent med partiskatt før nominasjonsmøta.	Før nominasjons-møta	Valnemndene for fylkes- og lokalvala
4	Det skal utarbeidast skuleringsopplegg i økonomistyring og regnskapsføring for lokallag.	Våren 2025	Kasserar og fylkes-sekretæren

Status for desse tiltaka:

På grunn av det skuffande valresultatet mottek partiet sentralt lågare partistøtte og måtte redusere budsjettet med til saman 8 millionar. For å klare dette gjekk partikontoret gjennom ein nedbemanningsprosess. Fylka vart i stor grad skåna for nedskjæringar, men avtalen om sentral medfinansiering av organisasjonskonsulent-stillinga vart reforhandla slik at fylkeslaget no dekkjer ein litt større del av lønnskostnadene.

Partiet sentralt har etablert ei ordning for gåver via vipps, denne er synt til på Vestland SV sine nettsider. Dette har gitt ei solid auke i gåver og faste gjevarar, frå fyrste til andre halvår.

Fylkessekretæren har informert alle folkevalde i fylket om rutinar for partiskatt. Det har i 2025 ikkje vore prioritert å fylgje opp samtlege lokallag med tanke på partiskatt. Dette vil måtte løftast opp meir fram mot nominasjonsprosessane for lokalvalet i 2027.

Lokallaga har vorte invitert til to kurs i økonomiarbeid.

Delmål: Styrkje lokallag med få aktive medlem

Målet var å styrkje små lokallaga med få aktive medlemmar.

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
1	Fylkesstyret skal setje ned eit utval som skal finne eigna tiltak for å styrkje dei små lokallaga.	Etter valet	Fylkesstyret

Status for desse tiltaka:

Fylkesstyret sette ned eit utval som har bestått av desse medlemmane:

Eva Mikkelsen frå Fylkesstyret, leiar, Silje Nordtveit Olsen frå Fylkesstyret, Arild Høyland frå Sveio SV og Grete Berntzen frå Bremanger SV.

Utvalet sendte ut ei spørjeundersøking til lokallag med færre enn 60 medlemmar, altså 25 lokallag. 4 av desse laga svarte, og gav nyttige meldingar til utvalet.

Innspela som kom inn gjekk i hovudsak på desse forslaga:

- minimum ei fysisk samling i året
- samlingane bør leggje til rette for at ikkje berre leiar men og heile styret kan delta
- korleis leggje opp arbeidet i styret
- korleis aktivere medlemmar
- viktige saker for SV
- praktisk øvingskurs i å argumentere for SV sin politikk
- kommuneøkonomi
- distriktpolitikk
- korleis jobbe når ein er åleine i kommunestyret
- utvikle ressursbanken
- Fylkesstyret sin støttefunksjon

Innspela er tekne med i arbeidet med revidert arbeidsplan, og skal inn i Fylkesstyret sitt arbeid med operasjonalisering av arbeidsplanen som vert vedteken på Fylkesårsmøtet 2026.

Delmål: Godt samarbeid mellom fylket og lokallaga og lokallag imellom

Målet var eit godt samarbeid med lokallaga, og lokallaga seg imellom, god informasjonsflyten og at lokallaga deler gode døme og idear slik at me kan lære av kvarandre.

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
1	Arbeidsutvala i Vestland og Bergen SV skal ha to årlege møter for å snakke om saker som rører begge partar, til dømes å koordinere arbeid, drift og dei tilsette sine arbeidsforhold.	To gongar i året	AU
2	Fylkesstyret skal syte for å arbeide for samarbeid mellom geografisk nære lokallag, til dømes gjennom regionale samlingar og skuleringar. Tillitsvalde skal ha kontakt med og lære av kvarandre.	I mellomvalår	Fylkesstyret
3	Vestland SV skal fremje vellukka dømer frå arbeid i lokallaga som andre lokallag i fylket kan få inspirasjon frå. Lokallaga skal melde inn til fylkeslaget gode døme på gjennomførte arrangement, politiske gjennomslag og liknande.	Kontinuerleg	Fylkesstyret og lokallaga

Status for desse tiltaka:

Det vart helde eit felles AU-møte med Bergen SV den 18. november. Tema på møtet var arbeidsplanar, dørbank og programarbeid, økonomi, arbeidsgruppe for kontorlokale, tilslutning til arrangement og prosessen fram mot nytt prinsippprogram.

Fylkesstyret har delt lokallaga inn i følgjande regionar: Nordfjord, Sunnfjord og ytre Sogn, indre Sogn, Bergensområdet, Voss og Hardanger, og Sunnhordland. To styremedlem har fått i oppgåve å følgje opp lokallaga i kvar region og deler oppgåva med å ringje lokallaga. Lokallaga i regionane har vorte oppfordra til å samarbeide og til å invitere medlemmer frå kringliggjande lag på aktivitetar. Det har i tillegg vorte arrangert regionale skuleringar i Florø og Førde og var planlagt ei samling på Nordfjordeid som vart avlyst på grunn av få påmelde.

Det har ikkje vorte sendt inn døme på vellukka arrangement frå lokallaga og det har heller ikkje vorte særleg etterspurt.

Delmål: Nytte digitale verktøy til å jobbe smartare

Målet var at alle mellomstore lokallag skal nytte Zetk.in.

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
1	Fylkesstyret skal kontakte alle lokallag med 50 eller fleire medlem og oppmode dei til å nytte Zetk.in	Våren 2025	Fylkesstyret
2	Fylkeslaget skal leggje til rette for at så mange lokallag som mogleg skal ta i bruk Zetk.in og andre digitale verktøy SV sentralt tilbyr, til dømes ressursbanken.	Våren 2025	Fylkesstyret og fylkessekretæren
3	Organisasjonen skal skulerast i Zetk.in som er eit mobiliserings- og organiseringsverktøy kor ein kan organisere og melde seg på aktivitetar.	Våren 2025	Fylkesstyret, fylkessekretæren

Status for desse tiltaka:

Fylkeslaget har oppmoda lokallaga til å delta på kurs i zetkin og formidla informasjon om korleis ein melder seg på. Ein har i løpet av året ikkje prioritert å legge stort press på laga, men fyrst og fremst brukt gulrot. Per i dag er det for fylkeslaget kjent at zetkin er i bruk i stort eller mindre omfang i Bergen SV, Askøy SV, Øygarden SV, Sunnfjord SV og Sogndal SV. Det er altså eit stykke igjen til at alle store og mellomstore lag har teke i bruk verktøyet og metodikken.

Delmål: Arbeidsplanen skal vera eit arbeidsdokument for fylkesstyret som sikrar at dei gjennomfører det årsmøtet ynskjer

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
1	Fylkesstyret skal, kort tid etter fylkesårsmøtet, samlast for å operasjonalisere måla i planen. Fylkesstyret skal prioritere kva mål som skal gjennomførast fyrst og sist, tidfeste gjennomføringa av måla for året, konkretisere måla til handfaste oppgåver og fordele oppgåvene mellom medlemmane i styret.	Innan utgangen av mars 2025	AU (leggje rammer), fylkesstyret

Status for desse tiltaka:

Det nyvalde fylkesstyret hadde ei strategisamling helga 1. og 2. mars der arbeidsplanen vart gjennomgått og dei ulike tiltaka konkretisert og tidfesta. Tiltaka vart lagt inn i årshjulet, med oppfølging i AU- og Fylkesstyremøta, saman med skuleringsplanen.

Mål: Aktive utval som bidreg til politikkutvikling og medlemsaktivitet-

Målet var å ha kvinnepolitisk-, miljøpolitisk-, fagleg-, distriktpolitisk-, internasjonalt- og inkluderingspolitisk utval og å starte opp eit landbrukspolitisk nettverk. Det var også eit mål å ha ei breiast mogleg forankring i ulike miljø og i heile fylket og at utvala skal være mangfaldige og representere heile fylket.

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
1	Fylkesstyret set ned utvala og skal være delaktig i å rekruttere nye medlemmar.	Ikkje meir enn to månader etter årsmøtet	Fylkesstyret, AU, utvalsleiarane
2	Lokallaga skal hjelpe til med å leite etter gode kandidatar til utvala	Rett etter årsmøtet	Alle årsmøteutsendingane
3	SU skal inviterast til å melde inn kandidatar til utvala	Rett etter årsmøtet	AU og fylkessekretæren
4	Fylkesstyret skal i samråd med utvalsleiarane vedta mandat for og forventingar til kvart utval.	Ikkje meir enn to månader etter årsmøtet	Utvalsleiarane og fylkesstyret

5	Utvala skal bidra til politikktutvikling gjennom å levere innspel og fråsegner til fylkesstyret, fylkesårsmøtet, programarbeid og andre relevante prosessar i partiet.	Kontinuerleg	Utvalsleiarane
6	Utvala har ansvar for å halde kontakt med relevante rørsler innan utvalet sitt felt	Kontinuerleg	Utvalsleiarane
7	Utvala har ansvar for å markere relevante merkedagar og bidra til mobilisering før desse.	Kontinuerleg	Utvalsleiarane
8	Utvalsleiar skal oppdatere fylkesstyret på kvart fylkesstyremøte	Kontinuerleg	Utvalsleiarane
9	Politisk nestleiar skal ha oversikt over aktiviteten i utvala og skal hjelpe utvalsleiarane å utøve mandatet sitt.	Ved behov	Politisk nestleiar

Status for desse tiltaka:

Kvinnepolitisk, miljøpolitisk, fagleg, distriktspolitisk og inkluderingspolitisk utval vart sett ned på fylkesstyresamlinga 1. mars. Alle utsendingane til fylkesårsmøtet vart oppmoda om å hjelpe til med å leite etter gode kandidatar til utvala og lokallaga vart også oppmoda om dette per e-post, likevel kom det inn få forslag. Hadde det kome inn fleire forslag frå lokallaga, kunne utvala hatt ein breiare geografisk representasjon.

Me mangla leiarar til to av utvala, internasjonalt utval og funkisnettverket, og desse vart difor ikkje nedsett i mars. Pål Halle tok på seg å leie internasjonalt utval og utvalet vart sett ned av fylkesstyret 12. Juni. Me klarte dessverre ikkje å få i gang aktivitet i funkisnettverket. Det vart heller ikkje oppretta eit landbrukspolitisk nettverk i Vestland SV, men partiet sentralt har etablert eit nettverk.

Alle utvala diskuterte seg fram til mandat og forventningar for utvalet som vart vedteke av Fylkesstyret. Dette er utvalet sin arbeidsplan som syner kva utvalet ynskte å jobbe med det komande året utover oppgåvene som er gjeve av Vestland SV sin arbeidsplan. SU

Arbeidet i utvala vil verte følgd opp det neste året, med tanke på å støtte opp under opne aktivitetar for å få fleire aktive medlemmar og rekruttering av nye.

Kvinnepolitisk utval

Kvinnepolitisk utval har i år hatt 7 digitale møter og 1 fysisk møte i Bergen.

Me arrangerte eit arrangement om abortlova under kvinnefestivalen.

I dei digitale møta har me hatt besøk av CARE Norge og Maria Bonita Igland leiar av det nasjonale Kvinnepolitiske utvalet i SV.

På det fysiske møtet vårt fekk me besøk av Aldri Alene og Aleksander Papas, og hadde eit lærerikt og samlande møte.

I 2025 skulle utvalget:

- Halde seg oppdatert og informert på feministiske saker
- Fremje kvinnesaker i bygd og by
- Halde kontakt med utvalet sentralt
- Jobbe med fråsegner fram mot fylkesårsmøte

Utvalet har bestått av Erle Liliane Wesenlund (Ullensvang, leiar), Johanne Helene Strømseng (Bergen, nestleiar), Inger Johanne Bakke (Bergen), Eva Aarskog (Øygarden), Elin Hege Lona (Bergen), Sigrid Halvorsen (Askøy), Anna Kathrine Eltvik (Bergen) og Sidsel Lyster (Bergen)

Miljøpolitisk utvalg i 2025

Jamfør arbeidsplanen er fylgjande tiltak gjennomført:

Pkt. 1, 2,4 ok, pkt 3. gjennomførast på nytt. Pkt 5. Er utført, men kunne vore betre. Pkt 6. Kontakt med Naturvernforbundet heldt fram, samt kontakt med institusjonar og føretak innan miljøfeltet. Pkt 7. Verdens miljødag glippa me på men fekk til alternativ og pkt 8. og 9. er gjennomført.

Me har gjennomført tre *interne digitale* møter i utvalget. Eit møte i januar om fråsegner og drøftingar om aktivitet. Eit i mai om mandatet til utvalet og planlegging av vidare aktivitet, og eit evalueringsmøte i november om valkampen, statsbudsjettet og møta gjennomført tidlegare i året.

Utvalet har arrangert tre utadretta møter med både fysisk oppmøte og streaming, med litt ulikt oppmøte.

I februar; rovdyrseminar, juni hadde utvalet seminar om oppdrett og i november eit møte om sjeldne jordartar og fjorddeopi i Førdefjorden.

Utover dette har utvalet halde høgt aktivitetsnivå med deltaking i bedriftsbesøk, møter og konferansar og bidrege med innspel til høyringar og statsbudsjettforhandlingar.

I mandatet har MPU også ansvar for kontakt med miljørørsla. Jens deltek i Naturvernforbundet i Hordaland og rapporterer jamnleg til MPU fra desse møta.

Utvalet har bestått av Jens Revold (Bergen, leiar), Hallvard Birkeland (Bergen), Elena Dekhtyareva (Vaksdal), Ketil Christensen (Bergen), Einar Svendsen (Askøy), Ole

Marius Folkestad (Sogndal), Kerim Niancioglu (Bergen), Guttorm Fjose (Stord) og Eldrid Skudal (Sunnfjord)

Fagleg utvalg

Fagleg utval har i 2025 arbeida for å styrke Vestland SV sitt faglegpolitiske arbeid og vidareutvikle samarbeidet med fagforeiningane i fylket. Utvalet har gjennomført tre møter i laupet av året. Møta har vore prega av gode diskusjonar og engasjement, men utfordringar med å finne felles møtepunkt gjorde at utvalet ikkje fekk gjennomført det planlagte digitale nettverksmøtet med innleiar.

Utvalsleiaren har representert utvalet på viktige møteplassar i fagrørsla, blant anna på LOs regionkonferanse og LO Vestland sin faglegpolitiske konferanse.

Dette har bidrege til å halde god kontakt med fagrørsla og henta inn nyttige innspel til SV sitt politiske arbeid.

Eit viktig satsingsområde i 2025 har vore å styrke og formalisere samarbeidet med fagforeiningane. Utvalet har arbeida med eit forslag til samarbeidsavtale med Skolenes Landsforbund Vestland (SL), med mål om å etablere ein fast struktur for fagpolitisk dialog. Og følgd opp samarbeidet med Fagforbundet Vestland, der Vestland allereie har ein gjeldande samarbeidsavtale.

Utvalet har bestått av Knut Remi Heimvik (Bergen, leiar), Torstein Gya (Bergen), Karl Joachim Svendsen (Stord), Jorge Del Pino (Stord), Einar Wesenlund (Ullensvang), Gunnhild Helle (Bergen), Ellen Marie Blix (Bergen), Steinar Nørstebø (Bergen), Tord Kvale (Bergen), Ryhs Engevik (Bergen)

Inkluderingspolitisk utval

Det vart gjort nokre forsøk på å ta kontakt med personar med minoritetsbakgrunn som kunne vere aktuelle kandidatar, utan hell. Årsaker til at folk ikkje ynskja å stille var ulike, blandt anna lite tid, andre forpliktingar eller at dei ikkje ynskja politiske verv no. Derfor gav arbeidet ikkje konkrete resultat i 2025. Erfaringa viser at rekruttering av nye kandidatar krev meir tid, betre oppfølging og langsiktig arbeid.

Inkluderingspolitisk utval har samtidig delteke på fleire arrangement retta mot minoritetar og andre grupper partiet ynskjer å nå. Utvalet deltok blant anna på møte arrangert av Islamsk Råd i Bergen, minnemarkering for Tamima i Bergen, arrangement i regi av Oromo-forbundet i Bergen, markering av Eritreas uavhengigheitsdag i Bjørnafjorden og Pride-markering i Bjørnafjorden. I tillegg hadde Vestland SV valstand på Bergen inkluderingscenter, der me snakka med personar med minoritetsbakgrunn om politisk deltaking, demokrati og val.

Å vere tilstades her har gjort Vestland SV meir synleg og bidrege til dialog og kontakt med relevante miljø.

Utvalet har bestått av Milkissa Wodajo (Bjørnafjorden, leiar), Anders Listhaug (Bergen, nestleiar), Claire Folk Dracup (Bergen), Stig Ove Sæthre (Voss), Silje Heltne (Bergen), Camilla Grønning (Bergen), Toril Lussand (Bergen), Liv Endresen (Luster), Marit Tveito Askeland (Voss), Egil Kaberuka Nielsen (Bergen), Erna Sofie Jøsedal (Bergen), Yvonne Nshimirimana (Sogndal), Dag Lothe (Bømlo) og Oddvar Fosså (Bergen).

Distriktpolitisk utval

Det har vore avhalde 5 digitale møter i utvalet. Med dialog mellom, før og etter møta. Utvalet har jobba med fråsegner men har nok bite over for mykje i intensjonen og fråsegnene har ikkje gått utanfor utvalet.

Utvalet ha mål om at bør vere ei samling for Vestland SV det eine tema bør vere Distriktpolitikk. Utvalet jobbar og mot eit Distriktpolitisk Manifest som me ynskjer kan vere eit styringsdokument i åra som kjem.

I 2025 skulle utvalet:

- Sjå på moglegheita for å arrangere eit
- Halde løypande kommunikasjon i utvalet
- Ha formulert et x anfall forslag til fråsegner eller lesarinnlegg for toppkandidatane – alternativt prøve å få dette inn i lokale media/SoMe.

Utvalet har bestått av Kai Øystein Søvde (Luster, leiar), Steinar Sæther (Ullensvang), Trygve Solberg (Eidfjord), Bjørn Kåre Engseth (Eidfjord), Jan Per Styve (Bergen), Karen-Hilda Kloster (Kvinnherad), Nils Magne Blålid (Stord), Marit Tveito Askeland (Voss), Elisabeth Croles (Kvinnherad) Einar Skogseth (Bergen) og Siv Emdal (Stad).

Internasjonalt utval:

Utvalet har gjennomført to møter (av fire planlagte), der det fyrste var dedikert til å bli kjent og legge planar for året. Møte to vart brukt til å legge planar for eit opent møte om internasjonal skattepolitikk som skal arrangerast i mars 2026, samt utarbeide ei fråsegn om fredsforskning som vart oversendt fylkesstyret.

Utvalsmedlemmer har halde appellar på to arrangement i Bergen, knytta til Iran og Kurdistan.

Utvalet har bestått av Pål Halle (Bergen, leiar), Audun Syltevik (Bergen, nestleiar), Morten Heslein (Bergen), Tor Halvorsen (Bergen), Zohar Malamant (Bergen), Elias Gaassand (Bjørnafjorden), Liv Marit Longva (Bergen) og Knut Fjellheim (Askøy).

Mål: Godt samarbeid med Sosialistisk Ungdom

Delmål: Eit godt samarbeid med Sosialistisk Ungdom

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
1	Fylkesleiar skal to gongar i året invitere til samarbeidsmøte mellom leiinga i Vestland SV og Vestland SU. Dersom det er naudsynt blir det teke initiativ til fleire. Utover dette skal leiinga søkje å halde god kontakt og informere kvarandre.	To gongar i året	Fylkesleiaren
2	SU deltek på fylkesårsmøta med si eiga kvote og har også eigne representantar i ulike nemnder og i utvala. I tillegg vert Vestland SU inviterte til seminar og samlingar i Vestland SV. Dette er viktig for å bli kjent med kvarandre, dele erfaringar og å lære av kvarandre.	Ved høve	Fylkesstyret, SU
3	Gje SU-medlemmar i distrikta som t.d. ikkje har lag i kommunen sin høve til å velje å vera aktiv i sitt lokale SV-lag. Vestland SU skal informere lokallaga om SU-medlem utan SU-lokallag.	Kontinuerleg	Fylkesstyret Lokallag utan SU-lag Vestland SU
4	SU skal inviterast til å halde antirasistisk skulering.		
5	Invitere SU til å halde eit formøte.		

Status for desse tiltaka:

Det er gjennomført eitt AU+AU-møte med Vestland SV og Vestland SU. Berre fylkesleiar deltok frå SV, medan SU hadde ein breidare representasjon. Tema på møtet var stoda hjå SU, nytt kontor og deltaking i nemnder før og under fylkesårsmøtet.

Fylkesleiar i SU Andreas Liheim møter jamnleg på fylkesstyremøta og orienterer frå Vestland SU.

Me har ikkje klart å stable på beina ordninga med at SU-arar utan lokallag skal inviterast til aktivitet i SV-laget dei soknar til og me veit heller ikkje kor mange dette eventuelt gjeld.

Tiltaket med at SU skal halde eit formøte vart lagt vekk. SU sentralt har signalisert at ein ikkje tenkjer det er ei god løysing å halde formøte for SV og det er ikkje gitt at det er ei god løysing for oss heller å setje arbeidet med organisasjonskulturen vår ut til andre.

Delmål: Støtte Sosialistisk ungdom til å vinne skulevalet

Sosialistisk Ungdom skal få god støtte under skulevalkampen og saman skal me vinne han!

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
1	SU organiserer og gjennomfører skulevalkampen og ber om hjelp frå SV om det trengst.	I samband med skulevalkampen	Vestland SU
2	Fylkessekretær skal vere tilgjengeleg for å finne sjåførar og anna logistikkhjelp for å gjennomføre skulevalkampen.	I samband med skulevalkampen	Fylkessekretæren

Status for desse tiltaka:

SU leverte ein svært god skulevalkamp og deltok i debattar på så godt som alle dei vidaregåande skulane i fylket. I stor grad sto SU sjølv for planlegginga og logistikken rundt dei ulike debattane, men der SU spurde om bistand, fekk dei hjelp med transport og overnatting.

Året som var

Fylkesårsmøte

Fylkesårsmøtet 2025 vart helde på Vestlandshuset i Bergen, 8. og 9. februar 2025. 97 delegatar og 10 observatørar møtte på det meste.

Delegatane kom frå Alver SV, Askvoll SV, Askøy SV, Bergen SV, Bjørnafjorden SV, Eidfjord SV, Kvinnherad SV, Kinn SV, Lærdal SV, Osterøy SV, Sogndal SV, Solund SV, Stad SV, Stord SV, Sunnfjord SV, Sveio SV, Tysnes SV, Ullensvang SV, Ulvik SV, Vaksdal SV, Voss SV, Øygarden SV, Vestland SU og fylkesstyret.

Fylkesstyret

Fylkesstyret har hatt 11 styremøte i perioden 2025-26, og handsama 159 saker. Året starta med eit styreseminar over to dagar i Bergen. Fylkesstyret har hatt eit utvida styremøte 17. desember, der representantar frå lokallag og bydelslag vart invitert. Tema for det utvida møtet var strategiprosess i partiet, og årsmøtesesong i lokallaga.

Medlemmane i fylkesstyret har vore:

- Jarle Brattespe, fylkesleiar
- Vibeke Johnsen, politisk nestleiar
- Eva Mikkelsen, organisatorisk nestleiar
- Asle Olsen, økonomiansvarleg
- Jens Revold, miljøpolitisk ansvarleg
- Knut Remi Heimvik, fagleg ansvarleg
- Erle Liliane Wesenlund, kvinnepolitisk ansvarleg
- Kai Øystein Søvde, distriktspolitisk ansvarleg
- Silje Nordtveit Olsen, folkevaldansvarleg
- Mari Svartveit Hansen, styremedlem
- Milkissa Chimdessa Wodajo, styremedlem
- Bente Nilsen, styremedlem
- Marianne Sæhle, gruppeleiar i fylkestinget
- Marthe Hammer, stortingsrepresentant
- Andreas Liheim, representant for Vestland SU

Marthe Hammer møtte i fylkesstyret som gruppeleiar i fylkestinget fram til oktober. Etter dette haldt ho fram som stortingsrepresentant, medan Marianne Sæhle gjekk inn som ny representant frå fylkestingsgruppa. Ved einskilde høve har fylkestingsgruppa sendt andre representantar til fylkesstyremøte.

Arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet har hatt 19 AU-møte i perioden 2025-26. I tillegg har utvalet hatt eit møte med arbeidsutvalet i Bergen SV, og eit møte med leiinga i Vestland SU.

AU-møta nyttast for det meste til å førebu fylkesstyremøta, følgje opp aktuelle saker og vedtak frå fylkesårsmøtet eller i fylkesstyret. Samarbeidet i AU har vore godt.

Medlemmane i arbeidsutvalet har vore Jarle Brattespe, Vibeke Johnsen, Eva Mikkelsen og Asle Olsen. Aslak Owren har vore sekretær for Arbeidsutvalet.

Valnemnd

Valnemnda har bestått av Veronicka Ruud, Steinar Øydvin, Bente Nilssen Owren, Frøydis Olaussen og Gjermund Lygre Kongsvik. Vestland SU har også hatt ein plass i valnemnda, men ingen har deltatt på deira vegner. Veronicka Ruud gjekk ut av nemnda før arbeidet starta og Steinar Øydvin tok difor over som leiar.

Revisorar

Revisorane har vore Hege Bjørnør og Lasse Turøy, med Einar Gautefall som vara.

Folkevalde

Etter kommune- og fylkestingsvalet i september 2023 er SV representert i 30 kommunestyre i Vestland, ein meir enn førre periode. me har 69 kommunalt folkevalde og 5 representantar i fylkestinget, ein auke på 12 folkevalde samanlikna med førre valperiode. I 2024 meldte vår kommunestyrerepresentant i Bremanger seg ut av SV og me stod då utan kommunestyrerepresentant i Bremanger. I 2025 meldte ein kommunestyrerepresentant frå AP i Bremanger overgang til SV og me er no representert i 30 kommunestyre i 2025.

Stortingsvalet i 2025 førte til endringar i fylkestingsgruppa i Vestland då Marthe Hammer vart vald inn som stortingsrepresentant. Etter ny konstituering i oktober vart Marianne Sæhle vald som gruppeleiar, medlem i fylkesutvalet og medlem i hovudutval for næring. Vidare er Åsmund Berthelsen, leiar i Hovudutval for opplæring og kompetanse. Alexander Papas er fylkestingsmedlem og medlem i hovudutval for samferdsle. Hege Lothe er fylkestingsmedlem og medlem i hovudutval for opplæring og kompetanse. Ny frå 2025 er Symphorien Pombe som er medlem i fylkestinget og medlem i hovudutval for kultur, idrett og inkludering.

Våre heiltidsfolkevalde er: Marthe Hammer, stortingsrepresentant frå Hordaland valkrins. Marianne Sæhle gruppeleiar og medlem av fylkesutvalet i Vestland fylkesting. Åsmund Berthelsen, leiar i Hovudutval for opplæring og kompetanse Vestland fylkesting. Mikkel Grüner, gruppeleiar, nestleiar i Utval for barnehage, skole og idrett, og medlem i Forretningsutvalet i Bergen bystyre.

Andre folkevalde med større frikjøp eller verv: Diane Berbain, AU-medlem i Utval for helse og sosial i Bergen bystyre og Kjartan Haugsnes, varaordfører i Vaksdal.

10 av våre 70 folkevalde i kommunane sit som einaste representant for SV.

Nasjonale utval

Samepolitisk forum og råd

SV sitt samepolitisk forum er SV sitt nettverk for medlemmer i partiet som ynskjer å jobbe med samspolitiske saker. Forumet bidreg til SV sine folkevalde i samepolitiske spørsmål, og er ein verkstad for utvikling av SV sin samepolitikk. Annakvart år vert det arrangert samepolitisk konferanse. Alle kan delta, men det er berre medlemmer i samepolitisk forum som har røysterett. Samepolitisk konferanse er forumet sitt høgste organ, og gjer vedtak om kva samepolitisk kurs SV skal ha. Konferansen kjem med innstilling til medlemmer til SV sitt samepolitiske råd, som er styre for forumet.

Eva Mikkelsen og Ragnhild Freng Dale har vore varamedlemmer i Samepolitisk råd. Eva Mikkelsen vart gjennom suppleringsval 23.09 fast medlem.

Samepolitisk råd har organisert arbeidet med samepolitiske saker og spørsmål i valkampen. Hovudarbeidet i 2025 har likevel vore oppfølging av Sannhets- og forsoningskommisjonen sin rapport. Eit arbeid som vil fortsetje i 2026.

Bergen SV v/ Bystyrerepresentant Eira Vilde Martinsen Garrido hadde og eit representantforslag om Samiske stadnamn i Bergen i april 2025: Bergen kommune - Møter og sakskart politiske utvalg

Sentralt Miljøpolitisk utvalg

Det sentrale miljøpolitiske utvalet har to medlem frå Vestland, Ragnhild Freng Dale og Kerim Nisansouglu. Kerim, som sit i begge utvala, har orientert Vestland SV MPU om kva som rører seg i det sentrale utvalet.

Jens har som leiar delteke på to av tre møte i Sentralt MPU sitt nettverk for miljøkontaktar i fylka. Kontakten mellom MPU Vestland SV og sentralt MPU kunne vore betre!

Landsstyret

Landsstyret har hatt 9 møte i perioden. Det har vore ordinære møte 4. mars, 13. mars, 24. og 25. mai, 19. og 20. september, 21. og 22. november og 16. og 17.

januar. I tillegg var det ekstraordinære landsstyremøte 21. mai for å diskutere revidert nasjonalbudsjett og satsinga på gratis barnehage, 29. oktober for å diskutere oljefondet og Palestina og budsjettforhandlingane og 29. november for å diskutere brot i forhandlingane om statsbudsjettet.

Fylkesleiar Jarle Brattespe og politisk nestleiar Vibeke Johnsen er Vestland SV sine faste representantar i landsstyret og har møtt på dei fleste møta. Varalista i rangert rekkjefølgje er: Eva Mikkelsen, Kai Øystein Søvde, Milkissa Wodajo og Silje Nortveit Olsen. Milkissa Wodajo har møtt på to møte.

Fylkeslaget har også andre medlem som møter i landsstyret. Gina Barstad og Steinar Nørstebø som høvesvis fast representant og vara til sentralstyret møter fast i landsstyret. Mari Svartveit Hansen er vara for funkisnettverket og møtte i landsstyret 16. og 17. Januar. Hege Lothe er nestleiar i EU/EØS-utvalet, men har ikkje møtt i landsstyret denne perioden.

Tilsette

Fylkeslaget har to tilsette: Fylkessekretær Aslak Owren og organisasjonskonsulent Sigrid Sandal. Organisasjonskonsulenten deler sin arbeidstid likt mellom Vestland SV og Bergen SV. Begge er fast tilsett i full stilling, med SV sentralt som arbeidsgjevar og med lokale tillitsvalde som sine arbeidsleiarar. Dei jobbar på partikontoret i Bergen.

Dei tilsette er involvert i det meste som skjer i fylkeslaget, og har også oppgåver for fylkestingsgruppa. Gjennom året har dei delteke på fire samlingar for tilsette hjå SV sentralt.

Aslak Owren var i permisjon frå 25. november 2024 til 25. april 2025. I det same tidsrommet var Sigrid Sandal vikarierande fylkessekretær. Vestland SV hadde inne Andreas Madsen Berg som tilsett vikar 17.03.-25.04.

Lokallag

Vestland SV er fylkeslag for 30 lokallag. Talet har ikkje vore endra i 2025, men det har vore noko etterarbeid frå nedlegginga av 4 lokallag i 2024.

Fylkeslaget arrangerte eit lokallagsleiarforum 17. juni med valkamp som tema. Elles har valkampgruppene for Hordaland og for Sogn og Fjordane invitert lokallaga i dei to valkrinsane til kvar sine møte for å vedta lokale valløfte. Møtet for Hordalands-laga var 11. mai, og møtet for Sogn og Fjordane-laga var 27. mai.

Medlemstala fordelt på lokallag per 31.12.25 var slik:

Vestland SV	2059	Lærdal SV	21
Alver SV	39	Osterøy SV	17
Askvoll SV	16	Sogndal SV	103
Askøy SV	63	Solund SV	6
Bergen SV	1052	Stad SV	39
Bjørnafjorden SV	55	Stord SV	71
Bremanger SV	9	Sunnfjord SV	74
Bømlo SV	19	Sveio SV	23
Eidfjord SV	11	Tysnes SV	17
Fjaler SV	22	Ullensvang SV	28
Gloppen SV	31	Ulvik SV	13
Høyanger SV	14	Vaksdal SV	28
Kinn SV	45	Vik SV	13
Kvam SV	24	Voss SV	66
Kvinnherad SV	35	Øygarden SV	51
Luster SV	12	Utan lokallag	42

Digital kommunikasjon

Vestland SV har ei facebook side med 3800 følgjarar og ein instagram profil med over 1000 følgjarar, der det blir publisert jamnt ting kvar veke. I valkampen fleire innlegg om dagen. Begge kontoar deler innhald av og om fylkestingsgruppa, meningsinnhald frå folke- og tillitsvalde, kommunikasjon frå SV sentralt og innhald om merkedagar og jubilarar.

På Facebook har sida fått rett i underkant av 300 nye følgjarar og innhaldet vårt har 1.3 millionar visningar i laupet av året. I perioden kring valkampen (1. Juli – 1. oktober) hadde sida nærmare 900.000 av visningane.

Nettsidene vart brukt aktivt i valkampen som landingssider for annonser og qr kodar på klistremerker. Ellers har nettsidene ikkje vore utsett for større prosjekt. Nyheitsbrev funksjonen i zetkin har kome betre i bruk i laupet av året.

Valkamp

Det viktigaste og største prosjektet for Vestland SV i 2025 var utvilsamt valkampen i høve stortingsvalet. I Vestland inneber det valkamp i to valkrinsar, med eigne valkampgrupper og kandidatar i både Hordaland og i Sogn og Fjordane.

I Sogn og Fjordane var toppkandidaten Hege Lothe, med Alice Hestad Vie som andrekandidat. I Hordaland var Marthe Hammer fyrstekandidat, med Alexander Papas som andrekandidat.

I stortingsvalet gjekk SV att både nasjonalt, og i dei to valkrinsane i Vestland. Nedgangen var særleg merkbar i Hordaland valkrins, og i Bergen kommune.

Område	Prosent 2025	Prosent 2021	Endring 2021	Røyster 2025	Røyster 2021	Endring 2021
Nasjonalt	5,6 %	7,6 %	- 2,0 pp	181 192	228 063	- 46 871
Hordaland	5,8 %	8,9 %	- 3,1 pp	18 875	26 901	- 8 026
Sogn og Fjordane	4,3 %	6,0 %	- 1,7 pp	2 725	3 675	- 950
Bergen	7,4 %	11,4 %	- 4,0 pp	13 068	18 710	- 5 642

Valkampene i begge valkrinsar har hatt god aktivitet, og innsatsen frå kandidatar, tillitsvalde, folkevalde tilsette og medlemmer har vore enorm. Fylkesstyret har hatt ein omfattande evaluering av valkampen. Lokallaga har også hatt høve til å melde syn på valkampen, i eit heller omfattande spørreskjema. Det har kome mange nyttige meldingar der, og elles. Fylkesstyret tek med seg lærdommane derfrå i planlegginga av valkampen 2027.

Sett under eitt er dei netto valkampkostnadane 605 645. Brutto er talet 1 121 847. Det har vore god budsjettdisiplin i valkampgruppene, og meirforbruket er på berre 55 645,14.

Det kom til saman inn 516 201 i refusjonar, bidrag og liknande. Av dette er 185 000 kroner bidrag frå fagrørsla, 140 000 kroner søknadsbasert valkampstønad frå SV sentralt, 30 000 kroner støtte frå SVs organisasjonsfond og 161 201 kroner ulike refusjonar i Hordaland frå lokallag, partiet sentralt og andre.

Landsmøte

SV's 26. Ordinære landsmøte gjekk av stabelen 14. - 16. Mars på Youngstorget i Oslo. Frå Vestland SV reiste fylgjande delegatar og observatørar:

Ivar Stefansson, Marthe Hammer, Eva Mikkelsen, Eira Garrido, Mikkel Grüner, Alexander Papas, Salman Chaudhry, Ingrid Eggereide, Zohar Malamant, Frøydis Olaussen, Yvonne Nshimirimana, Gaute Losnegård, Mari Svartveit Hansen, Asle Olsen, Hilde Hauglid, Arild Iversen, Silje Nordtveit Olsen, Kjartan Haugsnes, Jona Kvale Svenbalrud, Ragnhild Freng Dale, Diane Berbain, Marita Nikolaisen, Craig Bøthun, Lasse Turøy Kai Øystein Søvde, Gabriel Steinsbekk

Årsmelding for 2025 frå fylkestingsgruppa til Vestland SV



Frå venstre: Symphorien Pombe, Marianne Sæhle, Marthe Hammer, Alexander Papas, Hege Lothe og Åsmund Berthelsen.

Sak 3: Årsmelding

Kort om 2025

Det har vore eit spesielt år i fylkestingsgruppa. Tre av fem medlemmer i gruppa var toppkandidatar ved stortingsvalet hausten 2025. Hege Lothe var fyrstekandidat i Sogn og Fjordane valkrins, medan Marthe Hammer og Alexander Papas var fyrste- og andrekandidatar i Hordaland. Marthe Hammer vart vald inn på Stortinget og gjekk ut av gruppa i oktober. Fyrste vara, Symphorien Pombe, vart difor fast medlem i fylkestinget frå oktober 2025. Han gjekk inn i kulturutvalet, eit politikkområde han kjenner godt, sidan han sat i kulturutvalet i heile førre fylkestingsperiode.

Då Marthe Hammer søkte om fritak frå oppgåvene sine i fylkestinget måtte fylkestingsgruppa konstituera seg på nytt. Åsmund Berthelsen hadde ønskje om å halda fram som leiar i hovudutvalet for opplæring og kompetanse. Dermed vart den tredje på fylkestingslista, Marianne Sæhle, vald av gruppa til å ta over vervet som gruppeleiar og medlem i fylkesutvalet.

Å ta over etter Marthe Hammer er ikkje ei enkel oppgåve. Ho har eit tiår bak seg som fylkespolitikar og seks år som gruppeleiar. Ho tek med seg mykje erfaring, kunnskap og ferdigheiter til Stortinget. Det er svært bra for partiet og for rikspolitikken, men det merkast òg at ho har gått ut av fylkestingsgruppa. Me vil nytta høvet til å takka Marthe Hammer for godt samarbeid gjennom fleire år, politisk teft og klokskap, og for ein utretteleg innsats for SV i fylkespolitikken. Marianne Sæhle har teke fatt på oppgåva som ny gruppeleiar med godt mot og vil finna sin eigen veg. For gruppa sin del har dette òg gjeve høve til å diskutera valperioden så langt og korleis me vil arbeida resten av perioden.

Politisk arbeid

I denne delen gjer fylkestingsgruppa greia for det politiske arbeidet som har gått føre seg i dei fire hovudutvala, fylkesutvalet og fylkestinget.

Hovudutval for opplæring og kompetanse

SV har både utvalsleiar og eitt medlem i hovudutvalet. Åsmund Berthelsen er leiar og kan i praksis driva politisk arbeid på fulltid. Marianne Sæhle var utvalsmedlem fram til og med fylkestinget i oktober 2025. Då kom Hege Lothe inn i utvalet.

Hovudutvalet har hatt 13 møte, av dei tre ekstramøte. I samband med møte har me vitja Knarvik vgs og Austrheim vgs i Nordhordland i fyrste halvår, og Fitjar vgs, Bømlo vgs og Stord vgs i andre halvår. Me har eit fast opplegg ved slike besøk, med innleiing frå områdeleiar. Deretter får me ei orientering frå rektor om utviklingsplan og særskilde satsingar, med påfølgjande dialog med leining, tillitsvalde og elevråd, før me får omvising på skulen. Gjennom desse besøka får utvalet godt innsyn i kva skulen arbeider med og korleis. Ei gledeleg endring er at elevane er meir med i møta med skulane og er meir aktive enn tidlegare. Det er svært positivt.

Sak 3: Årsmelding

I oktober var hovudutvalet for fyrste gong på studietur utanfor fylkesgrensene. Då gjekk turen til Drammen. Her hadde me møte med fylkespolitikarar og administrasjon frå Buskerud fylkeskommune. Me fekk ei orientering om korleis den private vidaregåande skulen, Akademiet, organiserer skuledagen og tenkinga bak dette. Dei tenkjer alternativt med timeplanoppsettet, og lærarane er i større grad rettleiarar enn undervisarar.

Me vitja den fylkeskommunale Åssiden vgs, der elevane med kring 3 eller lågare i snitt kjem inn, og mange har store utfordringar knytt til narkotika og vald. Det var svært interessant å få innsyn i korleis dei arbeider medvite og systematisk for å møte utfordringane. Me fekk òg orientering om PPT- og OT-tenesta, som arbeider under felles leing i Buskerud. Dette er noko SV meiner Vestland kan læra av.

Buskerud fylkeskommune har eit interessant opplegg med alternative læringsarenaer gjennom Ung Invest. Dette liknar på produksjonsskulane i Vestland, men med ein viktig skilnad: Her kan elevane sjølvle søkja. Dei møter eit praktisk opplegg med verkstader og undervisning, og læringsarbeidet følgjer læreplanmåla. Dei arbeider styrkebasert, slik Åsane vgs i Vestland har starta med. Buskerud har fem slike avdelingar. Me meiner at Vestland kan nytta denne måten i arbeidet med å utvikla produksjonsskulane.

Fleirtalspartia har fleirtal i opplæringsutvalet, og ein del møtetid vert brukt på å samordna og drøfta ulike standpunkt mellom partia. Det er eit godt samarbeid og ein god tone i fraksjonen, sjølv om det må lagast kompromiss for å få til semje frå sak til sak. Det er fylkesutvalet som gjev uttale på vegner av fylkeskommunen. Me meiner det er eit problemet er at forslag ofte kjem på høyring så seint at opplæringsutvalet ikkje får høve til å uttala seg før fylkesutvalet har møte.

Me har ikkje fått heilt sving på å få til faste fellesmøte i vår eigen fraksjon. Det må me få på plass i komande arbeidsår.

Åsmund Berthelsen leiar både fellesfraksjonen og utvalsmøta. Han markerer SV på ein god måte. Han er ein samlande og god leiar, set seg grundig inn i sakene som kjem til utvalet, og er tydeleg på at det skal vera grundige og kunnskapsbaserte prosessar.

Dei vidaregåande skulane i Vestland

Åsmund Berthelsen har vitja alle dei 41–42 vidaregåande skulane som Vestland fylke eig. Han opplever at møta der han møter skulane og kan diskutera meir uformelt over bordet, er dei mest nyttige. I desse møta med leing, tillitsvalde og elevar kjem det fram viktig informasjon og vurderingar. Han får kjenna på korleis det heile ser ut og vert opplevd «på golvet». Dei siste skulane han vitja i 2025 var Fyllingsdalen, Langhaugen, Os gymnas, Sandsli, Austevoll og Kvinnherad, i tillegg til møte med Voss gymnas og Voss vidaregåande skule.

Sak 3: Årsmelding

Åsmund har vore med på fleire utdelingar av fagbrev og sveinebrev som opplæringskontora arrangerer. Dette er ei viktig markering av yrkesfaga. Han har òg hatt samtalar med opplæringskontor om utfordringane dei står i, og korleis dei arbeider med å følgja opp lærlingane.

Ved årsskiftet var det 41 offentlege vidaregåande skular i Vestland, etter at Høyanger vgs vart ei avdeling under Førde vgs i 2025.

Os gymnas vert frå 1.8.2026 slått saman med Os vgs, administrativt og etter kvart fysisk. SV fremja forslag om å kalla den nye skulen Ulven, etter eit stadnamn i nærleiken. I fylkestinget fekk forslaget berre SV sine røyster. Begge skulane ønskte eit anna namn enn Os vgs, men det vart likevel resultatet.

Med grunnlag i eit punkt i vedtaket om heilskapleg tilbudsstruktur i fylkestinget utarbeidde fylkesdirektøren forslag til ytterlegare administrative samanslåingar av Fitjar og Stord, samt Sogndal og Årdal. Samanslåing av Voss gymnas og Voss vgs vart òg vurdert, men ikkje lagt fram som forslag. Åsmund Berthelsen brukte den formelle makta si til å ikkje setja saka på sakslista, då føresetnaden i fylkestingsvedtaket var at det først skulle gjennomførast ei evaluering av dei vedtekne samanslåingane før ein vurderte fleire. Ei slik evaluering kan fyrst skje etter at Os gymnas og Os vgs er samanslått 1. august 2026. Å ikkje setja saka på sakslista var avklara med fylkesordføraren, som heller ikkje la saka fram for fylkestinget.

Ut frå det me ser no, er det vanskeleg å sjå føre seg ei administrativ samanslåing utan at det òg skjer ei fysisk samanslåing. Det bør vera mogleg å henta ut eventuelle innsparingar på andre måtar.

Nettskulen i Vestland

Nettskulen er eit supplement til, og skal utfylla, fagtilbodet ved dei vidaregåande skulane og i vaksenopplæringa. Han vart oppretta som eit tiltak for fleksibel opplæring og auka fullføring i 2022. Opplæringa skjer i digitale klasserom med nettbasert læring for både unge og vaksne. Skulen er organisert meir desentralisert, og dei vidaregåande skulane leverer opplæring i fleire fag. Nettskulen skal vera eit supplement og fylla ut der skulane ikkje har tilbod i dei faga elevane ønskjer.

Vaksenopplæring

Om ein er over 19 år og ikkje har fullført vidaregåande opplæring tidlegare, har ein rett til å gå vidare i vanleg vidaregåande skule fram til det året ein fyller 24 år, eller ta vaksenopplæring. Vaksenopplæringa er no modulbasert og ikkje alltid lett å kombinera med klassar eller program i vanleg vidaregåande skule. Gjennom vaksenopplæringa kan vaksne ta fagbrev innan fleire fagområde. Skulane samarbeider med verksemdar innan fagområda og gjer avtalar om ulike læreplassar.

Det er tilbod om vaksenopplæring ved om lag halvparten av skulane i Vestland. Opplæringsutvalet har lite med denne delen av verksemda å gjera, korkje når det gjeld utlysing eller inntak, men utvalet vert orientert.

Sak 3: Årsmelding

Smedlinja

Opplæringsutvalet ser på smedlinja som eit viktig tilbod. I 2025 fekk me vedteke at Odda vgs kan ta inn elevar på smedlinja direkte etter at søknadsfristen går ut 1. mars. Smedlinja konkurrerer med eit privat tilbod ved Hjerleid handverksskule i Innlandet, som har hatt tidlegare inntak enn Vestland. No vonar hovudutvalet og SV at det nye inntaksopplegget gjer at Odda vgs langt tidlegare kan sikra seg elevane som søker seg dit.

Private vidaregåande skular

I Vestland er det 14 private vidaregåande skular. Dei fleste ligg nær Bergen sentrum og har studieførebuande tilbod. Fylkeskommunen eig ikkje desse skulane, men har folkevalde observatørar i styra. Talet på elevplassar i dei private skulane ligg ein stad mellom 1500 og 2000, noko som utgjer litt under 10 prosent. Elevplassar i private tilbod fører til trekk i ramma til fylkeskommunen.

Dei fleste private skulane følgjer eigne opplegg og har andre fristar enn fylkeskommunen med inntak. Slik vil me ikkje ha det. Det vert arbeidd for at dei private skulane skal følgja same inntaksopplegg som fylkeskommunen. I dag søker fleire både private og offentlege tilbod, og det tek lang tid før nokre elevar avklarar kva dei vel. Dette skaper uvisse for dei som står på venteliste til fylkeskommunale tilbod.

Opplæringsutvalet, og seinare fylkesutvalet, handsama i 2025 to søknader om å oppretta eller utvida tilbod ved to skular. Danielsen Intensivgymnas i Bergen søkte om å få oppretta tilbod i naturbruk/akvakultur, medan Framnes kristne vidaregåande skule i Kvam søkte om å utvida med fleire elevplassar innan idrett og studiespesialisering.

I samarbeidsplattforma for partia som har fleirtal i fylkestinget, står det at ein er positiv til «friskular som byggjer på livssyn, alternativ pedagogikk eller driv på særskilde vilkår». Eit fleirtal i opplæringsutvalet rådde likevel frå søknadene frå Danielsen og Framnes. Grunngevinga var at tilboda ville konkurrera med offentlege tilbod, og lokalt i Kvam særleg gå ut over Kvam vgs. I fylkesutvalet røysta Venstre, KrF og ein representant frå Sp for søknaden frå Framnes kristne vgs, og sikra dermed fleirtal. Utdanningsdirektoratet følgde innstillinga frå fylkesutvalet, avslo søknaden frå Danielsen og innvilga begge søknadene frå Framnes.

Tilboda, inntak og dimensjonering

Det er hovudutvalet som har fullmakt og ansvar for å lysa ut tilboda ved dei vidaregåande skulane i fylkeskommunen, justera tilbodet og gjennomføra inntaket. Føresetnaden er at dette skjer innanfor den økonomiske ramma fylkestinget fastset kvart år. Tilboda med søknadsfrist 1. februar og 1. mars vert vedtekne i slutten av november. Etter at søknadsfristane har gått ut, vert det gjennomført fleire prognoseinntak baserte på søkjartala. Dette dannar grunnlaget for å justera tilboda, leggja til og ta bort tilbod.

Sak 3: Årsmelding

For skuleåret 2025/26 vart det lyst ut om lag 990 klassar med til saman 20 275 plassar i vg1, vg2 og vg3. For skuleåret 2026/27 er talet noko redusert av økonomiske omsyn. I samband med justeringane vert talet på elevplassar og klassar tilpassa ramma, og fylkesdirektøren får fullmakt til å oppretta eller leggja ned klassar der det til slutt er svært få søkjarar.

I 2025 oppstod ein spesiell situasjon då det etter søknadsfristen kom fleire hundre ekstra søkjarar som hadde rett til å fullføra vidaregåande opplæring. Desse vart ikkje fanga opp før melding om inntak skulle sendast ut i byrjinga av juli. Dermed måtte talet på klassar aukast, men fylkesdirektøren hadde ikkje fullmakt til å auka meir enn eit par klassar. Klassar med låg oppfylling vart sette på vent, og det vart ikkje teke inn elevar.

Hovudutvalet måtte halda ekstramøte og vedtok å oppretta 18 nye klassar, finansierte gjennom midlar utvalet disponerer, fellesfond og skulefond. Utvalet var kritisk til at inntak til nokre klassar vart sette på pause, og understreka at det er viktig å gjennomføra prøveinntak før ein legg ned klassar med låg oppfylling.

Dei nye klassane vert vidareførte komande skuleår, òg då med fondsmidlar. Samstundes har fylkestinget vedteke å redusera rammene til skulane med 14 millionar kroner. Dette kan føra til at opplæringsutvalet må vera strengare med å oppretta klassar med få elevar. Fylkeskommunen har eit vilkår om 85 prosent oppfylling i kvar klasse, men dette er vanskeleg å halda når ein samstundes ønskjer å halda oppe dei mindre skulane. Det er òg naudsynt med ein del mindre klassar for å kunna gje alle eit tilbod.

I saka om heilskapleg tilbodsstruktur, som vart handsama i fylkestinget hausten 2024, slo eit samla fylkesting fast at ein ønskjer å oppretthalda dei mindre skulane. Denne planen ligg til grunn for utlysing og justering av tilbod. Samstundes er det alltid søkjartala til dei ulike programtilboda som avgjer om ei klasse vert oppretta eller ikkje.

Det er ein gledeleg auke i talet på søkjarar til yrkesfaga, og Vestland er eitt av fylka med flest elevar på yrkesfag. I Bergensområdet er det likevel framleis underkapasitet på yrkesfagplassar. Administrasjonen gjorde ein stor jobb med å skaffa både lærarar og lokale til dei nye klassane som vart oppretta, og inntaket enda med at alle fekk eit tilbod. Dette meiner SV var svært viktig å få til.

Hovudutvalet har òg hatt oppe sak om meir permanente løysingar for å sikra nok yrkesfagplassar i Bergen. Det vert arbeidd med planar for å utvida kapasiteten ved Slåtthaug, og for å utvida Årstad vgs i samband med bygging for fagskulen. Det vert òg arbeidd med planar for å utvida kapasiteten ved Bergen maritime og Laksevåg vgs. I 2026 vil det truleg verta vedteke rom- og funksjonsprogram for desse investeringane, som kan løysa utfordringane med for få yrkesfagplassar i Bergensområdet.

Ei mindre endring i oppflyttingsretten frå vg1 til vg2 på studieførebuande program skapte utfordringar for nokre elevar. Endringa innebar at det ikkje lenger var automatikk i å få plass på vg2; det måtte vera ledige plassar. Ved Knarvik vgs vart det vedteke å leggja ned ei klasse i studiespesialisering grunna få søkjarar. Som følge av

Sak 3: Årsmelding

endringa fekk ikkje alle søkjarane plass ved skulen, og nokre vart viste til andre skular. Dette er uheldig, men bakgrunnen er økonomi og ei meir restriktiv haldning til små klassar. Høgre og Framstegspartiet ønskte å fjerna retten til oppflytting heilt, noko som ville fått store konsekvensar. SV meiner dette er ei sak opplæringsutvalet bør sjå på att, då ordninga skaper unødvendig uvisse og meir stress for elevane.

Fullføra og inkludera

Hovudmålet for vidaregåande opplæring i Vestland, slik det er formulert i temaplanen, er at flest mogleg skal fullføra vidaregåande utdanning gjennom å inkludera alle og ha merksemd på motivasjon, meistring, læring og trivsel. Hovudutvalet får rapport om kvalitetsutvikling og resultat to gonger i året, med oversyn over fullføring, karakterar og andre kvalitetskriterium. Fylkeskommunen får statlege midlar til fullføring, og det er sett av ekstra midlar i opplæringsbudsjettet for dei neste tre åra.

Midlane vert fordelte mellom skulane, og noko vert nytta til å sikra tilbod som er avgjerande for at ungdommar skal få fyrstevalet sitt. Dette er viktig for fullføring. Statlege midlar vert òg nytta til å delfinansiera produksjonsskulane, som har vist seg å vera ein suksess når det gjeld å få fleire til å fullføra utdanning eller gå ut i arbeid. Midlar vert vidare nytta til meir opplæring og til å styrkja tilbodet for minoritetsspråklege elevar. Fullføringsmidlane bidreg til at fleire kan gjennomføra vidaregåande opplæring og få grunnlag for å delta i arbeidslivet.

Eit anna prosjekt er «Inkludering i Vest», som vert drive av avdelinga for plan og næring i fylkeskommunen. Prosjektet er retta direkte mot personar som står utanfor arbeidslivet og ønskjer jobb. Det er òg fokus på at flest mogleg ungdommar skal få sommarjobb, der opplæring spelar ei rolle.

Fullføringsprosenten har halde seg relativt stabil over tid. Førebels ser han ut til å vera noko lågare enn i skuleåret 2024/25, men dette er før elevar som har teke opp att fag, har fått endelege resultat. Det er truleg at nivået vert om lag det same som året før, rundt 85 prosent. Samstundes er målet å koma høgare. Vestland ligg over landsgjennomsnittet, og det er framgang i fullføringa blant elevar på yrkesfag. SV meiner me må vurdere fleire alternative læringsarenaer enn produksjonsskulane, og arbeida meir styrkebasert – med utgangspunkt i kva elevane kan og ønskjer, framfor å fokusere på problem og diagnoser.

Mobbetala varierer. Dei siste rapportane syner ein nedgang, men skilnadene mellom skulane er store, frå nær null til over 10 prosent. I fylkestinget i desember var mobbing eige tema, med innleiing frå elev- og lærlingombodet. Mange deltok i ordsiftet, og det vart understreka at det må arbeidast meir medvite og planmessig på alle nivå. Skulane må analysere eigne tal grundig for å forstå årsakene til både låge og høge mobbetal.

Stort fråvær uroar, då elevar kan risikere å ikkje få vurdering i fag og i verste fall falla ut av skulen. Fråværgrensa slik ho er i dag, ser ikkje ut til å bidra til lågare fråvær. Opplæringsutvalet har vedteke eit mål om å redusere fråværet til fem prosent. Vestland fylkeskommune har tolka regelverket noko annleis enn departementet, ved at elevar med kronisk sjukdom som til dømes treng å oppsøka helsesjukepleiar, kan

Sak 3: Årsmelding

dokumentera fråvæer frå fyrste time utan å venta til fråværet har passert ti prosent. Dette har òg Innlandet gjort, men KS og andre aktørar er kritiske til denne praksisen, som har vorte omtala som «sivil ulydnad».

Karakterresultata for skuleåret ligg på eit snitt litt over 4, om lag på same nivå som året før. For SV er det særleg gledeleg å sjå at tala syner at Vestland lukkast betre enn mange andre fylke med elevar som kjem inn i vidaregåande opplæring med låge grunnskulepoeng.

Nokre etterord om opplæring

Me er overtydde om at me har berre gode skular i Vestland. Erfaringane Åsmund Berthelsen har gjort seg gjennom møta ved alle skulane, syner at det vert arbeidd systematisk for å utvikla skulane vidare.

Me har tru på opplegget avdelingsdirektøren har sett i gang under vignetten «Framtidas skule», som starta med ei samling for alle leiarane. Det vil både koma og må koma endringar i korleis ein driv skule i den uvisse tida me lever i. Dei vidaregåande skulane er viktigare enn nokon gong. Møta med leiarar, tillitsvalde og elevar syner eit godt samarbeid mellom aktørane i skulen. Me merkar oss òg at elevane er meir aktive, ikkje berre i å arrangera aktivitetar, men òg i å påverka læringsarbeidet.

Politisk er det ulike meiningar om kva tilbod som skal lysast ut, og kor det skal byggjast opp eller takast ned. Det er òg noko ulikt syn på kor store ressursar opplæringa skal ha, men skilnadene er ikkje dramatiske. Usemja kan verta større når ein i 2026 skal drøfta ressursfordeling og finansiering, til dømes om ein skal ha klassefinansiering, elevfinansiering eller ei ordning midt imellom. Hovudutvalet er orientert om det komande arbeidet, og det er lagt opp til ein grundig gjennomgang.

Me ønskjer oss endå større engasjement frå lokallag og medlemmer i saker som gjeld vidaregåande opplæring. Lokalt trur me SV-laga kan tena på å ha tettare kontakt med skulane. Dette kan òg styrkja kontakten mellom ungdom og SV, noko som er særskild viktig for oss.

Hovudutval for samferdsle og mobilitet

Då mangeårig samferdslepolitikar for SV, Marthe Hammer, vart vald inn på Stortinget hausten førre år, gjekk Alexander Papas inn som nytt medlem i hovudutval for samferdsle og mobilitet. Skiftet innebar at noko erfaring og historikk forsvann, samstundes som nytt engasjement og arbeidslyst kom til.

Gjennom hausten har Alexander arbeidd målretta med å setja seg grundig inn i sakene og tematikken som utvalet handsamar. Det har vore tett dialog med lokallag og lokale folkevalde i aktuelle saker, i tillegg til godt samarbeid med Naturvernforbundet og andre organisasjonar der SV har samanfallande interesser. I forkant av kvart utvalsmøte er det møte i SV-fraksjonen der me går gjennom sakene til utvalet og eventuelt fordeler ansvar for vidare oppfølging fram til sjølve møtet.

Sak 3: Årsmelding

Kollektivtrafikken

I 2025 har SV vore tydelege på at me treng meir pengar til kollektivtrafikken slik at me kan styrkja tilbodet og stimulera til auka bruk. Samstundes må det erkjennast at det har blitt dyrare å drifta kollektivtrafikk dei siste åra, og at kostnadsveksten har vore så stor at ho ikkje let seg dekkja inn utan nokre takstaukar. Dette heng saman med ei svært sterk kostnadsutvikling, særleg innan ferjedrift, men òg med ein strammare kommune- og fylkesøkonomi. SV meiner likevel at målet må vera å halda kollektivtransporten rimeleg, men først og fremst sørgja for fleire avgangar og eit føreseieleg tilbod. Eit godt kollektivtilbod handlar både om pris, frekvens og pålitelegheit, og krev langsiktig finansiering og sterkare statleg medverknad for å unngå at kostnadsaukar blir skyvde over på dei reisande.

Ungdomskortet har vore oppe til diskusjon. Dette fordi at ordninga med ungdomskort erstattar retten til gratis skuleskyss i Bergen. Ein landa nok ein gong på å ikkje gjera endringar, og SV argumenterte for dette fordi det at han erstattar skuleskyss gjev oss ein lovpålagt incentiv til å halda prisen på han låg (minst 50 % av månadskort for vaksen). Ordninga har fungert godt i mange år og sikra ungdom rimeleg kollektivtransport, ikkje berre til/frå skulen, men også resten av døgnet. Dette er ei årleg sak. SV ser også dei prinsipielle innvendingane om at skuleskyss skal vera gratis, og vil ta del i diskusjonane når saka kjem opp att i løpet av 2026.

I fylkestinget i oktober vedtok eit fleirtal ei styrt avvikling av trolleybussen i Bergen, mot SV sine røyster. SV meinte saka var for dårleg utgreidd, og at saksgrunnlaget difor var mangelfullt. SV tapte saka i fylkestinget. Samstundes må det erkjennast at handsaminga kom i ein periode der fylkestingsgruppa ikkje klarte å fanga ho opp, mellom anna i kjølvatnet av stortingsvalet i september. Dette bidrog til at saka fekk mindre politisk merksemd frå oss enn ho burde hatt, og at det ikkje blei arbeid tilstrekkeleg for å snu fleirtalet i forkant av vedtaket.

Byvekstavtalen

Byvekstavtalen for Bergensområdet er eit sentralt verkemiddel for å nå nullvekstmålet i personbiltrafikken. Samstundes viser byutgreiinga for 2025 og utviklinga i trafikkdata at trafikkveksten i Bergensområdet framleis er for høg, og at utviklinga går i feil retning. Dette set både klima og framkome under press, og viser at transportsystemet i og rundt Bergen er i ferd med å kollapsa. Byvekstavtalen skal snart reforhandlast mellom partane i Miljøløftet – kommunane i Bergensområdet, fylkeskommunen og staten.

For SV er det avgjerande å setja i verk meir forpliktande tiltak for å redusera biltrafikken, og det har me også teke opp og fremja i fleire saker som handlar om trafikken i Bergensområdet. SV har vore tydelege at me treng kraftige verkemiddel som bompengar og restriktive parkeringstiltak, samstundes som motorvegprosjekt som legg til rette for auka biltrafikk må stansast. I staden må det prioriterast kollektivfelt på innfartsårane til Bergen. Kollektivtransport er eit heilt sentralt verkemiddel i omstillinga. Eit godt kollektivtilbod med høg frekvens og rimelege prisar er avgjerande for at fleire skal velja kollektivtransport framfor privatbil. Bybanen til Åsane er det viktigaste enkeltprosjektet for å auka kapasiteten i kollektivsystemet i Bergensområdet.

Sak 3: Årsmelding

Bybanen

Som følgje av byrådsleiaren i Bergen sitt løftebrot, og det såkalla bybanekompromisset som fylkesdirektøren og byrådsleiaren stelte i stand saman med fylkesordføraren i 2024, er bybanen til Åsane sendt ut på endå ei ørkenvandring. Dette kompromissforslaget kom i si tid utan at SV eller resten av koalisjonen i fylkestinget på førehand var kjende med det. Den manglande politiske forankringa gjorde saka krevjande, og skapte ny uvisse om framdrifta i eit prosjekt som allereie var hardt pressa. Etter omfattande diskusjonar i partiet, bystyret og fylkestinget valde SV saman med koalisjonen likevel å gå med på å gjennomføra ei ny utgreiing. Dette skjedde sjølv om me har lite tru på den alternative traseen, og fordi SV sitt overordna prinsipp har vore og framleis er at bybanen til Åsane må byggjast. Ved inngangen til 2026 ventar me framleis på denne nye utgreiinga, som truleg vil komma like før eller rett etter sommaren. Fram til då står bybanen til Åsane framleis i stampe.

Fylkesvegane

Det er eit enormt etterslep på fylkesvegane i Vestland. Det viktigaste for SV er derfor vedlikehald og utbetring av fylkesvegane våre. I 2025 investerte fylkeskommunen over 3 milliardar i veg, og det same skal gjerast kvart år dei neste fire åra på små og store vegprosjekt. I Nasjonal transportplan er Hordfast i realiteten lagt vekk, noko som gjev oss håp om meir pengar og prioriteringar til rassikring og gul midtstripe framfor unødvendige og naturraserande motorvegprosjekt. I arbeidet med regional transportplan var SV ein pådrivar for ny tunnel på fylkesveg 587 Grimesvingane som omkøyrings- og avlastingsveg i Bergen heller enn firefeltsmotorveg mellom Arna og Fjøsanger.

I 2025 gav fylkestinget grønt lys til tre større vegprosjekt: Fylkesveg 609 Hestvika-Heilevang, Atløysambandet, og ny bru over Alverstraumen. SV stemte for desse prosjekta. SV har både i hovudutvalet, fylkesutvalet og i fylkestinget vore heilt tydelege på at Vestland fylkeskommune ikkje bør gå inn i lobbyselskapet Bergen2Stavanger. Dette er i realiteten berre Hordfast AS med nytt namn, og representerer vidareføring av eit omstridd prosjekt me har vore konsekvent imot. Dessverre fekk me ikkje fleirtal for dette standpunktet, og fylkestinget vedtok aksjekjøpet i juni.

Ferje og båt

I 2025 har hovudutvalet vedteke tidslinje og førebuingar for nye ferje anbod i Hordaland frå 2030. Innbyggjarar, næringsliv og kommunar er involverte i prosessen med innspel og tilbakemeldingar om sambanda som er viktige for dei. Ei ny løysing som ligg an til å bli implementert er seglande reservefartøy, som kort sagt inneber at samband som grensar til å trenga ei ekstra ferje, vil få ei seglande ferje som også er reservefartøy til eit nærliggjande samband. Administrasjonen meiner det vil gje fleire samband ei ekstra ferje, samstundes som ein har reserveferja klar i drift om noko skulle skje på eit nærliggjande samband. SV har også vore tydelege på at me må drøfta moglege løysingar for sambanda Årsnes-Varaldsøy-Gjermundshamn og Utne-Kinsarvik, før me lyser ut anbodskonkurransen våren 2026.

Nullutsleppsbåtar har vore ei viktig sak for SV i fleire periodar, og me jobbar enno med å få elektrifisert hurtigbåtane i fylket. Den vidare elektrifiseringa av hurtigbåtane

Sak 3: Årsmelding

fekk ein stans i 2024, då fylkestinget stansa anbodskonkurransen for elektrifisering av båtrutene Bergen-Sogn og Bergen-Nordfjord. Hovudårsaka var manglande statleg medfinansiering. Etter ein del forseinking vil nye elbåtar setjast i drift på båtsambanda Bergen-Askøy og Bergen-Nordhordland før sommaren 2026. I 2025 fekk fylkeskommunen dessutan ei løyving frå Miljødirektoratet til å elektrifisera båtruta Bergen-Austevoll-Sunnhordland. Sjølv om midlane ikkje er tilstrekkelege for dei reelle kostnadane ved å elektrifisera, jobbar administrasjonen no med moglege løysingar i samband med nye anbod for ruta.

Skriftlege spørsmål

- I januar stilte Marthe Hammer spørsmål om stengt Fløyfjelltunnel og omlegging av bussrutene på Askøy.
- I februar stilte Hammer spørsmål om hus som skulle utløyast ved fylkesveg 49 i Odda, og rettar i TT-ordninga.
- I oktober stilte Papas spørsmål om kollektivtilbod i Øvre Sædalen, reiserabatt på enkeltbilletter for vaksne, rettleiar for Skyss i grunnskulen, informasjonskampanjar frå Skyss, undergang på fylkesveg 562 på Askøy, og utbetring av fylkesveg 611 og bankgaranti frå Nordic Mining.
- I november stilte Papas spørsmål om kjøp av areal langs fylkesveg 5246 på Askøy, gebyr og kontrollar i kollektivtrafikken, og igjen om kollektivtilbodet i Øvre Sædalen.

Hovudutval for næring

Fram til fylkestinget i oktober 2025 har **Hege Lothe** vore medlem i hovudutval for næring. Då vart det vart endringar i fylkestingsgruppa, overtok **Marianne Sæhle** plassen i næringsutvalet. Næring er eit velkjent fagfelt for Marianne, sidan ho sat i næringsutvalet heile førre periode. I hovudutvalet har ikkje fleirtalspartia fleirtal. I dei sakene som skal vidare til fylkesutvalet eller fylkesting, er det fleirtal der, medan i dei sakene som berre skal handsamast i hovudutvalet skjer det frå tid til anna at me vert nedstemt. Det vert kalla inn til eige fraksjonsmøte i framkant av utvalsmøta. I desse fraksjonsmøta er det mange som har bidrege, men kanskje spesielt **Steinar Øydvin** og **Einar Svendsen** har vore trufaste bidragsytarar.

Næringsutvalet fordeler midlar til næringsutvikling. Mange av desse løyvingane formidlar hovudutvalet vidare tildelingar frå Innovasjon Noreg og SIVA. Desse løyvingane har ulike føremål. Det kan til dømes vera næringshagar, reiselivstiltak, landbruk, forskning og investeringsfond for å nemne nokre stikkord. Fylkeskommunen lyste ut pengar til ny bærekraftig verdiskaping. Då kom det inn mange gode søknadar, og SV tok initiativ til å auke rammene slik at endå fleire av dei beste søknadane kunne få tildeling.

Hovudutvalet har handsama fleire planar for utbygging av vasskraft, ein utbygging med sol og uttalt oss om havvind. I desse sakene er SV opptekne av å sjå sakene utifrå naturvern-perspektiv. Me prøver å balansera omsynet til naturen opp mot ynskje om meir fornybar kraft og dermed også meir utbygging. Når me får slike høyringar, prøver me å få lokale partilag i tale eller ulike typar naturvernmiljø, og sjølvsagt også saman med dei andre partia i koalisjonen, sjølv om me oftast vert raskast samde med MDG og Venstre.

Sak 3: Årsmelding

Hovudutvalet har også arbeida med å få på plass betre ladestruktur for tungtransport. Det er vedteke ein plan og me er i gang med tilskotsordninga. Strategien er å supplere den nasjonale innsatsen og sikre at me får mest mogleg ut av ordningane. Me meiner SV kan vere nøgde så langt, Vestland ligg framfor dei fleste andre fylke. Utvalet handsamar mange planar. Gjennom året har me arbeidd med temaplan for landbruk, temaplan for reiseliv, temaplan for breiband og digitalisering, regional plan for fornybar energi, regional plan for innovasjon og næringsutvikling, samt melding om kystskogbruket. Breibanddekninga i Vestland er nesten i mål, men på grunn av reduksjon i tildelinga over statsbudsjettet har fullføringa blitt sett noko på vent.

Næringsutvalet har ein del saker knytt til landbruksnæringa. I desse sakene har me hatt god kontakt med næringa og spesielt **Mari Austvoll Gjengedal**, leiar i Hordaland bonde- og småbrukarlag som gjev gjennomarbeidde innspel når me ber om det.

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering

Det har vore og er framleis ein felles arbeidskultur i hovudutvalet, og dei aller fleste vedtaka er samrøystes. Stundom røyster me ulikt, og då har som oftast samarbeidspartia våre fleirtal. SV har eigne fraksjonsmøte i forkant av møta i hovudutvalet, i tillegg til faste møte med representantane for samarbeidspartia. Alexander Papas var SV sitt medlem i utvalet fram til oktober 2025. Frå oktober 2025 er Symphorien Pombe medlem i utvalet. Dette arbeidet er godt kjend for Symphorien Pombe frå førre periode. Jens Revold blei frå same tid varamedlem til hovudutvalet. Samarbeidspartia er samde om korleis me saman vil arbeide i utvalet, og korleis me vil setje retning for å nå dei måla som er nedfelte i samarbeidsplattforma for perioden 2023-2027. Det blir også halde møte i SV sin eigen fraksjon i forkant av kvart møte i hovudutvalet.

Ny modell for tilskotsforvaltning

Hausten 2024 sette eit samrøystes hovudutval i gong ein gjennomgang av tilskotsordningane som fylkeskommunen har innanfor kultur, idrett og inkludering. Målet var å skapa større og meir slagkraftige ordningar som gjer det enklare for å aktørar å søkja seg til, og skapa eit større politisk handlingsrom i ordningane. Utvalet fekk fleire løypemeldingar gjennom 2025, og i oktober 2025 vedtok hovudutvalet den nye tilskotsforvaltninga der ein minska talet på tilskotsordningar frå over 50 til rundt 30. Det viktigaste for SV har vore at tilskotsordningane skal vera forståelege og tilgjengelege for aktørane, og at ein sikrar dei meir smalare interessene og minoritetsgruppene ikkje blir nedprioriterte når nokre av ordningane blir større.

Satsingar og gjennomslag

I forhandlingane om fylkesbudsjettet for 2026, prioriterte SV og samarbeidspartia våre å styrkja kulturbudsjettet. Til liks med 2025-budsjettet, styrkja me driftstilskota slik at me kan inkludera fleire aktørar i ordninga. Me løyvde også meir pengar til tilskotsordninga for regionale kulturbygg slik at me no har løyvd ut ein den fylkeskommunale delen til byggeprosjekta ved Sunnhordland Museum, Gamlekinoen på Voss, og Urnes verdsarvssenter. Samarbeidspartia har vidare peika på at Astruptunet i Sunnfjord og Fyllingsdalen Teater i Bergen skal prioriterast i denne ordninga i dei kommande åra.

Sak 3: Årsmelding

Skriftlege spørsmål

I februar stilte Alexander Papas skriftleg spørsmål om leselyst og litteraturformidling hjå barn og unge i Vestland, og korleis fylkeskommunen kan bidra i dette arbeidet. Spørsmålet og svaret blei brukt som utgangspunkt for interpellasjon og vedtak i fylkestinget i mars om eit fylkeskommunalt leseprosjekt.

Fylkesutvalet

Fylkesutvalet har ei sentral rolle i fylkeskommunen og kan samanliknast med formannskapet i ein kommune. Utvalet førebur saker til handsaming i fylkestinget og har ansvar for saker som ikkje høyrer inn under eit eige hovudutval, til dømes tannhelse. Fylkesutvalet handsamar òg saker som ikkje er ferdighandsama i hovudutvala, og har siste ord i saka eller i kva innstilling som vert sendt vidare til fylkestinget. Det er òg fylkesutvalet som gjev høyringsuttalar på vegner av fylkeskommunen. I tillegg har utvalet eit særleg ansvar for budsjett, økonomi og overordna prioriteringar.

Året starta med ei av dei store kraftsakene: høyringa av meldingar om ny 420 kV kraftleidning Sauda–Blåfalli–Mauranger–Samnanger–Øygarden. Saka skapte massivt engasjement, med folkemøte i Nordhordland, Vaksdal og Kvinneherad, vardebrenning og ei rekkje lesarinnlegg. SV var tydelege både i lokalavisene og gjennom fråsegn i fylkestyret, der me la Naturvernforbundet sitt traseforslag 6.1 til grunn for standpunktet vårt. Dette vart òg fylkesutvalet sitt vedtak i januar 2025.

Fylkesutvalet handsama samstundes høyringsuttale til vilkårsrevisjon og konsesjonssøknad for nye kraftverk knytte til Røldal–Suldal-reguleringa. Her fekk me gode tilbakemeldingar frå mellom anna Ullensvang SV, og var med på å sikra fleirtal for at Vestland fylkeskommune rår frå å gje konsesjon til pumpekraftverk, særleg av omsyn til villreinen.

Fylkesutvalet har òg handsama fleire saker om havvind, mellom anna høyring av strategisk konsekvensutgreiing for Sørvest F, Vestavind B og Vestavind F. SV støtta innstillinga, men meinte det burde vore fleirtal for sterkare krav om ilandføring av kraft i Vestland og Noreg, og for at utbygging på norsk sokkel må nyttast til elektrifisering av installasjonar på norsk side. Dette fekk berre støtte frå Sp og SV.

Derimot fekk SV fleirtal for eit alternativt framlegg i saka om elektrifisering av Tampen, der Vestland fylkeskommune slår fast at Tampen skil seg frå andre prosjekt fordi det allereie er bygd ut havvind. Oljeselskapa må difor stilla med erstatningskraft offshore, gjennom havvind og/eller gasskraft med CCS, før det vert lagt til rette for straumkabel til plattformene.

I tillegg handsama fylkesutvalet innspel til KS sitt Debattheft i januar. SV fremja forslag som var kritiske til KS si rolle i saka om inkluderande arbeidsliv (IA), og peika på at avtalen har fungert godt i over 20 år. Me foreslo òg tydelegare krav om sentrale lønnsoppgjer, meir pengar til kommunane og kronetillegg, men fekk diverre ikkje fleirtal.

Sak 3: Årsmelding

Etter at SV sentralt fekk gjennomslag for ein NOU om tannhelse, kom denne på høyring i fylkesutvalet. Målet til SV er klart: Det skal ikkje kosta meir å gå til tannlegen enn til legen, men vegen dit må vera gjennomførbar. I fylkesutvalet fekk SV fleirtal for at Vestland var positive til fleire av SV sine gjennomslag på Stortinget, som billegare tannhelse for 25–28-åringar, meir regulering av prisar i privat tannhelse, og behovet for å utvida den offentlege tannhelsetenesta – særleg for eldre aldersgrupper.

SV fekk òg gjennomslag i tannhelseplanen for å leggja tannhelse under eit eige hovudutval, og for å opna for fleire betalande pasientar som del av ei styrking og utviding av den offentlege tannhelsetenesta. Fylkesadministrasjonen har gjort ein gjennomgang av klinikkstrukturen innan tannhelse, og la fram forslag til struktur og plan for tannhelsetenesta dei neste åra. Fylkesutvalet vedtok før jul å senda forslaget ut på høyring, før det skal til endeleg politisk handsaming før sommaren 2026.

Elles har fylkesutvalet handsama fleire avgjerande saker, mellom anna ved å sikra fleirtal for bompengeproposisjonen for Arna–Stanghelle, som er ein føresetnad for vidare framdrift.

Skriftlege spørsmål

- Tannklinikken i Ulvik
- Samlokaliserte areal for tannhelsetenesta sitt kompetansesenter i Vestland
- Regnbogefargar på Askøybrua
- Ny kunnskapsrapport om tilstanden i Hardangerfjorden
- Parkering på Kleppestø kai

Fylkestinget

Fire gonger i året er det møte i fylkestinget. SV har ei aktiv fylkestingsgruppe som med spørsmål og interpellasjonar så vel som innlegg og replikkar frå talarstolen. Fylkestinget møtest stort sett i Bergen, men har det siste møte før sommaren utanfor Bergen. Fylkestingsgruppa pleier å leggja opp til å møta lokallaget og lokale folkevalde når me møtest utanfor Bergen. I juni 2025 hadde fylkestinget møte i Florø, og dagen før fekk fylkestingsgruppa vera med omvising hjå lokale aktørar på dagtid og delta på ope møte «Gje SV beskjed» på kvelden i regi av Kinn SV. Det blei eit fint opplegg og mange møtte på ope møte.

Fylkesbudsjettet for 2026

SV har i budsjettarbeidet lagt særleg vekt på å halda kollektivtransporten mest mogleg tilgjengeleg for dei som nyttar han til dagleg. Dei siste åra har kostnadsauken på kollektivdrift vore stor, noko som gjer det vanskeleg å ikkje auka billettprisane. I forhandlingane bidreg SV til å finna løysingar som skjerma prioriterte passasjergrupper, samstundes som ein tok høgd for den økonomiske situasjonen.

Sak 3: Årsmelding

Budsjettvedtaket inneber ein moderat auke i billettprisane, der faste reisande og ungdom blir prioriterte. Prisauken på månadskort blei altså lågare, medan me valde å frysa taksten på ungdomskortet. Det blei samstundes vedteke å setja i gang eit arbeid med å forenkla og modernisera takstsystemet i 2026.

Budsjettet blei vedteke før dei endelege rammene frå statsbudsjettet var på plass. For å sikra at fylkeskommunen får fullt utbytte av dei statlege løyvingane (mellom anna auka løyving til kollektiv), skal fylkesbudsjettet reviderast til fylkestinget i mars 2026. Dette opnar for justeringar som kan styrkja kollektivtilbodet ytterlegare, både når det gjeld pris og tilbod.

I budsjettet for 2026 prioriterte SV kultur i heile fylket. Auka driftstilskot gjer det mogleg å inkludera fleire aktørar, og satsinga på regionale kulturbygg er vidareført gjennom fullfinansiering av fleire større prosjekt i Sunnhordland, på Voss og i Sogn. Det er òg peika ut nye prioriteringar for vidare utvikling av kulturen i fylket, der Astruptunet og Fyllingsdalen Teater står for tur.

Fråsegner, interpellasjonar og spørsmål

Fylkestinget i mars

- Interpellasjon frå Hammer om Bergen-Stavanger og naturrasering. *Ikkje vedteken.*
- Interpellasjon frå Lothe om nei til ammoniakfabrikk på Holmaneset i Bremanger. *Ikkje vedteken.*
- Spørsmål frå Pombe om transparensen i leverandørkjeda av batteri- og køyretøyprodusentar.

Fylkestinget i juni

- Interpellasjon frå Papas om leselystprosjekt. *Vedteken.*
- Interpellasjon frå Lothe om å lovfesta retten til læringsressursar på eige språk. *Samrøystes vedteken.*
- Interpellasjon frå Lothe og Berthelsen om naturvern. *Ikkje vedteken.*
- Spørsmål frå Hammer om Bavallsvegen, om regnbogefargar på Askøybrua, og webkamera på Juvikflaten.
- Fråsegn frå Hammer om krisepakke for den grønne maritime omstillinga. *Vedteken.*

Fylkestinget i oktober

- Interpellasjon frå Lothe om lønnspolitikk i kraftselskap. *Ikkje vedteken.*
- Spørsmål frå Papas om kollektivtilbod for innbyggjarane i Ølen og Utbjoa.

Fylkestinget i desember

- Interpellasjon frå Papas om påverknadsarbeid og folkestyre. *Ikkje vedteken.*
- Interpellasjon (og fråsegn) frå Sæhle om støtte til Sudan. *Ikkje vedteken.*
- Spørsmål frå Sæhle om litteraturbåten Epos.
- Spørsmål frå Berthelsen om fylkesveg 611 Sæla-Engebø

Sak 3: Årsmelding

Organisatorisk

Heile fylkestingsgruppa møtest fysisk til gruppemøte på politikardagen framfor kvart fylkesting. Me har hatt eitt fysisk strategimøte på seinhausten i Bergen. Utover dette skjer gruppemøta digitalt, stort sett i framkant av fylkeskommunale møte.

Fylkestingsgruppa deltok på ei felles samling med dei andre partia i koalisjonen i Flåm i Aurland i november. Hammer, Papas, Sæhle og Lothe var på samling i Oslo saman med dei andre fylkestingsmedlemene i SV i april 2025.

Frikjøp

Marianne Sæhle er i praksis frikjøpt på heiltid, med 85 prosent frikjøp i fylkeskommunen. Ho har 50 prosent frikjøp som medlem i fylkesutvalet og 35 prosent frikjøp som gruppeleiar. I tillegg er Åsmund Berthelsen frikjøpt som leiar i hovudutvalet for opplæring og kompetanse, tilsvarande 70 prosent. Fylkeslaget har dermed to frikjøpte heiltidspolitikarar.

I periodar har det vore aktuelt for fylkestingsgruppa å gjera andre avgrensa frikjøp, til dømes av Alexander Papas i samband med budsjettforhandlingane hausten 2025. Fylkestingsgruppa nyttar òg sekretærstøtte frå dei tilsette i Vestland SV, fylkessekretær Aslak Owren og organisasjonskonsulent Sigrid Sandal.

Fylkestingsgruppa i media

Fylkestingsgruppa prøver å vera aktiv og synleg, både i nyhendemedium, radio, TV og i sosiale media. Representantar frå fylkestingsgruppa stiller elles gjerne på demonstrasjonar og arrangement for å synleggjera SV i saker som er viktige for folk.

Uttrekk frå Retriever ligg som vedlegg til årsmeldinga for dei faste representantane i fylkestinggruppa. Det er fem faste representantar, men grunna endringane i gruppa visast her tal for alle som har vore faste representantar i løpet av året.

Mediepublikasjon for dei faste representantane, alle saker

Kandidat	Artikkel	Melding	Innlegg	Radio/TV	Totalt
Marianne Sæhle	17	1	1	0	19
Åsmund Berthelsen	126	3	21	10	160
Alexander Papas**	129	4	61	9	203
Hege Lothe*	140	1	64	3	208
Symphorien Pombe***	7	1	0	0	8
Marthe Hammer****	317	4	118	30	469
Totalt	736	14	265	52	1 067

Mediepublikasjon for dei faste representantane i fylkestingsgruppa, i tidsrommet 01.01.25-31.12.25. Publikasjonane er sortert etter format.

Sak 3: Årsmelding

** Alexander Papas var andrekandidat i stortingsvalet i Hordaland.*
*** Hege Lothe var fyrstekandidat i stortingsvalet i Sogn og Fjordane.*
**** Symphorien Pombe vart fast representant i fylkestinget i oktober.*
***** Marthe Hammer var fyrstekandidat i stortingsvalet i Hordaland. Ho vart vald inn, og gjekk difor ut av fylkestingsgruppa i oktober. Tala hennar er frå nyttår til og med 8. september. Talet for resten av året er 780, og ein årstotal på 1 249 .*

SV i folkevalde organ

Fylkestinget

Marthe Hammer, gruppeleiar (til oktober 2025)
Marianne Sæhle, gruppeleiar (frå oktober 2025)
Åsmund Berthelsen, medlem
Alexander Papas, medlem
Hege Lothe, medlem
Symphorien Pombe, medlem (frå oktober 2025)

Anna Skaar, 1. varamedlem
Asle Olsen, 2. varamedlem
Tone Mjelde, 3. varamedlem
Gaute Losnegård, 4. varamedlem
Mari Svartveit Hansen, 5. varamedlem
Rafael Cobo Garrido, 6. varamedlem
Hlin-Såga Brosvik Kyrkjeøy, 7. varamedlem

Fylkesutvalet og fylkesvalstyret

Marianne Sæhle (frå oktober 2025)
Marthe Hammer (til oktober 2025)
Alexander Papas, 1. varamedlem
Åsmund Berthelsen, 2. varamedlem
Symphorien Pombe, 3. varamedlem

Hege Lothe, 3. varamedlem (til Venstre si liste)

Valnemnda

Marianne Sæhle, (frå oktober 2025)
Marthe Hammer, (til oktober 2025)
Åsmund Berthelsen, 1. varamedlem
Hege Lothe, 2. varamedlem
Symphorien Pombe, 3. varamedlem

Hovudutval for samferdsle og mobilitet

Alexander Papas (frå oktober 2025)
Marthe Hammer (til oktober 2025)
Asle Olsen, 1. varamedlem
Gaute Losnegård, 2. varamedlem
Tea Volle, 3. varamedlem

Sak 3: Årsmelding

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering

Symphorien Pombe (frå oktober 2025)

Alexander Papas (til oktober 2025)

Anne Skaar, 1. varamedlem

Tone Mjelde, 2. varamedlem

Jens Revold, 3. varamedlem

Hovudutval for opplæring og kompetanse

Åsmund Berthelsen, leiar i hovudutvalet

Hege Lothe (frå oktober 2025)

Marianne Sæhle (til oktober 2025)

Rafael Cobo Garrido, 1. varamedlem

Hlin-Såga Brosvik Kyrkjebø, 2. varamedlem

Åge Rosnes, 3. varamedlem

Torunn Olsnes, 4. varamedlem

Hovudutval for næring

Marianne Sæhle (frå oktober 2025)

Hege Lothe (til oktober 2025)

Mari Svartveit Hansen, 1. varamedlem

Steinar Øydivin, 2. varamedlem

Viviann Midtbø, 3. varamedlem

SV i styrer, råd og utval i Vestland 2023-2027

Baroniet i Rosendal/Den Weis-Rosenkroneske Stiftelse

Styret: Silje Nordtveit Olsen, medlem

Stiftelsen Bymuseet i Bergen

Styret: Marianne Sæhle, varamedlem

Stiftinga Kystkultur no!

Styret: Symphorien Pombe, medlem

Stiftelsen Museum Vest

Styret: Rafael Cobo Garrido, medlem

KS landsting

Utsending: Marthe Hammer (*frå desember 2025, Marianne Sæhle*)

Vara: Åsmund Berthelsen, Marianne Sæhle (*frå desember 2025, Hege Lothe*),

Alexander Papas

Stiftinga Nynorsk Kultursentrum

Rådet: Hege Lothe, rådsordfører

Stiftinga Røde Kors United World College

Rådet: Åsmund Berthelsen (leiar i hovudutval for opplæring og kompetanse)

Sak 3: Årsmelding

Landsamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)

Varautsending til landstinget: Alexander Papas

Distriktsprogramrådet for Vestland

Rådsmedlem: Alexander Papas

Forum Nye Bergensbanen

Arbeidsutvalet: Marthe Hammer, varamedlem

Frå og med desember 2025: Alexander Papas

Samarbeidande kraftfylke

Utsending til årsmøte: Marthe Hammer

Frå og med desember 2025: Hege Lothe

Vestland vassregion:

Varamedlem: Hege Lothe

Bybanen AS

Styret: Marianne Sæhle, medlem

Interesseselskapet Fjordvegen Rv 13 IKS

Styret: Marthe Hammer, medlem

Frå og med desember 2025: Alexander Papas

Teater Vestland AS

Styret: Hanne Bergljot Oftedal, medlem

NDLA: Representantskapet

Medlem: Åsmund Berthelsen (leiar i hovudutval for opplæring og kompetanse)

VIGO IKS: Representantskapet

Medlem: Åsmund Berthelsen (leiar i hovudutval for opplæring og kompetanse)

Bergen Kjøtt AS

Styret: Marthe Hammer, medlem

Frå og med desember 2025: Marianne Sæhle

Skrivekunstakademiet

Styret: Hege Lothe, varamedlem

Grieghallen IKS: Representantskapet

Medlem: Marthe Hammer

Frå og med desember 2025: Marianne Sæhle

Verdsarvrådet for verdsarvstaden Bryggen

Medlem: Marthe Hammer

Frå og med desember 2025: Marianne Sæhle

Yrkesopplæringsnemnda

Varamedlem: Hege Lothe

Ålfotbreen verneområdestyre

Styret: Åsmund Berthelsen, medlem

Sak 3: Årsmelding

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Styret: Hege Lothe, medlem

Fagskulen i Vestland

Styret: Hege Lothe, varamedlem

Trafikktryggingsutvalet

Medlem: Marthe Hammer

Vara: Asle Olsen, Gaute Losnegård, Augusta Moen Opsahl

Frå og med desember 2025 har me felles liste til dette utvalet saman med Arbeidarpartiet.

Arbeidarpartiet har fast medlem då det måtte vera ei kvinne frå samferdsleutvalet, medan Alexander Papas er 1. vara og Asle Olsen er 3. vara.

Administrasjonsutvalet

Medlem: Marianne Sæhle

Vara: Åsmund Berthelsen, Marthe Hammer (Hege Lothe, frå desember 2025), Alexander Papas

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet: Mari Svartveit Hansen, varamedlem

Klagenemnda

Nestleiar: Torunn Olsnes

Varamedlemmer: Gaute Losnegard, Tone Mjelde, Asle Olsen

Fylkeseldrerådet

Rådet: Kjellbjørg Lunde, medlem

Vald inn for LOP: Åge Rosnes, vara

Regionalt bustadforum for Bergensområdet

Marthe Hammer, leiar

Frå og med desember 2025: Alexander Papas

Sak 4: Rekneskap for Vestland SV

Resultatrapport 2025

Budsjettposter	Budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rekneskap 2024
INNEKTER	INNEKTER	INNEKTER	INNEKTER
Offentleg støtte	845 285,00	835 622,92	805 033,12
Medlemskontingent	220 000,00	227 975,00	215 235,00
Private bidrag (til fordeling)	40 000,00	51 798,25	38 788,63
Partiskatt	250 000,00	218 577,95	229 362,41
Renteinntekter	7 500,00	0,00	5 850,78
Eigenandeler fylkesårsmøte	100 000,00	100 000,00	100 000,00
Eigenandeler nominasjonsmøte	0,00	0,00	75 400,00
Fylkestingsgruppa: Administrasjon	231 750,00	231 750,00	225 000,00
Fylkestingsgruppa: Personal	566 500,00	566 500,00	550 000,00
Lønnskostnader Bergen SV	171 491,00	130 831,13	163 324,92
Andre inntekter	25 000,00	65 447,67	36 124,89
Middel spart i høve permisjon	165 000,00	0,00	0,00
Sum inntekter	2 622 526,00	2 428 502,92	2 444 119,75
UTGIFTER	UTGIFTER	UTGIFTER	UTGIFTER
Kontor: Husleige	151 956,00	146 920,00	144 720,00
Kontor: Felleskostnader	104 799,00	92 418,57	99 808,67
Kontor: Tenester og lisensar	25 000,00	37 579,57	27 731,76
Konto: Drift og rekvisita	5 000,00	2 257,09	2 563,38
Tilsette: Personalkostnader	1 472 000,00	1 367 333,00	1 324 609,68
Tilsette: Andre kostnader	15 000,00	26 026,65	16 748,00
Bankgebyrer	1 500,00	3 036,24	3 568,03
Møter og reiser	15 000,00	12 862,30	11 657,88
Fylkesstyret	15 000,00	7 379,82	14 125,20
Fylkesårsmøte	200 000,00	209 194,37	234 923,95
Politiske utval	20 000,00	6 000,45	25 084,00
Gåver	3 000,00	8 781,00	6 351,00
Nominasjonsmøte	0,00	0,00	87 550,60
Nominasjonsarbeid	0,00	0,00	8 656,11
Landsstyret	25 000,00	20 000,00	25 000,00
Landsmøte	200 000,00	210 315,28	0,00
Løyvingar	3 000,00	2 000,00	3 500,00
Bidrag til Vestland SU	75 000,00	75 000,00	75 000,00
Valkamp	550 000,00	605 645,14	0,00
Annonsering	5 000,00	0,00	5 791,99
Annen kostnad	0,00	0,00	26 460,95
Sum utgifter	2 886 255,00	2 832 749,48	2 143 851,20
Resultat	<u>-263 729,00</u>	<u>-404 246,56</u>	<u>300 268,55</u>

Sak 4: Rekneskap for Vestland SV

Balanserapport 31.12.25

Eigendelar

PENGEBEHALDNING

Hovudkonto DNB 7874.06.67601	899 698,25
Skattekonto DNB 7874.06.67598	17 409,46
Annen konto DNB 5010.07.13168	85,47
Kontantkasse	0,00

Sum **917 193,18**

FORDRINGAR

Bergen SV 2025	64 236,35
Vestland SU 2025	15 848,36
Vestland SU - Eldre	65 199,09
Valkamprefusjonar frå lokallag	13 500,00
Eigenandel fylkesårsmøte 2025	6 250,00
Eigenandel fylkesårsmøte 2024	6 250,00
Eigenandel nominasjonsmøte 2024	3 900,00
Overnattingar fylkesårsmøte 2025	8 840,00

Sum **184 023,80**

Eigendelar **1 101 216,98**

Eigenkapital og gjeld

EIGENKAPITAL

Inngående balanse 31.12.24	1 415 944,08
Resultat 2025	-404 246,56

Sum **1 011 697,52**

KORTSIKTIG GJELD

Autogirogåver til fordeling	35 600,00
Andre private bidrag til fordeling	1 400,00
Kvinnherad kommune	17 415,00
SV sentralt	18 300,00
Fylkestingsgruppa	1 417,85
Anna leverandørgjeld	15 386,61

Sum **89 519,46**

Eigenkapital og gjeld **1 101 216,98**

Fylkestingsgruppa

Resultatrapport 2025

Budsjettposter	Budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rekneskap 2024
INNEKTER	INNEKTER	INNEKTER	INNEKTER
Gruppestøtte	1 144 390,00	1 144 390,00	1 091 882,00
Renteinntekter	0,00	0,00	0,00
Andre inntekter	0,00	0,00	16 925,43
Sum inntekter	1 144 390,00	1 144 390,00	1 108 807,43
UTGIFTER	UTGIFTER	UTGIFTER	UTGIFTER
Administrasjonskostnader	231 750,00	232 403,00	225 000,00
Personalkostnader	566 500,00	566 500,00	550 000,00
Medieutgifter	15 000,00	22 314,13	16 264,50
Bankgebyr	0,00	0,00	0,00
Frikjøp	100 000,00	88 700,00	10 970,59
Møter og reiser	130 000,00	153 256,12	63 414,19
Samlinger og konferansar	60 000,00	51 263,00	58 065,00
Gåver	7 000,00	4 492,80	1 600,00
Andre kostnader	3 000,00	3 458,21	0,00
Sum utgifter	1 113 250,00	1 122 387,26	925 314,28
Resultat	<u>31 140,00</u>	<u>22 002,74</u>	<u>183 493,15</u>

Fylkestingsgruppa

Balanserapport 31.12.25

Eigendelar		Eigenkapital og gjeld	
PENGEBEHALDNING		EIGENKAPITAL	
Hovudkonto DNB 0531.35.66163	85 827,85	Inngående balanse 31.12.24	64 542,40
Kontantkasse	0,00	Resultat 2025	22 002,74
Sum	85 827,85	Sum	86 545,14
FORDRINGAR		KORTSIKTIG GJELD	
Vestland SV 2025	1 417,85	Utlegg Marianne Sæhle	700,56
Sum	1 417,85	Sum	700,56
Eigendelar	<u>87 245,70</u>	Eigenkapital og gjeld	<u>87 245,70</u>

Framlegg til revidert arbeidsplan for Vestland SV 2024-2028



For dei mange
- ikkje for dei få

Innhald

1. Innleiing	2
2. Politisk situasjon.....	2
3. Organisatorisk situasjon.....	2
4. Kor ynskjer Vestland SV å vera i 2027	3
4.1. Mål: Fleire og aktive medlemmar	4
4.1.1. Delmål: Aktivitet og aktive medlemmar.....	4
4.1.3. Delmål: Meir mangfaldig representasjon i fylkeslaget.....	6
4.2. Mål: Godt skulerte tillitsvalde, folkevalde og kandidatar.....	6
4.2.1. Delmål: Godt skulerte tillitsvalde som er trygge i rolla si	7
4.2.2. Delmål: Godt skulerte folkevalde som deler erfaringar seg imellom.....	7
4.2.3. Delmål: Godt skulerte kandidatar til fylkestings- og lokalvalet.....	7
Mål: Eit solid og veldrive fylkeslag.....	8
4.2.4. Delmål: Styrkje økonomien i fylkeslaget.....	8
4.2.6. Delmål: Nytte ressursbanken og digitale verktøy til å jobbe smartare	9
4.2.7. Delmål: Arbeidsplanen skal vera eit arbeidsdokument for fylkesstyret som sikrar at dei gjennomfører det årsmøtet ynskjer.	10
4.3. Mål: Aktive utval som bidreg til politikktutvikling og medlems-aktivitet.....	10
4.4. Mål: Godt samarbeid med Sosialistisk Ungdom.....	12
4.4.1. Delmål: Eit godt samarbeid med Sosialistisk Ungdom.....	12
4.4.2. Delmål: Støtte Sosialistisk ungdom til å vinne skulevalet.....	12

Sak 5: Arbeidsplan

1. Innleiing

Arbeids- og organisasjonsplanen er Vestland SV sin overordna strategi for det organisatoriske arbeidet i perioden 2026-2027. Planen skal setje langsiktige og mål for perioden og peike på dei viktigaste prioriteringane for det komande året.

Ein solid organisasjon og aktive medlemmar er ein føresetnad for gode valresultat og politiske gjennomslag, det vert ingen sosialisme utan organisering. For å organisere oss best mogleg er det viktig at me har det same utgangspunktet og dei same målsetjingane. Arbeidsplanen saman med budsjettet er årsmøtet sine viktigaste reiskap for å sikre at fylkesstyret gjennomfører det medlemsdemokratiet ynskjer.

1.1. Prinsippa for handsaming av planen

- Arbeidsplanen vert vedteken av fylkesårsmøtet etter framlegg frå fylkesstyret. Planen skal reviderast annakvart år i mellomvalår. Det fyrste årsmøtet etter eit lokal- og fylkestingsval vedtek ein ny plan for fire år.
- Planen gjeld for heile fylkeslaget og skal følgjast opp av fylkesstyret, fylkestingsgruppa, lokallaga og dei tilsette i fylkeslaget.
- Det er fylkesstyret som har det overordna ansvaret for å følgje opp og prioritere mellom måla i planen.
- Planen må sjåast i samanheng med Vestland SV sitt budsjett.
- Fylkesstyret rapporterer årleg til årsmøtet om status for måla i planen.

2. Politisk situasjon

I lokalvalet i 2023 gjorde SV eit historisk val, og no har me heile 69 folkevalde i 30 kommunar og 5 folkevalde på fylkestinget. Me har og ein varaordførar og tre heiltidsfolkevalde, noko som bidreg til at fleire ser resultata av å ha SV-arar i kommunestyra, på fylkestinget og på Stortinget. Samstundes vart fleirtalet på høgresida styrka i mange kommunar, noko som betydde at mange av dei innvalde representantane våre hamna i opposisjon. Ein posisjon som kan vere krevjande, særleg for dei små og mellomstore lokallaga våre. Satsing på regionale samlingar, erfaringsutveksling og skulering med utgangspunkt i egen region og politiske mål, samt plan for forventa aktivitet basert på tal medlemmar i lokallaget bør difor vere eit fokus i samarbeidet mellom fylkeslaget og lokallaga.

3. Organisatorisk situasjon

Medlemmane er vår viktigaste ressurs for å utvikle politikk, sikre at me forstår lokalsamfunna godt og for å mobilisere rundt dei politiske måla våre. Å auke medlemstalet må framleis vere ei viktig prioritering, men å behalde medlemmar og byggje lojalitet, tilhøyra og aktivitet skal prioriterast høgare.

SV sine medlemmar skal vite at dei er partiets viktigaste ressurs og kva me treng at dei bidreg med. Lokallaga skal støttast i å arbeide systematisk for å opprette og pleie kontakten med medlemmane. Samt ha gode rutinar for å ta imot og aktivisere nye medlemmar.

Sak 5: Arbeidsplan

SV skal vere partiet i fylket som kjenner sine nærmiljø og innbyggjarane best. Me skal ta opp saker, og vise korleis vi organiserer arbeid og politikk rundt kva folk er opptekne av. I 2026 skal heile organisasjonen ha som hovudmål å snakke med flest mogleg i lokalsamfunna i forkant av valet i 2027. Me skal utvikle strukturar for direkte kontakt med veljarane. Særleg vil satsinga på dørbank være viktig, kor fokuset skal vere å høyre med innbyggjarane «kva er viktig for deg?». Innspel frå lokalsamfunna på tema og saker skal nyttast som innspel til valprogram for kommune- og fylkestingsvalet i 2027.

3.1. Mange små og eit kjempestort lokallag

Vestland SV har 30 lokallag med stor variasjon i medlemstal. Halvparten av lokallaga er små lag med mindre enn 30 medlemmar og i motsett ende av skalaen har Bergen rett over halvparten av medlemmane i fylket. Ved utgangen av 2025 hadde 17 av lokallaga mindre enn 30 medlemmar, 7 lag hadde mellom 30 og 59 medlemmar, 4 lag hadde mellom 60 og 89 medlemmar, Sogndal SV hadde 103 medlemmar og Bergen SV hadde 1052 medlemmar.

I dei små lokallaga ser ein ofte at det er nokre få engasjerte nøkkelpersonar som held oppe aktiviteten. Ein del lokallagsstyre har få aktive medlem og dei same personane har gjerne fleire verv i organisasjonen anten det er i kommunestyret, utval eller lokallagsstyret. Om for mykje ansvar ligg på ein person og ein opplev at ein ikkje strekk til slik ein skulle ynskje, kan det kan føre til at folk ikkje klarar å stå i rollene over tid eller at nye kvir seg for å ta på seg verv. I verste fall kan dette føre til at lag ikkje klarar å stille lister eller vert lagt ned. Det er difor viktig at Vestland SV prioriterer ressursar til å støtte mindre lokale lag.

Hausten 2025 vart det sett ned ei arbeidsgruppe som har henta innspel frå små og mellomstore lokallag. Innspel frå desse er teken inn som tiltak i denne arbeidsplanen.

4. Kor ynskjer Vestland SV å vera i 2027

I 2027 har Vestland SV fleire og aktive medlemmar som veit at dei er viktige for valkamp og politikkutvikling. Me har betre skulerte tillitsvalde, folkevalde og kandidatar som er trygge i rollene sine. Me har aktive utval og ein veldrive organisasjon med godt samarbeid mellom dei ulike ledda.

Me har brote ned visjonen til følgjande mål:

1. Fleire og aktive medlemmar
2. Godt skulerte tillitsvalde, folkevalde og kandidatar
3. Eit solid og veldrive fylkeslag
4. Aktive utval som bidreg til politikkutvikling og medlemsaktivitet
5. Godt samarbeid med Sosialistisk Ungdom

Det overordna målet for perioden er å styrke organisasjonen si evne til å snakke med og mobilisere folk. Noko som krev eit systematisk arbeid over tid, godt skulerte tillitsvalde og oppfølging ut frå dei behova lokallaga måtte ha.

Sak 5: Arbeidsplan

4.1. Mål: Fleire og aktive medlemmar

Medlemmane er berebjelken til ein kvar organisasjon. Vestland SV skal vere eit parti for og av folket. Det er difor viktig med eit talrikt mangfald av menneske med ulike bakgrunnar, perspektiv og syn.

Dette krev eit kontinuerleg arbeide for at Vestland SV alltid er ein stad der mangfaldige grupperingar av medlemmar opplever eit trygt rom kor deira meiningar vert høyrde og lytta til. Å jobbe med partikultur, meningsutveksling, og skape rom for engasjement blir viktig parallelt med å kjempe for gjennomslag for politikken veljarane har stemt på oss for

4.1.1. Delmål: Aktivitet og aktive medlemmar

Aktive medlemmar bidreg til idear og meningsbryting og er avgjerande for å utvikle politikken vår, rekruttere nye medlem og for å vinne val. Medlemmane våre skal involverast og gis moglegheit for påverking av politikkutvikling i fylkeslaget, noko som forutset gode prosesser med tilstrekkeleg tid. Og at medlemmane veit korleis dei kan bidra i kampanjar for å auke moglegheitene for gjennomslag i forbindelse med budsjettforhandlingar eller andre større hendingar.

Det overordna målet for perioden er å styrke organisasjonens evne til å snakke med og mobilisere folk. Dette krev eit systematisk arbeid over tid og godt skulerte tillitsvalte.

Partiet skal utvikle strukturar for direkte veljarkontakt. Særleg vil satsinga på dørbank vere viktig. SV skal vere partiet i kommunen som kjenner nærmiljøet og innbyggjarane sitt best. Vi skal ta opp saker, og vise korleis vi organiserer rundt kva folk er opptekne av.

Å auka medlemstalet skal framleis vere ei viktig prioritering, samstundes skal det å behalde medlemmer, byggje lojalitet, høyre til og aktivitet prioriterast høgare. Lokallaga skal arbeide systematisk for å opprette og pleie kontakten med medlemmane. Laga skal ha gode rutinar for å ta imot og aktivisere nye medlemmer.

Fleire mindre lokallag har utfordringar med å oppretthalde aktivitet og rekruttere medlemmar. For å engasjere medlemmar til å vere aktive, rekruttere og sikre at det er fleire som stiller liste, er det viktig å jobbe systematisk med dette i lokallaga. Om aktiviteten i laga aukar, vi får fleire av medlemmane engasjerte og lojale vil vi og auke talet stemmer frå ikkje medlemmar.

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
1	Alle medlemmar i fylkeslaget skal ringjast før valkampen og få informasjon om korleis dei kan bidra enten aktivt eller ved å flagge standpunkt.	Før sommaren 2027	Lokallaga (gjennomføre ringing) og fylkesstyret.

Sak 5: Arbeidsplan

2	Medlemmar vert oppringt og invitert med i forkant av aktivitetar	Kontinuerleg	Lokallaga (gjennomføre ringing) og Fylkesstyret
---	--	--------------	---

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
3 Medlemmar i lokal- og fylkelag skal ringast for at laget skal få utbetalt midlar frå organisasjonsfondet.	Kontinuerleg	Lokallaga (gjennomføre ringing) og Fylkesstyret
4 Alle nye medlemmar skal i løpet av det fyrste halve året bli inviterte med på medlemsaktivitet. Dersom medlemmen kjem frå ein kommune utan SV-lag kan dei koplatt på eit nærliggjande lokallag.	Kontinuerleg	Lokallaga og fylkesstyret (for medlem utan lokallag)
5 Lokallaga skal invitere medlemmar frå kringliggjande lag på medlemsaktivitetar	Kontinuerleg	Lokallaga
6 Ha ein dørbankansvarleg for fylket, med ansvar for å følge opp arbeidet frå lokallaga for å nå dei lokale måla i dørbankplanen.	2026	Fylkesstyret og programkomiteen
7 Støtte lokallag i medlemskontakten deira og hjelpe til i mobiliseringsringing.	Gjennom året	Fylkesstyret
8 Utarbeide og gjennomføre ein plan for listestilling i samband med kommune- og fylkestingsvalet 2027 i samarbeid med partikontoret.	Haust 2026	Fylkesstyret og sekretær

4.1.2. Delmål: Styrkje lokallag med få aktive medlem

Vestland SV har mange små lokallag der eit fåtal engasjerte nøkkelpersonar står for mykje av aktiviteten. For å gjere dei minste laga meir robuste og sikre at me klarar å stille flest moglege lister, er det eit mål i styrkje små lokallaga med få aktive medlemmar.

Vestland SV skal arbeide spesielt for å støtte lokallag med færre enn 30 medlemmar, slik at desse får høve til to delegatar ved fylkesårsmøte.

Sak 5: Arbeidsplan

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
1 Vestland SV skal hjelpe små lokallag med organisasjonsbygging gjennom kursing av tillitsvalde.	I mellomvalår	Fylkesstyret
2 Vestland SV skal legge til rette for bruk av alle digital verktøy tilbyd av SV-sentralt for å styrkje aktiviteten i lokallaga.	Våren 2026	Fylkessekretæren
3 Vestland SV skal legge til rette for tettare samarbeid gjennom å skape møtepunkt mellom geografisk nærstående lokallag.	2026-2027	Fylkesstyret
4 Vestland SV skal, i tillegg til digitale samlingar, legge til rette for årlege fysiske regionale samlingar.	2026-2027	Fylkesstyret

4.1.3. Delmål: Meir mangfaldig representasjon i fylkeslaget

Nokre grupper lyt me arbeide meir systematisk måte for å tiltrekkje oss. Me ynskjer å nå ut til fleire minoritetar, og få dei til å bli medlemar og aktive i partiet. Me lyt nå ut til fleire unge vaksne, og fagorganiserte, spesielt i distriktslaga våre.

I arbeidet i framkant av listestilling til kommune- og fylkesting, er det særst viktig å få fleire frå dei gruppene me ynskjer å rekruttere inn på våre samlingar.

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
1 Fylkesstyret skal saman med utvala og lokallaga arbeide for å finne kandidatar med bakgrunn frå underrepresenterte grupper.	Årleg før års- og nominasjonsmøta	Fylkesstyret, utvalsleiarane, lokallaga
2 Vestland SV skal vere til stades på viktige arrangement til organisasjonar og rørsler me har samanfallande interesser med. Fylkeslaget skal særleg prioritere arrangement som rettar seg mot minoritetar og andre grupper me ynskjer å tiltrekkje oss.	Kontinuerleg	Fylkesstyret, utvala

4.2. Mål: Godt skulerte tillitsvalde, folkevalde og kandidatar

Ein av prioriteringa til Vestland SV vil vere å skulere tillitsvalde, folkevalde og kandidatar slik at dei er godt kjend med vervet dei har, korleis jobbe strategisk og politisk samt korleis byggje medlemmar som lokallaget sin viktigaste ressurs.

Det er særleg viktig med skulering i åra som ikkje er valår slik at dei tillitsvalde kan prioritere dette. Alle lokallagsleiarar og fylkesleiarar skal gjennomføra kurs for tillitsvalde og få tilbod om vidare skulering med fokus på rolla som leiar og utvikling av SV som organisasjon. Skuleringstilbodet i Vestland SV skal vere systematisk og pågåande.

Sak 5: Arbeidsplan

4.2.1. Delmål: Godt skulerte tillitsvalde som er trygge i rolla si

SV er oppteken av skulering i verv i denne perioden. Vestland SV vil også legge til rette for at medlem i fylket er godt skulert i organisasjonsbygging, retoriske verkemiddel, arbeid i kommunestyret og sosiale media.

Fylkeslaget skal bidra til skulering av kandidatar og aktivistar til vala i 2027.

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
1 Alle fylkesstyremedlemmer og fylkesleiarar skal gjennomføre eit eige styreprogram	Årleg	AU
2 Gjennomføre regionale samlingar for tillitsvalde i lokallaga. Dei skal vere praktiske og sørge for erfaringsutveksling og øving i det vi skal bli gode på. Kursa er ei vidareføring av innhaldet frå e-læringskursa.	Fleire kvart år.	Fylkesstyret
3 Fylkeslaget skal bidra til skulering av kandidatar og aktivistar til vala i 2027 og 2029.	2026-2027	Fylkesstyret

4.2.2. Delmål: Godt skulerte folkevalde som deler erfaringar seg imellom

For å få best mogleg gjennomslag må me ha godt skulerte folkevalde. Folkevalde skal ha tilbod om oppfølging og erfaringsdeling gjennom perioden:

- Kursing, skulering og hjelp til våre folkevalde på alle nivå skal vere ein viktig del av arbeidet.
- Alle folkevalde skal ha fysiske og digitale møteplassar i partiet.
- Unge folkevalde og folkevalde med minoritetsbakgrunn skal få ei spesiell oppfølging.

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
1 Skape møteplassar for dei folkevalde i fylket gjennom erfaringsmøte regionalt	2026 – 2027 2 gonger i året	Fylkesstyret v/ dei regionale teama
2 Arrangere halvårlege digitale møter mellom folkevalde og regionale team	2 gonger årleg	Fylkesstyret
3 Fylkeslaget skal tilby lokallaga fadderordning for folkevalde som høyrer til ei minoritetsgruppe for bistand og støtte ved høve.	Kontinuerleg	Folkevald-ansvarleg

4.2.3. Delmål: Godt skulerte kandidatar til fylkestings- og lokalvalet

For å få gode valresultat må me ha godt skulerte kandidatar. Å sørge for at de folkevalde har den nødvendige opplæringa, støtta og tilfang av idear og forslag er avgjerande for at vi skal kunne bygge truverdighet i lokalsamfunn og som parti. Ingen er ferdig skulerte.

Sak 5: Arbeidsplan

Tiltak		Gjennomføring	Ansvarleg
1	Vestland SV skal bidra med skulering i valkamp og rolla som førstekandidat for dei lokale folkevalde i fylket.	Planlegging hausten 2026, gjennomføring våren 2027	Fylkesstyret
2	Organisere skulering i bruk av dørbank som verkemiddel i lokallaga.	2026	Fylkesstyret og dørbank-ansvarleg
3	Alle fylkesstyremedlemmer og fylkesleiarar skal gjennomføre et eige styreprogram.	2026	Sentralt
4	Fylkeslaget skal bidra til skulering av kandidatar og aktivistar til valet i 2027.	2027	Fylkesstyret

Mål: Eit solid og veldrive fylkeslag

I dag er det for stor del av aktiviteten som handlar om administrasjon og å handtere innkommande saker, utan at det kjem så mykje handling ut av det. SV skal bli flinkare til å bruke aktivitetar, arrangement og møte for å nå politiske mål.

4.2.4. Delmål: Styrkje økonomien i fylkeslaget

Det er for kommande periode viktig at Vestland SV ytterlegare styrkar økonomien, og økonomiarbeidet sitt. Å styrkje lokallaga sitt økonomiarbeid er ein føresetnad for ein god organisasjon over tid. Det er viktig at lokallaga ikkje står aleine om økonomiarbeidet.

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
1	Informasjon om korleis ein vert givar via frivillig- kontingent ordninga skal være enkelt tilgjengeleg på Vestland SV og lokallagas nettsider.	Kontinuerleg	Fylkessekretær Fylkesstyret v/ regionale fadrar
2	Utarbeide og gjennomføre plan for å auke inntekter frå frivillig kontingent, vipps-aksjonar og enkeltgåver, samt andre kjelder til finansiering.	Kontinuerleg	Kasserar, fylkessekretær
3	Fylkeslaget skal følgje opp lokallaga sin praksis med partiskatt, og sørge for at partiet sine vedtektene følgast.	Kontinuerleg	Kasserar, fylkessekretær
4	Kandidatane skal gjerast kjent med partiskatt før nominasjonsmøta.	Før nominasjonsmøta	Valnemndene for fylkes- og lokalvala
5	Det skal gjennomførast skuleringsopplegg i økonomistyring og regnskapsføring for lokallag.	Våren 2026	Kasserar og fylkessekretæren

Sak 5: Arbeidsplan

4.2.5. Delmål: Godt samarbeid mellom fylket og lokallaga og lokallag

imellom Eit godt samarbeid med lokallaga, og lokallaga seg imellom, er viktig for å nå måla våre. Ved å vere tilgjengelege for og behjelpelege ovanfor kvarandre kan ein sikre at informasjonsflyten er god, at behova til laga vert møtt og at me alle vert sterkare.

I Vestland har me mange lokallag som finn på kreative aksjonar og tilstellingar. Det bør vere eit mål at lokallaga deler gode døme og idear slik at me kan lære av kvarandre.

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
1	Alle lokallaga skal ringes opp mellom kvart fylkesstyremøte	Kontinuerleg	Fylkesstyret
2	Arbeidsutvala i Vestland og Bergen SV skal ha eit årleg møte for å snakke om sakar som rører begge partar, til dømes å koordinere arbeid, drift og dei tilsette sine arbeidsforhold.	Årleg	Fylkesstyret

4.2.6. Delmål: Nytte ressursbanken og digitale verktøy til å jobbe smartare

Digitale verktøy mogleggjer meir effektiv mobilisering og organisering. Dette kan betre slagkrafta vår når det gjeld å få budskapet og folka våre ut. Det er eit mål at alle mellomstore lokallag skal nytte Zetk.in.

SV sin ressursbank har gode verktøy for arbeidet i lokallaga, og vil saman med erfaringsutveksling vere gode reisepa i det lokale arbeidet.

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
1	Fylkesstyret skal kontakte alle lokallag med 50 eller fleire medlem og oppmode dei til å nytte Zetk.in	Våren 2026	Fylkesstyret
2	Fylkeslaget skal leggje til rette for at så mange lokallag som mogleg skal ta i bruk Zetk.in og andre digitale verktøy SV sentralt tilbyr, til dømes ressursbanken.	Våren 2026	Fylkesstyret og fylkessekretæren
3	Organisasjonen skal skulerast i Zetk.in som er eit mobiliserings- og organiseringsverktøy kor ein kan organisere og melde seg på aktivitetar.	Våren 2026	Fylkesstyret, fylkessekretæren
4	Bruke regionale samlingar til å gjere ressursbanken kjend saman med erfaringsutveksling og idear. Orientere om Fylkesstyret som støttefunksjon.	Kontinuerleg	Fylkesstyret

Sak 5: Arbeidsplan

4.2.7. Delmål: Arbeidsplanen skal vera eit arbeidsdokument for fylkesstyret som sikrar at dei gjennomfører det årsmøtet ynskjer.

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
1 Fylkesstyret skal, kort tid etter fylkesårsmøtet, samlast for å operasjonalisere måla i planen. Fylkesstyret skal prioritere kva mål som skal gjennomførast fyrst og sist, tidfeste gjennomføringa av måla for året, konkretisere måla til handfaste oppgåver og fordele oppgåvene mellom medlemmane i styret.	Innan utgangen av mars 2026	AU (leggje rammer), fylkesstyret

4.3. Mål: Aktive utval som bidreg til politikkutvikling og medlems-aktivitet

Utval både nasjonalt og lokalt gjer ein viktig del av arbeidet for å skape ny, inkluderande politikk. Utvala må sjølve skape aktivitet, men fylkesstyret og fylkeslaget skal legge til rette for gode og aktive utval gjennom perioden.

Vestland SV har som mål å ha kvinnepolitisk-, miljøpolitisk-, fagleg-, distriktpolitisk-, internasjonalt- og inkluderingspolitisk utval. Vestland SV startar opp eit landbrukspolitisk nettverk. Om medlemmer er interessert i å starte andre utval eller nettverk, bør Vestland SV støtte dette.

For å få ut det fulle potensialet av utvala må dei ha ei breiast mogleg forankring i ulike miljø og i heile fylket. Utvala skal, så langt det er mogeleg, være mangfaldige og representere heile fylket.

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
1 Fylkesstyret set ned utvala og skal være delaktig i å rekruttere nye medlemmar.	Ikkje meir enn to månader etter årsmøtet	Fylkesstyret, AU, utvals-Leiarane
2 Lokallaga skal hjelpe til med å leite etter gode kandidatar til utvala	Rett etter årsmøtet	Alle årsmøte-utsendingane
3 SU skal inviterast til å melde inn kandidatar til utvala	Rett etter årsmøtet	AU og fylkessekretæren
4 Fylkesstyret skal saman med utvalsleiarane evaluere mandat og forventningar og roller til utvala sitt arbeid	Mandat: Annakvart år Forventningar: Årleg	Utvalsleiarane og fylkesstyret

Sak 5: Arbeidsplan

Tiltak		Gjennomføring	Ansvar
5	Utvala skal årleg arrangere ein aktivitet knytt til sitt arbeidsområde, som er open for alle	Årleg	Utvalsleiarane
6	Utvala har ansvar for å halde kontakt med relevante rørsler innan utvalet på sitt felt	Kontinuerleg	Utvalsleiarane
7	Utvala har ansvar for å markere relevante merkedagar og bidra til mobilisering før desse.	Kontinuerleg	Utvalsleiarane
8	Utvalsleiar skal oppdatere fylkesstyret på kvart fylkesstyremøte	Kontinuerleg	Utvalsleiarane
9	Utvala skal delta på skuleringsopplegg frå sentralt innanfor sine område	Kontinuerleg	Utvalsleiarane
10	Politisk nestleiar skal ha oversikt over aktiviteten i utvala og skal hjelpe utvalsleiarane å utøve mandatet sitt.	Ved behov	Politisk nestleiar
11	Vestland SV skal vere til stades på viktige arrangement til organisasjonar og rørsler me har samanfallande interesser med.	Gjennom året	Fylkestingsgruppa og utvala
12	Sjå på moglegheita for å søke samarbeid med fagrørsla.	2026-2027	Fylkesstyret

Sak 5: Arbeidsplan

4.4. Mål: Godt samarbeid med Sosialistisk Ungdom

Eit sterkt Sosialistisk ungdom (SU) styrker partiet vårt. Ungdomane i Vestland SU er særst viktige for SV og eit godt samarbeid gjer oss betre. SU med sine mange unge, engasjerte og erfarne aktivistar ber skulevalkampen, og står dessutan for eit avgjerande valkampsbidrag for partiet.

4.4.1. Delmål: Eit godt samarbeid med Sosialistisk Ungdom

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
1 Fylkesleiar skal to gongar i året invitere til samarbeidsmøte mellom leiinga i Vestland SV og Vestland SU. Dersom det er naudsynt blir det teke initiativ til fleire. Utover dette skal leiinga søkje å halde god kontakt og informere kvarandre.		Fylkesleiar
2 SU deltek på fylkesårsmøta med si eiga kvote og har også eigne representantar i ulike nemnder og i utvala. I tillegg vert Vestland SU inviterte til seminar og samlingar i Vestland SV. Dette er viktig for å bli kjent med kvarandre, dele erfaringar og å lære av kvarandre.	Ved høve	Fylkesstyret, SU
3 Gje SU-medlemmar i distrikta som t.d. ikkje har lag i kommunen sin høve til å velje å vera aktiv i sitt lokale SV-lag. Vestland SU skal informere lokallaga om SU-medlem utan SU-lokallag.	Kontinuerleg	Fylkesstyret Lokallag utan SU-lag Vestland SU

4.4.2. Delmål: Støtte Sosialistisk ungdom til å vinne skulevalet

Sosialistisk Ungdom skal få god støtte under skulevalkampen og saman skal me vinne han!

Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
1 SU organiserer og gjennomfører skulevalkampen og ber om hjelp frå SV om det trengst.	I samband med skulevalkampen	Vestland SU
2 Fylkessekretær skal vere tilgjengeleg for å finne sjåførar og anna logistikkhjelp for å gjennomføre skulevalkampen.	I samband med skulevalkampen	Fylkessekretæren

Sak 6: Framlegg til budsjett for Vestland SV

Inntekter	Rekneskap 25	Budsjett 26	Budsjett 27	Budsjett 28
Offentleg støtte	835 622,92	865 703,44	900 331,58	936 344,84
Medlemskontingent	227 975,00	310 000,00	310 000,00	310 000,00
Autogirogaver	35 600,00	35 000,00	35 000,00	35 000,00
Partiskatt	218 577,95	227 321,07	236 413,91	245 870,47
Andre private bidrag	16 198,25	17 000,00	20 000,00	25 000,00
Renteinntektar	0,00	1 000,00	0,00	1 000,00
Adm.kostnader FT	231 750,00	243 337,50	255 504,38	268 279,59
Lønskostnader FT	566 500,00	594 825,00	624 566,25	655 794,56
Lønskostnader BSV	130 831,13	176 918,17	183 994,89	191 354,69
Eigenandel fylkesårsmøte	100 000,00	120 000,00	120 000,00	120 000,00
Eigenandel nominasjon	0,00	80 000,00	0,00	80 000,00
Nominasjonsmøte FT	0,00	50 000,00	0,00	0,00
Bidrag frå SV sentralt	50 000,00	0,00	0,00	0,00
Diverse	15 447,67	0,00	0,00	0,00
Sum inntekter	2 428 502,92	2 721 105,18	2 685 811,00	2 868 644,15

Årsmøte 2026 – Vestland Sosialistisk Venstreparti
Sak 5: Arbeidsplan



Utgifter	2025	2026	2027	2028
Kontorleige	146 920,00	152 796,80	158 908,67	165 265,02
Kontordrift	92 418,57	96 115,31	99 959,93	103 958,32
Kontortenester	37 579,57	25 000,00	25 000,00	25 000,00
Kontorutstyr	2 257,09	3 000,00	3 000,00	3 000,00
Bankgebyr	3 036,24	2 500,00	3 000,00	2 500,00
Personalkostnader	1 367 333,00	1 557 722,60	1 650 031,50	1 716 032,76
Personal: Reise o.l.	26 026,65	25 000,00	25 000,00	25 000,00
Møter/reiser	12 862,30	15 000,00	15 000,00	15 000,00
Dørbank	0,00	20 000,00	40 000,00	20 000,00
Fylkesstyret	7 379,82	13 000,00	13 000,00	13 000,00
Landsstyret	20 000,00	20 000,00	20 000,00	20 000,00
Politiske utval	6 000,45	10 000,00	10 000,00	10 000,00
Fylkesårsmøte	209 194,37	200 000,00	200 000,00	200 000,00
Landsmøte	210 315,28	0,00	200 000,00	0,00
Nominasjonsmøte	0,00	120 000,00	0,00	120 000,00
Nominasjonsnemnd	0,00	5 000,00	0,00	5 000,00
Gåver	8 781,00	5 000,00	5 000,00	5 000,00
Løyvingar	2 000,00	0,00	0,00	0,00
Vestland SU	75 000,00	60 000,00	60 000,00	60 000,00
Valkamp	605 645,14	0,00	450 000,00	0,00
Annonsering	0,00	5 000,00	5 000,00	5 000,00
Sum utgifter	2 832 749,48	2 335 134,71	2 982 900,10	2 513 756,10
Resultat per år	-404 246,56	385 970,47	-297 089,09	354 888,05
Resultat fire år	39 522,86			

Framlegg til vedtektsendringar

V1

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV

Type forslag: endringsforslag

Gjeldt: § 4.1 Fylkesstyrets ansvar og oppgåver

Forslag:

siste setning .. "deltek i utforminga av politisk bodskap og arbeidsområde." (Erstattar "deltek i utforminga av politiske bodskapen og arbeidsområda".)

V2

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV

Type forslag: endringsforslag

Gjeldt: § 4.2 Samansetning av fylkesstyret

Forslag:

Ordet "pr" i 2.avsnitt vert retta til "år".

V3

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV

Type forslag: endringsforslag

Gjeldt: § 4.4 Deltakarar med tale- og framleggsrett

Forslag:

Artikkelbruken "ein medlem" vert retta til "eit medlem".

V4

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV

Type forslag: endringsforslag

Gjeldt: § 4.8 Utval og nemder

Forslag:

Skrive "naudsynt" i staden for "trong".

Sak 7: Vedtekter

V5

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV

Type forslag: tilleggsforslag

Gjeldt: § 5.2 Ansvar og oppgåver

Forslag:

Nominasjonsmøtet vedtek det endelege listeframlegget. Fylkesstyret har mynde til å gjere naudsynte språklege endringar, presiseringar av namn og liknande i førebuingane til innsending av vallista. Dersom det syner seg at nokre av dei nominerte må takast av ut lista av ulike grunnar, kan fylkesstyret, om det let seg gjere, leggje fram vedtakssak til fylkesårsmøtet eller sjølv gjere vedtak om å justere lista med nye namn.

V6

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV

Type forslag: endringsforslag

Gjeldt: § 6.2 Ansvar og oppgåver

Forslag:

Nytt tillegg etter denne setninga «Nominasjonsmøtet vedtek det endelege listeframlegget»:

«Fylkesstyret har mynde til å gjere naudsynte språklege endringar, presiseringar av namn og liknande i førebuingane til innsending av vallista. Dersom det syner seg at nokre av dei nominerte må takast av ut lista av ulike grunnar, kan fylkesstyret, om det let seg gjere, leggje fram vedtakssak til fylkesårsmøtet eller sjølv gjere vedtak om å justere lista med nye namn.»

V7

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV

Type forslag: tilleggsforslag

Gjeldt: §12 blir endra til talet 11 Tolking av vedtekter

Forslag ny § 11:

Dersom det er tvil om tolkinga av vedtektene er det fylkesstyret si tolking som ligger til grunn inntil påfølgande fylkesårsmøte. Då skal årsmøtet ta stilling til korleis vedtektene skal tolkast.

Sak 7: Vedtekter

For tilhøve som ikkje vert omfatta av desse vedtektene, gjeld vedtektene for SV -- Sosialistisk Venstreparti.

Vedtekter for Vestland SV

§ 1:

Desse vedtektene gjeld for Vestland Sosialistiske Venstreparti. Vestland SV er fylkeslag i Sosialistisk Venstreparti og omfattar dei tidlegare fylkeslaga Hordaland SV og Sogn og Fjordane SV.

§ 2:

Vestland SV har følgjande organ:

- a. Fylkesårsmøte
- b. Fylkesstyre
- c. Arbeidsutval
- d. Nominasjonsmøte
- e. Regionmøte for Hordaland og for Sogn og Fjordane
- f. Utval og nemnder sett ned av fylkesårsmøtet eller fylkesstyret

Kapittel I: Fylkesårsmøtet

§ 3: Fylkesårsmøtet

Fylkesårsmøtet er det høgste organet i fylkeslaget. Det vert halde fylkesårsmøte ein gong i året, innan utgangen av februar og alltid framkant av landsmøtet.

§3.1 Innkalling til fylkesårsmøte

Fylkesstyret kallar inn til fylkesårsmøte. Kunngjering må sendast lokallaga seinast 30 dagar før møtet. Lokallaga eller enkeltmedlemmer som ønskjer å reise saker på fylkesårsmøtet, må sende framlegg til fylkesstyret seinast 14 dagar etter kunngjering. Innkalling til årsmøtet med dagsorden må sendast ut seinast ei veke før møtet.

§ 3.2 Samansetjing av fylkesårsmøtet

Lokallaga får 1 utsending for kvar påbyrja 30 medlemmer. Det sentrale medlemsregisteret til SV den 31.12 året før fylkesårsmøtet vert lagt til grunn for utrekninga. Ingen lokallag kan likevel ha meir enn 40% av det samla talet på moglege lokallagsrepresentantar.

Fylkesstyret deltek med fulle rettar på fylkesårsmøtet. Fylkesstyret har ikkje røysterett i saker som gjeld rekneskap.

Sosialistisk Ungdom kan møte med inntil 10 representantar med fulle rettar. SU avgjer sjølv valordninga for desse.

Fylkestingsmedlemane for Vestland SV kan møte med talerett i fylkesårsmøtet.

Fylkesårsmøtet er elles ope for alle medlemmer i fylkespartiet. Fylkesårsmøtet kan i kvart enkelt høve tildele talerett.

§ 3.3 Handsaming av saker

Fylkesårsmøtet godkjenner innkallinga til møtet, vel møteleiar, referent, to protokollunderskrivarar, minst ei redaksjonsnemnd og vedtek dagsorden for møtet som sak 1. Fylkesstyret har ansvar for å førebu og legge fram årsmelding, revidert rekneskap, arbeidsplan, budsjett og innkomne framlegg. Fylkesårsmøtet skal minst handsame årsmelding, revidert rekneskap, arbeidsplan, budsjett, innkomne framlegg og velje fylkesstyre og to revisorar.

Annakvart år vel fylkesårsmøtet etter framlegg frå fylkesstyret ei nominasjonsnemnd. Året før fylkestingsval vel fylkesårsmøtet ei programnemnd. I år med landsmøte vel fylkesårsmøtet landsmøtedelegasjon med liste over varamedlemmer etter framlegg frå fylkesstyret. I år med fylkestingsval handsamar fylkesårsmøtet fylkespolitiske hovudprioriteringar og valprogram for den kommande valperioden.

Protokoll for fylkesårsmøtet skal sendast protokollunderskrivarane innan to veker. Protokollen skal vere underskriven og godkjent etter fire veker. Protokollen skal deretter gjerast kjent på høveleg vis, sendast til lokallaga og til SV sentralt.

§ 3.4 Valnemnd

Fylkesårsmøtet vel valnemnd etter framlegg frå fylkesstyret. Valnemnda vert valde for årsmøteperioden og skal ha minst 5 medlemmer. Medlemmene av valnemnda vert valde for 2 år. Det skal gjerast ei rullering slik at det vert vald minst to nye medlemmer kvart år. Leiar vert vald av fylkesårsmøtet. Fylkesstyret tilrår medlemmer til valnemnda.

Valnemnda tilrår medlemmer og varamedlemmer til fylkesstyret og revisorar.

§ 3.5 Nominasjonsnemnd

Fylkesårsmøtet vel nominasjonsnemndene. Valprosessen er omtalt i kap. III og kap. IV. Nominasjonsnemnda for fylkestinget skal ha 5 medlemmer og god geografisk spreing.

Kapittel II: Fylkesstyret

§ 4.1 Fylkesstyrets ansvar og oppgåver

Fylkesstyret vert valt av fylkesårsmøtet og står til ansvar overfor fylkesårsmøtet. Fylkesstyret er ansvarleg for den daglege drifta av fylkeslaget. Fylkesstyret har ansvar for å følgje opp vedtak i program og planar vedtekne på fylkesårsmøtet, og følgje opp dei politiske målsettingane frå fylkesårsmøtet. Fylkesstyret skal verke som eit samordnande organ for å styrke det politiske arbeidet i lokallaga og partiet. Fylkesstyret skal leggje til rette for at så mange som råd av våre medlemmer og lokale lag deltek i utforminga av politiske bodskapen og arbeidsområda.

§ 4.2 Samansetjing av fylkesstyret

Til å leie fylkeslaget vel fylkesårsmøtet eit styre med leiar, politisk nestleiar, organisatorisk nestleiar, økonomiansvarleg, kvinnepolitisk ansvarleg, fagleg ansvarleg, folkevald ansvarleg, miljøpolitisk ansvarleg, distriktpolitisk ansvarleg, ein representant frå SU, i tillegg til tre styremedlemer.

Fylkesleiar og to nestleiarar skal veljast ved særskilte val. Vala til leiar og nestleiarar gjeld for eitt pr av gongen. Andre styremedlemer vert valde for 2 år. Ein skal søkje å få til ei rullering slik at om lag halvparten av styremedlemmane er på val kvart år. Viss eit styremedlem må trekkje seg i valperioden, kan fylkesstyret fatte vedtak om supplering. Slik supplering gjeld då til neste årsmøte.

Fylkesårsmøtet gjer framlegg om landsstyrerepresentantar med tre vararepresentantar for landsmøteperioden. Landsstyrerepresentantane skal vere medlem av fylkesstyret.

§ 4.3 Omsyn til representasjon

Fylkesstyret si samansetjing skal sikre ein breiast mogleg representasjon. Kjønnssfordelinga skal vere minst 40% kvinner. SU nemner sjølv opp sin representant med varamedlemmer til fylkesstyret.

§ 4.4 Deltakarar med tale- og framleggsrett

Fylkestingsgruppa har ein medlem med fulle rettar i fylkesstyret. Stortingsrepresentantar for SV frå Hordaland og Sogn og Fjordane har tale- og framleggsrett i fylkesstyret.

§ 4.5 Vedtak i fylkesstyret

Minst halvparten av dei fylkesårsmøtevalde fylkesstyremedlemmene må vere til stades om fylkesstyret skal gjere vedtak. Ved likt røystetal i fylkesstyret tel leiar si røyst dobbelt.

§ 4.6 Arbeidsutval

Fylkesstyret har eit arbeidsutval som består av leiar, organisatorisk nestleiar og politisk nestleiar. Økonomiansvarleg har tale- og framleggsrett. AU i fylkesstyret har fullmakt til å uttale seg på vegner av fylkesstyret mellom styremøta. Viktige prinsipielle saker bør leggjast fram for fylkesstyret.

§ 4.7 Utvida fylkesstyremøte

Fylkesstyret kallar inn til utvida fylkesstyremøte ein til to gonger i året, når det er trong for det eller når minst 1/3 del av lokallaga ber om det. Kvart lokallag kan møte med ein representant i desse møta som i regelen er elektronisk oppkopla.

Utvida fylkesstyremøte er eit rådgjevande organ. Det er fylkesstyret som fattar vedtak etter å ha fått innspel frå lokallaga.

§ 4.8 Utval og nemnder

Om fylkesstyret ser at det er trong for å få løyst ulike oppgåver, kan dei opprette utval eller nemnder.

Kapittel III: Nominasjon til fylkestinget

§ 5 Nominasjon til fylkestinget

Til å stå for nominasjonen har fylkeslaget ei nominasjonsnemnd og eit nominasjonsmøte.

§ 5.1 Val av nominasjonsnemnd

Fylkesstyret legg fram tilråding på medlemmer i nominasjonsnemnd for fylkesårsmøtet året før valåret. Fylkesårsmøte vel nominasjonsnemnda.

§ 5.2 Ansvar og oppgåver

Før nominasjonsnemnda utarbeider sitt fyrste framlegg til valliste skal lokallaga og medlemmer ha høve til å kome med framlegg og innspel til nemnda. Nemnda sitt fyrsteutkast skal sendast på høyring til lokallaga med rimeleg tilbakemeldingsfrist, før nemnda kunngjer sitt siste framlegg til valliste.

Nominasjonsnemnda sitt endelege listeframlegg skal vere lokallaga i hende seinast 14 dagar før møtet. Elles gjeld dei reglane for nominasjon og listeinnlevering som er gjevne i vallova eller i forskrifter til vallova.

§ 5.3 Innkalling til nominasjonsmøte

Fylkesstyret kallar inn til nominasjonsmøte. Kunngjering må sendast lokallaga seinast 30 dagar før møtet. Nominasjonsmøte skal seinast haldast som eige særsmøte på fylkesårsmøtet i valår.

§ 5.4 Samansetjing av nominasjonsmøtet

Nominasjonsmøtet vert sett saman etter same fordelinga som for fylkesårsmøtet.

Kapittel IV: Nominasjonsarbeidet framfor Stortingsval

§ 6 To valdistrikt ved stortingsval

Så lenge Hordaland og Sogn og Fjordane held fram som to valdistrikt vil det bli halde eitt nominasjonsmøte for kvart valdistrikt.

§6.1 Val av nominasjonsnemnd

Fylkesstyret legg fram tilråding til to nominasjonsnemnder for fylkesårsmøtet året før valåret. Berre utsendingane frå Sogn og Fjordane har røysterett i val av nominasjonsnemnd for Sogn og Fjordane, og berre utsendingane frå Hordaland har røysterett i val av nominasjonsnemnd for Hordaland.

§6.2 Ansvar og oppgåver

Før nominasjonsnemndene utarbeidar sitt fyrste framlegg til valliste, skal lokallaga og medlemmer ha høve til å kome med framlegg og innspel til nemnda. Nemnda sitt fyrsteutkast skal sendast på høyring til lokallaga med rimeleg tilbakemeldingsfrist, før nemnda kunngjer sitt siste framlegg til valliste. Nominasjonsnemndene sitt endelege listeframlegg skal vere lokallaga i hende seinast 14 dagar før møtet. Elles gjeld dei reglar for

nominasjon og listeinnlevering som er gjevne i vallova eller i forskrifter til vallova. Nominasjonsmøtet vedtek det endelege listeframlegget.

§ 6.3 Innkalling til nominasjonsmøte

Fylkesstyret kallar inn til to nominasjonsmøte, eitt for Hordaland og eitt for Sogn og Fjordane. Kunngjering må sendast lokallaga seinast 30 dagar før møtet. Nominasjonsmøte skal seinast haldast som eige særsmøte på fylkesårsmøtet i valår.

§ 6.4 Samansetjing av nominasjonsmøtet

Dei to valdistrikta har kvart sitt nominasjonsmøte. Ein legg SV sitt sentrale medlemsregister pr. 31.12. året før til grunn for utrekninga. Nominasjonsmøtet vert sett saman av utsendingar frå lokallaga etter same fordelinga som tidlegare nominasjonsmøte i Hordaland og Sogn og Fjordane.

For nominasjonsmøte for valkrinsen Sogn og Fjordane gjeld slik fordeling av utsendingar mellom lokallaga: Inntil 20 medlemmer: 2 utsendingar, inntil 21–35 medlemmer: 3 utsendingar, inntil 36–50 medlemmer: 4 utsendingar og over 50 medlemmer: 5 utsendingar. Sosialistisk Ungdom kan møte med tal utsendingar etter medlemstal i Sogn og Fjordane som for eit lokallag. Utsendingane må være bustadsregistrert i valdistriktet.

For nominasjonsmøte for valkrinsen Hordaland gjeld slik fordeling av utsendingar mellom lokallaga: Lokallaga med 1-15 medlemmer får 1 utsending, 16-30 medlemmer får 2 utsendingar, 31-45 medlemmer får 3 utsendingar og så vidare. Ingen lokallag kan likevel åleine ha meir enn 40% av det totale talet på moglege lokallagsutsendingar. Sju utsendingar oppnemnt av Vestland SU sitt fylkesstyre kan møte med fulle rettar på nominasjonsmøtet. Utsendingane må være bustadsregistrert i valdistriktet.

Kapittel V: Partiskatt

§ 7 Partiskatt

Alle medlemmer som er oppnemnde i heiltids- eller deltidstillitsverv på grunnlag av representasjonen til partiet i fylkestinget betaler 10 % partiskatt av brutto til fylkeslaget. Alle valde eller oppnemnde med honorar eller løn som følgjer med tillitsvervet betaler 20 % partiskatt av brutto til fylkeslaget. Ein skal ikkje betale partiskatt av tapt arbeidsforteneste og reisegodtgjering. Arbeidsutvalet skal godkjenne eventuelle unntak.

Kapittel VI: Andre reglar

§ 8 Regionmøte for Hordaland og for Sogn og Fjordane

Fylkesstyret kan invitere til eigne regionmøte for Hordaland og Sogn og Fjordane når fylkesstyret vurderer det som nyttig. Desse regionmøta gjer ikkje formelle vedtak. Det ligg til dei formelle organa.

§ 9 Ekstraordinært fylkesårsmøte

Det skal innkallast til ekstraordinært fylkesårsmøte når fylkesstyret ynskjer det eller når lokallag som representerer 1/3 av medlemmene i fylket krev det. Lokallaga vel utsendingar til ekstraordinært årsmøte i samsvar med kap. 1. Ekstraordinært fylkesårsmøte handsamar berre dei sakene som det er innkalla for å handsame.

§10 Vedtektsendringar

Vedtektsendringar kan berre gjerast av fylkesårsmøtet, og krev 2/3 fleirtal. Endringsframlegg til vedtekter må vere fylkesstyret i hende minst to veker før årsmøtet.

§12 Tolking av vedtekter

Dersom det er tvil om tolkinga av vedtektene, eller tilhøve som ikkje vert omfatta av desse vedtektene, gjeld vedtektene for SV - Sosialistisk Venstreparti.

Vedteke: 08. februar 2019

Sist endra: 12. februar 2023

Sak 8: Mandat og prosess for valprogram

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV.

Målet for programprosessen er at Vestland SV skal stille i fylkestingsvalet 2027 med eit ambisiøst, relevant og konkret valprogram som kan kommuniserast til veljarar i valkampen, og nyttast som arbeidsverktøy av den nye fylkestingsgruppa i perioden 2027-2031.

Fylkesårsmøtet vel ei programnemnd med sju medlemmer. Seks er direktevalde og ein er vald av Vestland Sosialistisk Ungdom. Nemnda skal veljast med ein leiar, og konstituerer elles seg sjølv. Nemnda skal få sekretærhjelp frå Vestland SV.

Open innspelsrunde

I løpet av mars skal nemnda sende informasjon til fylkeslaget sine medlemmer, lokallag, bydelslag, politiske utval, studentlag og Vestland SU om korleis dei kan gjere framlegg til programnemnda. Frist for å kome med innspel til nemnda skal vere søndag 31. mai.

Nemnda skal også hente innspel frå organisasjonar og rørsler som det er naturleg for SV å samarbeide med. Nemnda kan også hente innspel offentleg, og frå personar og aktørar som normalt ikkje opptre politisk.

Fyrste utkast

Programnemnda skal sende sitt fyrste utkast på høyring innan søndag 17. august. Utkastet sendast til fylkeslaget sine medlemmer, lokallag, bydelslag, politiske utval, studentlag og Vestland SU med informasjon om korleis dei kan gje innspel. Utkastet skal også publiserast offentleg.

Frist for å levere innspel til fyrste utkast er søndag 13. september.

Andre utkast

Programnemnda skal sende sitt andre utkast på høyring innan søndag 11. oktober. Utkastet sendast til fylkeslaget sine medlemmer, lokallag, bydelslag, politiske utval, studentlag og Vestland SU med informasjon om korleis dei kan gje innspel. Utkastet skal også publiserast offentleg.

Sak 8: Valprogram

34 Frist for å levere innspel til andre utkast er søndag 15. november.

35 **Endeleg framlegg til valprogram**

36 Programnemnda skal på bakgrunn av innkomne innspel lage endeleg framlegg til
37 valprogram, med frist måndag 11. januar 2027.

38

39 **Vedtak**

40 Fylkesårsmøtet i 2027 skal vedta endeleg valprogram. Nye framlegg til programmet
41 må difor sendast til fylkesstyret etter fristar som dei set hausten 2026.

Sak 8: Framlegg til programnemnd

Framleggsstiller: Fylkestyret i Vestland SV

Programnemnd:

- Åsmund Berthelsen, Sunnfjord (leiar)
- Asle Olsen, Bjørnafjorden
- Alexander Papas, Bergen
- Tina Åsgård, Bergen
- Silje Dyrstad, Bremanger
- Hilde Hildal Hauglid, Stord
- Ragnhild Freng Dale, Bergen
- Jona Kvale Svenbalrud (SU)

Sak 9: Mandat og prosess for nominasjon

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV

Målet for nominasjonsprosessen er at Vestland SV skal stille i fylkestingsvalet 2027 med gode kandidatar, som er klare til å gjere ein god jobb fram mot valet – og i det nye fylkestinget.

Fylkesårsmøtet vel ei nominasjonsnemnd med fem medlemmer. Fire er direktevalde og ein er vald av Vestland Sosialistisk Ungdom. Nemnda skal veljast med ein leiar, og konstituerer elles seg sjølv. Nemnda skal få sekretærhjelp frå Vestland SV.

Open innspelsrunde

I løpet av mars skal nemnda sende informasjon til fylkeslaget sine medlemmer, lokallag, bydelslag, studentlag og Vestland SU om korleis dei kan gjere framlegg til kandidatar, og sende andre innspel til nominasjonsnemnda. Frist for å kome med innspel til nemnda skal vere søndag 3. mai 2026.

Nemnda arbeider med dei innspela og framlegga den har fått. Dei skal avklare med dei fremste listekandidatane frå førre fylkestingsval om dei ynskjer å stille på nytt, bekrefte om fremja kandidatar ynskjer å stille, og kan også sjølv leite etter kandidatar.

Krav til fylkestingslista

Nominasjonsnemnda bør innstille på ei liste der det er god balanse mellom ulike grupper, identitetar og livserfaringar. Praksisen med jamn kjønnsbalanse på lista, rangert slik at anna kvar kandidat er av ulikt kjønn, skal som regel ikkje fråvikast.

Elles gjeld reglane for nominasjon og valliste som er i vallova og i relevante forskrifter.

Fyrste runde for listeframlegg

Nominasjonsnemnda skal sende sitt fyrste utkast til fylkestingsliste på høyring til lokallag, bydelslag, studentlag og Vestland SU tysdag 1. september 2026. Desse har 20 dagar på å melde tilbake synspunkt på lista. Altså seinast måndag 21. september.

Endeleg framlegg til fylkestingsliste

Sak 9: Nominasjon

33 Nominasjonsnemnda skal på bakgrunn av innkomne innspel lage endeleg framlegg til
34 fylkestingsliste. Denne lista skal gjerast kjent 30 dagar før nominasjonsmøtet, altså
35 torsdag 8. oktober. Innkalling til nominasjonsmøtet skal også sendast ut same dag.

36

37 **Nominasjonsmøte**

38 Nominasjonsmøtet skal haldast laurdag 7. november 2026. Om fylkesstyret vil endre
39 tidspunktet, skal det avklarast innan to månadar før.

40 Nominasjonsmøtet vedtek eigen forretningsorden. Utsendingar som vil sende inn
41 endringsframlegg til fylkestingslista må gjere dette seinast 5 dagar før møtet. Altså
42 innan måndag 2. november.

43

Dette seier vedtektene til Vestland SV om nominasjonsarbeid for fylkestingsval:

Vestland SV sine vedtekter: <https://vestland.sv.no/vedtekter-for-vestland-sv/>

Kapittel III: Nominasjon til fylkestinget

§ 5 Nominasjon til fylkestinget

Til å stå for nominasjonen har fylkeslaget ei nominasjonsnemnd og eit nominasjonsmøte.

§ 5.1 Val av nominasjonsnemnd

Fylkesstyret legg fram tilråding på medlemmer i nominasjonsnemnd for fylkesårsmøtet året før valåret. Fylkesårsmøte vel nominasjonsnemnda.

§ 5.2 Ansvar og oppgaver

Før nominasjonsnemnda utarbeider sitt fyrste framlegg til valliste skal lokallaga og medlemmer ha høve til å kome med framlegg og innspel til nemnda. Nemnda sitt førsteutkast skal sendast på høyring til lokallaga med rimeleg tilbakemeldingsfrist, før nemnda kunngjer sitt siste framlegg til valliste.

Nominasjonsnemnda sitt endelege listeframlegg skal vere lokallaga i hende seinast 14 dagar før møtet. Elles gjeld dei reglane for nominasjon og listeinnlevering som er gjevne i vallova eller i forskrifter til vallova.

§ 5.3 Innkalling til nominasjonsmøte

Fylkesstyret kallar inn til nominasjonsmøte. Kunngjering må sendast lokallaga seinast 30 dagar før møtet. Nominasjonsmøte skal seinast haldast som eige sær møte på fylkesårsmøtet i valår.

§ 5.4 Samansetjing av nominasjonsmøtet

Nominasjonsmøtet vert sett saman etter same fordelinga som for fylkesårsmøtet.

Framlegg til nominasjonsnemnd

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV

Nominasjonsnemnd:

- Steinar Nørstebø, Bergen (leiar)
- Nils Magne Blålid, Stord
- Lina Kristine T. Vatshelle, Bjørnafjorden
- Vibeke Johnsen, Sogndal
- Vera Floen Larssen (SU)

Framlegg til val av styre

Framleggsstillar: Valnemnda

Fylkesstyre:

Fullt namn	Lokallag	Rolle	På val/ikkje	Vald for
Jarle Brattespe	Bergen	Leiar (AU)	Attval	1 år
Vibeke Johnsen	Sogndal	Politisk nestleiar (AU)	Attval	1 år
Eva Mikkelsen	Bergen	Organisatorisk nestleiar (AU)	Attval	1 år
Asle Olsen	Bjørnafjorden	Økonomiansvarleg (AU)	Attval	2 år
Torstein Gya	Bergen	Fagpolitisk ansvarleg	NY	2 år
Kai Øystein Søvde	Luster	Distriktpolitisk ansvarleg	Attval	2 år
Hilde Hauglid	Stord	Folkevaldansvarleg	NY	2 år
Milkissa Chimdessa Wodajo	Bjørnafjorden	Styremedlem	Attval	2 år
Lasse Turøy	Alver	Styremedlem	NY	1 år

Fylkesstyremedlemmer som ikkje er på val i år:

Bente Nilsen, styremedlem
Erle Liliane Wesenlund, kvinnepolitisk ansvarleg
Jens Revold, Miljøpolitisk ansvarleg

Øvrige representantar i fylkesstyret som ikkje er på val:

Stortingsrepresentant: Marthe Hammer
Gruppeleiar i fylkestinget: Marianne Sæhle
Representant frå SU: Andreas Liheim

Presentasjon av styrekandidatane på val

Leiar

Jarle Brattespe, 40 år, Bergen SV

Utdanna biolog, jobbar som lærar ved Bergen Katedralskole og prosjektleiar på Robin Hood Huset.

Politisk erfaring

Vart verva under ein demonstrasjon mot Irakkrigen i 2003 og har vore aktiv i partiet sidan starten på 10-talet, særleg frå 2013-valkampen. Har sete i bystyret i Bergen, vore miljøpolitisk leiar nasjonalt og i Hordaland og politisk nestleiar i Vestland. Har hatt gleda av å leie Vestland SV det siste året.

Viktigaste SV-saker

Klima og natur, samferdsle og fordeling. Tydeleg nei til Hordfast, tydeleg ja til rassikring, Bybanen og opprusting av Bergensbanen.

Viktigaste prioriteringar framover

Utadretta aktivitet, snakke med folk og banke på dører. Vere meir i kontakt med medlemmane våre og invitere til aktivitet.

Politisk nestleiar

Vibeke Johnsen, 58 år, Sogndal SV

Leiar i HR, Vestland fylkeskommune. Gift, to vaksne barn.

Politisk erfaring

Vara til kommunestyret i Sogndal i 2007, fast representant i 2011, møtt fast i formannskapet sidan 2013. Varaordførar førre periode. Vore styremedlem og tidlegare leiar i Sogndal SV, medlem i fylkesstyret i Sogn og Fjordane SV og leiar dei siste åra før samanslåinga.

1. kandidat for Sogn og Fjordane SV til stortingsvala i 2013 og 2017. Nestleiar i kvinnepolitisk utval i SV (2009-2017). Kvinnepolitisk leiar i Vestland SV, organisatorisk nestleiar og medlem i AU siste året.

Breitt interessefelt politisk, oppteken av rettferdig fordeling av makt og rikdom, internasjonal solidaritet og at vi skal klimakutte og ta vare på naturen vår.

Organisatorisk nestleiar

Eva Mikkelsen, 59 år, Bergen SV

Rådgivar og prosjektleiar i Helse og omsorg, Alver kommune.

Politisk erfaring

Medlem i Fylkesstyret frå 24, organisatorisk nestleiar i Fylkesstyret frå 25, medlem i Samepolitisk råd.

Viktigaste saker i Vestland i kommande periode:

Kommuneøkonomi, oppgradering av Bergensbanen, flaum og rassikring av utsett infrastruktur, sjølvforsyning og berekraftig jordbruk. Organisatorisk:

Oppleving av å høyra til i lokal- og fylkeslag, fleire aktive og yngre medlemmer, aktivitetar som speglar aktuell politikk der folk bur.

Økonomiansvarleg

Asle Olsen, 43 år, Bjørnafjorden SV

Jobbar offshore innan oljeservice.

Politisk erfaring

Inne i andre periode som gruppeleiar i Bjørnafjorden SV. Ein periode i plan-, bygg- og miljøutvalet, i denne perioden i formannskapet. Økonomiansvarleg i Vestland SV.

I rolla som økonomiansvarleg blir det viktigaste å sikra at Vestland SV har ein sunn og berekraftig økonomi.

Fagpolitisk leiar

Torstein Gya, 27 år, Bergen SV

Hovedtillitsvalgt for de raskt voksende medlemmene av Fellesforbundet Hordaland hotell og restaurant i McDonald's. Startet for noen år siden med et par sporadiske medlemmer og ingen tariffavtale til i dag med over 100 medlemmer og tre tariffavtaler.

Politisk erfaring:

2.Vara til bystyret i Bergen og 1.vara til utvalg for miljø og byutvikling(UMBY) og forliksrådet.

Fast medlem i rådet for byforming og arkitektur.

Fast medlem et halvt år i UMBY og forliksrådet.

Tidligere leder for Danmarks plass SV og i dag styremedlem i Laksevåg SV.

Viktigste saker:

Seriøst arbeidsliv, fordeling av makt og penger, sosial boligpolitikk, oppstart av utbygging av bybane til Åsane i løpet av neste periode

Folkevaldansvarleg

Hilde Hildal Hauglid, 52 år, Stord SV

Fødd i ODDA, sambuar, ei dotter, ein hund

Kulturvitar frå UiB

Lektor i vidaregåande skule

For tida frikjøpt for å vera hovudtillitsvald for Utdanningsforbundet i Vestland fylkeskommune

Har vore folkevald i Stord kommune frå 2007. Inne i andre periode som gruppeleiar i kommunestyret og som formannskapsmedlem.

Eg har eit breitt politisk interessefelt, men saker me ha jobba særskild med er naturvern, jordvern, samferdsle, rettar og levekår for menneske med nedsett funksjonsevne. Elles oppteken av feminisme og fagrørsla.

Styremedlem

Lasse Turøy, 33 år, Alver SV

Gift og bosatt på Flatøy i Alver kommune.

Er utdannet energimontør, og er for tiden frikjøpt 100% som hovedtillitsvalgt for EL og IT forbundet i BKK.

Er gruppeleder for SV i Alver kommune, og sitter i min første periode i kommunestyret og i formannskapet. Har vært med i styret i SV siden 2023 og tok nettopp over som leder av Alver SV.

Politiske saker:

Ett samfunn med små forskjeller. Ett trygt og rettferdig arbeidsliv. Og viktig i tiden som kommer er at vi må ta klimaendringene på alvor, sørge for nok fornybar energi på naturens premisser.

Distriktpolitisk ansvarleg

Kai Øystein Søvde, 49 år, Luster SV

Grafisk designar, sveinebrev i Serigrafi. Tillitsvalt sidan 2006, styremedlem i Fellesforbundet avd. 856 sidan 2013. Kasserar i LO i Sogn frå 2016 og Grafisk bransjeråd sidan 2023. Vore med i Luster Røde Kors i fleire år.

Politisk erfaring

Medlem i SV sidan 2021, vore med å gjenstifta lokallaget, vore leiar og fyrste kandidat i kommunevalet 2023. 1. vara i kommunestyret.

Viktigaste saker kommande periode

Trygt arbeidsliv, trygge vegar og godt samferdsle tilbod. Frivilligheita er naudsynt for at me klarar å halde liv i distrikta.

Styremedlem

Milkissa Wodajo, 42 år, Bjørnafjorden SV

Bachelor i undervisning, master i journalistikk og kommunikasjon, PPU i Noreg. Lærer i Etiopia og Noreg. Flyktningkonsulent og lærar i introduksjonsprogrammet.

Politisk erfaring:



Medlem av SV sidan 2020, tidlegare styremedlem i Sogndal SV, leiar for inkluderingspolitiskutval i Vestland SV, og 3. vara til SVs nasjonale styre.
Viktigaste saker:
Mangfald og inkludering, miljø.

Framlegg til landsstyrerepresentantar

Framleggsstillar: valnemnda

Fullt namn	Lokallag	Rolle	På val 2026	Vald for
Jarle Brattespe	Bergen	Fast representant	attval	1 år
Vibeke Johnsen	Sogndal	Fast representant	attval	1 år
Eva Mikkelsen	Bergen	1. vararepresentant	attval	1 år
Kai Øystein Søvde	Luster	2. vararepresentant	attval	1 år
Hilde Hauglid	Stord	3. vararepresentant	ny	1 år
Milkissa Chimdessa Wodajo	Bjørnafjorden	4. vararepresentant	attval	1 år

Framlegg til revisorar

Framleggsstillar: Valnemnda

Fullt namn	Lokallag	Rolle	På val 2026	Vald for
Hege Bjørnør	Bjørnafjorden	Revisor	attval	1 år
Einar Gautefall	Sunnfjord	Revisor	ny	1 år
Audun Syltevik	Bergen	Vara	ny	1 år

Framlegg til valnemnd

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV

Valnemnd:

- Steinar Øydvin, Sogndal (leiar) 2025-27 (ny som leiar)
- Frøydís Olaussen, Bergen, 2025-27
- Bente Nilssen Owren, Bergen, 2025-27
- Gaute Losnegård, Askvoll, 2026-28 (ny)
- Magnus Frydnes, Alver, 2026-28 (ny)
- Simon Cabot (SU) (ny)